Utsetjing/nærare planlegging ?

OVERFØRTE LØYVINGAR FRÅ 2014/2015

Prosjekt	Namn på prosjekt	Rekneskap 2015	Rev. Budsjett	Ubrukt løyving
12900	IKT - INVESTERING	2 019 904	3 250 000	1 230 096
12150	BRANNTRYGGING KYRKJER	-	100 000	100 000
12151	KYRKJELEG FELLESRÅD	1 304 800	4 900 000	3 595 200
21300	INVENTAR OG UTSTYR GRUNNSKULEN	283 299	500 000	216 701
31300	UTSTYR SJUKEHEIMANE/MØBLAR OSPENESV...	-	250 000	250 000
32150	DIGITALISERING AV PASIENTSIGNALANLE...	-	325 000	325 000
40009	MERKING AV TURSTIAR I HERØYFJELLA	-	125 000	125 000
40150	UTSTYR KULTURHUSET	82 795	200 000	117 205
50009	PLANFRI KRYSSING FRØYSTADSKARET	-	24 125 000	24 125 000
50011	SKANNING AV BYGGESAKSARKIV	-	1 500 000	1 500 000
50012	MARINE GRUNNKART	6 250	137 500	131 250
50013	NETTBASERTE KARTTENESTER	-	537 500	537 500
50014	TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK I YSTE SÆVIK...	-	155 000	155 000
50015	TRAFIKKTR.TILTAK - UTSKIFTING VEGLY...	-	200 000	200 000
50016	TRAFIKKTR. TILTAK - INTENSIVBELYSNI...	-	120 000	120 000
50131	MILJØMUDRING FOSNAVÅG HAMN	953 462	1 562 500	609 038
50151	SKARABAKKEN, FORSKOTTERING	-	125 000	125 000
50152	BYUTVIKLING FOSNAVÅG	16 088	312 500	296 412
50153	STRATEGISKE GRUNNKJØP	25 000	17 000 000	16 975 000
51307	ARKEOLOGISKE UTGRAVINGAR 2013 - GEN...	2 736	200 000	197 264
50157	BRANNVESENET, TILHENGAR OG DIV.LAUS...	8 356	662 500	654 144
50158	NØDNETTRADIOAR	-	215 000	215 000
50159	BRANNVESENET, VASKEMASKIN/TØRKETROM...	-	200 000	200 000
51102	BUSTADAR UNGE FUNKSJONSHEMMA	2 626 500	5 562 500	2 936 000
51150	MJØLSTADNESET - ETAPPEVIS UTBYGGING	468 165	1 237 500	769 335
51151	MJØLSTADNESET - MYRDEPONI	-	1 000 000	1 000 000
51153	DIV. UTSTYR OG BILAR	1 037 240	1 130 000	92 760
51154	ARBEIDSBIL MED KRAN	484 422	500 000	15 578
51205	LEIKANGER SKULE - TILKOMST, SNUPLAS...	-	855 000	855 000
51206	NY BRANNBIL	-	3 700 000	3 700 000
51209	TRAFIKKTRYGGING 2015	12 710	4 385 000	4 372 290
51210	MYRABAKKEN BUSTADFELT MOLTU, OPPARB...	-	625 000	625 000
51304	KAI VED STRANDTEIGEN	-	1 687 500	1 687 500
51350	VEGARM MYKLUBUST - CAMPUS	20 784 730	22 450 000	1 665 270
51402	OMBYGGING AV TAK - MYRVÅG OMSORGSS...	2 882 293	3 750 000	867 707
51411	DRENERINGSGRØFTER BYGGEFELT	158 520	1 175 000	1 016 480
51912	KLOAKKRAMMEPLANEN	12 770 670	15 000 000	2 229 330
51916	INFRASTRUKTUR BYGGEFELT	317 445	6 650 000	6 332 555
51941	YMSE VEGLYSANLEGG	144 378	500 000	355 622
60106	REHABILITERING KULTURHUSET	59 655	-	-59 655
60402	RIVING FRØYSTAD SKULE	297 093	1 000 000	702 907
61502	NY GUL AVDELING	1 459 895	50 350 000	48 890 105
61504	SAMLOKALISERING DAGTILBOD	-	625 000	625 000
61506	FLYTTING AV IKT/FRIVILLIGHETSSENTRA...	-	625 000	625 000
61507	OMBYGGING HERØY RÅDHUS	-	312 500	312 500
61508	PLANLEGGINGSMIDLAR HERØY KULTURHUS	-	250 000	250 000
61509	PLANLEGGING AV IDRETTSHALL EINEDALE...	-	312 500	312 500
61511	BILAR TIL EIGEDOMSAVDELINGA	326 900	750 000	423 100
61512	KJØP AV LIFT	-	625 000	625 000
61513	ENØK-INVESTERINGAR	203 296	1 250 000	1 046 704
61514	OPPGRADERING AV LEIKEPLASSAR	345 178	1 250 000	904 822
61515	UTBETRING AV MOLTU SKULE INKL. PLAN...	-	625 000	625 000
61517	RIVING AV EGGESBØVEGEN 20	167 571	1 250 000	1 082 429
61518	BRANNSIKRING AV UTLEIGEBUSTADAR	-	500 000	500 000
61520	PLANLEGGING MYRVÅG OMSORGSSENTER	-	250 000	250 000
	SUM	49 249 351	186 885 000	137 635 649

Slik var stoda 1. november. Fleire av prosjekta er i gong og det vil påløpe kostnader dei neste 2 månadane slik at unytta løyvingar vil minke ein del fram mot nyttårsskiftet.

År 2016 - INVESTERINGAR

Økonomiplan 2016 - 2019

prioritering av tiltak

Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Lån
Kyrkjeleg fellesrå. Gravplass + brannsikring +	2 600 000			2 600 000
Felles IKT investeringar	2 000 000			2 000 000
Investeringsmidlar SSIKT	1 350 000			1 350 000
Ny bil IKT	200 000			200 000
Inventar og utstyr, skulane	400 000			400 000
Utstyr sjukeheimane	200 000			200 000
Div møblar, kvitevarer etc kulturhuset	260 000			260 000
Arkeologiske utgravingar	200 000			200 000
Byutvikling Fosnavåg	250 000			250 000
Fosnavåg hamn - Miljømurdring	1 250 000			1 250 000
Skarabakken, Utbygging/utbetring (forskottering)	13 200 000			13 200 000
Scanning av byggesaksarkiv. Tilleggsøyving	200 000			200 000
Kloakkutbygging	10 000 000			10 000 000
Mjølstadneset industriområde - etappevis utbygg.	4 500 000			4 500 000
Myrabakken bustadfelt, Moltu	6 500 000			6 500 000
Vike-Toftedal. Restopparbeiding tekniske anlegg	750 000			750 000
Ny barneskule Bergsøy. Bygning	1 000 000			1 000 000
Brannsikring Formålsbygg	500 000			500 000
Enøk tiltak	1 000 000			1 000 000
Oppgradering Herøy kulturhus	2 900 000			2 900 000
Herøy omsorgssenter. Brannører etc	1 850 000			1 850 000
Herøy rådhus - heis, brannører, toalett, uteområde	900 000			900 000
Leikong skule. Tilbygg og rehabilitering	9 550 000			9 550 000
Nedre Dragsund 2 (Fristad) Mindre ombygging + oppgradering	500 000			500 000
Opparbeiding av leikeplassar	1 000 000			1 000 000
Sum	63 060 000			63 060 000

Forskottingar. Kan lånefinansierast. Skal ikkje bereknast avdrag frå låneopptak til forskottingane er oppgjort.

Kloakkutbygginga er sjølvfinansierande og renter og avdrag vert ikkje belasta kommunens ordinære drift.

Område skal klargjerast for sal og såleis er det meininga at dette skal finansierast og godskrivas av tomtefondet. men ein må nok lånefinansiere utbyggingane i 2016 då ein ikkje har nok midlar på tomtefondet per dato.

Lånebehov år 2016 blir såleis kr 63.100.000,-. Renteberande i drifta vert kr 53.100.000,-

Rentesats 1,7 % gir ei årleg rentebelastning på kr 950.000,-.

Ekstra avdrag frå 2017 blir då kr 1.100.000,- forutsett 40 års avdragstid og at ein belastar avdrag for alle prosjekt med unntak av forskotting Skarabakken og VAR området (sjølvfinansierande - kr 10.000.000,-)

År 2017 - INVESTERINGAR
Økonomiplan 2016 - 2019
prioritering av tiltak

Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Lån
Kyrkjeleg fellesrå. Gravplass + brannsikring +	1 200 000			1 200 000
Felles IKT investeringar	2 000 000			2 000 000
Investeringsmidlar SSIKT	390 000			390 000
Inventar og utstyr, skulane	100 000			100 000
Utstyr sjukeheimane	200 000			200 000
Div møblar, kvitevarer etc kulturhuset	150 000			150 000
Arkeologiske utgravingar	200 000			200 000
Grunnkjøp	3 000 000		3 000 000	-
Trafikktrygging	1 500 000			1 500 000
Kloakkutbygging	10 000 000			10 000 000
Nørvåg. Oppgradering og etablering av fortau m.m.	4 000 000			4 000 000
Dragsund bustadfelt	600 000		600 000	-
Mjølstadneset industriområde - etappevis utbygg.	4 500 000		4 500 000	-
Ny Bergsøy skule - infrastruktur	500 000			500 000
Ny barneskule Bergsøy. Bygning	1 000 000			1 000 000
Brannsikring Formålsbygg	500 000			500 000
Enøk tiltak	1 000 000			1 000 000
Herøy ressurscenter	500 000			500 000
Nedre Dragsund 2 (Fristad) Mindre ombygging + oppgradering	10 960 000			10 960 000
Riving av sjukeheimsveien 5B (Gul avdeling)	1 500 000			1 500 000
Sum	43 800 000	-	8 100 000	35 700 000

Kloakkutbygginga er sjølvfinansierande og renter og avdrag vert ikkje belasta kommunens ordinære drift.

Område skal klargjerast for sal og såleis er det meininga at dette skal finansierast og godskrivast av tomtefondet.

Lånebehov år 2017 blir såleis kr 35.700.000,-. Renteberande i drifta vert kr 25.700.000,-

Rentesats 1,85 % gir ei årleg rentebelastning på kr 500.000,-.

Ekstra avdrag frå 2018 blir då kr 650.000,- forutsett 40 års avdragstid og at ein belastar avdrag for alle prosjekt med unntak av forskottering Skarabakken og VAR området (sjølvfinansierande - kr 10.000.000,-)

År 2018 - INVESTERINGAR
Økonomiplan 2016 - 2019
prioritering av tiltak

Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Lån
Kyrkjeleg fellesrå. Gravplass + brannsikring +	1 700 000			1 700 000
Felles IKT investeringar	2 000 000			2 000 000
Investeringsmidlar SSIKT	375 000			375 000
Inventar og utstyr, skulane	100 000			100 000
Utstyr sjukeheimane	200 000			200 000
Div møblar, kvitevarer etc kulturhuset	100 000			100 000
Arkeologiske utgravingar	200 000			200 000
Grunnkjøp	3 000 000		3 000 000	-
Trafikktrygging	1 500 000			1 500 000
Kloakkutbygging	10 000 000			10 000 000
Dragsund - etablering av næringsområde	4 500 000		4 500 000	-
Ny Bergsøy skule - infrastruktur	4 000 000			4 000 000
Ny barneskule Bergsøy. Bygning	158 000 000			158 000 000
Brannsikring Formålsbygg	500 000			500 000
Enøk tiltak	1 000 000			1 000 000
Herøy ressurscenter	39 000 000			39 000 000
Ny driftsbasis Eggesbønes	500 000			500 000
Rehabilitering m.m. Ytre Herøy Ungdomsskule	500 000			500 000
Einedalen, Fleirbrukshall	250 000			250 000
Sum	227 425 000	-	7 500 000	219 925 000

Kloakkutbygginga er sjølvfinansierande og renter og avdrag vert ikkje belasta kommunens ordinære drift.

Område skal klargjerast for sal og såleis er det meininga at dette skal finansierast og godskrivast av tomtefondet.

Lånebehov år 2018 blir såleis kr 219.925.000,-. Renteberande i drifta vert kr 209.925.000,-

Rentesats 2,0 % gir ei årleg rentebelastning på kr 4.200.000,-

Ekstra avdrag frå 2019 blir då kr 5.200.000,- forutsett 40 års avdragstid og at ein belastar avdrag for alle prosjekt med unntak av VAR området (sjølvfinansierande - kr 10.000.000,-)

År 2019 - INVESTERINGAR		Økonomiplan 2016 - 2019		
		prioritering av tiltak		
Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Lån
Kyrkjeleg fellesrå. Gravplass + brannsikring +	3 000 000			3 000 000
Felles IKT investeringar	2 000 000			2 000 000
Investeringsmidlar SSIKT	375 000			375 000
Inventar og utstyr, skulane	100 000			100 000
Utstyr sjukeheimane	200 000			200 000
Arkeologiske utgravingar	200 000			200 000
Grunnkjøp	3 000 000		3 000 000	-
Trafikktrygging	1 500 000			1 500 000
Kloakkutbygging	10 000 000			10 000 000
Dragsund - etablering av næringsområde	4 500 000		4 500 000	-
Brannsikring Formålsbygg	500 000			500 000
Enøk tiltak	1 000 000			1 000 000
Ny driftsbasis Eggesbønes	61 400 000			61 400 000
Einedalen, Fleirbrukshall	45 000 000	21 500 000		23 500 000
SUM	132 775 000	21 500 000	7 500 000	103 775 000

Kloakkutbygginga er sjølvfinansierande og renter og avdrag vert ikkje belasta kommunens ordinære drift.

Område skal klagjerast for sal og såleis er det meininga at dette skal finansierast og godskrivast av tomtefondet.

I tilskottssummen har ein lagt inn 10,0 mill i spelemidlar, 7,0 mill i RDA tilskott, 4,5 mill i andre tilskott. Dette er kommunen sitt prisoverslag med eit bygg på om lag 2.000 kvm og 70 nye parkeringsplassar.

Bergsøy IL Handball har kostnadsrekna hallen til 23,4 mill eks mva. Her ligg det ikkje inne fleire parkeringsplassar, ikkje rom for styrketrening og ikkje tribunekapasitet. Ukjent om BIL Handball sitt forslag inneheld nok midlar til inventar og utsyr dersom den også skal nyttast til skuleføremål og evt andre idrettar. Usikkerheit knytt til mva kompensasjon for tilskottssummene i begge alternativa.

Lånebehov år 2019 blir kr 113.675.000,- (ink tippemiddelforskottering). Renteberande i drifta vert kr 103.675.000.000,- Rentesats 2,0 % gir ei årleg rentebelastning på om lag kr 2.100.000,- per år.


Ekstra avdrag frå 2020 blir då kr 2.600.000,- forutsett 40 års avdragstid og at ein belastar avdrag for alle prosjekt med unntak av forskottering tippemiddelforskotteringa (10,0 mill) og VAR området (sjølvfinansierande - kr 10.000.000,-)

	2016	2017	2018	2019	2020
Berekna rammer *)	7 540 000	7 890 000	7 405 000	6 920 000	6 920 000
Nye driftstiltak	(8 570 000)	(7 680 000)	(7 680 000)	(7 680 000)	-7 680 000
Bruk (-)/styrking (+) av disposisjonsfond					
Avsetjing til disp fond					
Kostnader val i 2017 og 2019		350 000		350 000	
Eigesomsskatt *)		(7 000 000)	(14 000 000)	(14 000 000)	-14 000 000
Bruk av driftsmidlar netto (drift og investering)	(1 030 000)	(6 440 000)	(14 275 000)	(14 410 000)	(14 760 000)
Rente/avdragsbelastning nye låneopptak					
Inv. 2016	950 000	2 050 000	2 050 000	2 050 000	2 050 000
Inv. 2017		500 000	1 150 000	1 150 000	1 150 000
Inv. 2018			4 200 000	9 400 000	9 400 000
Inv. 2019				2 100 000	4 700 000
Reduserte rentekostnader 25 mill i årlege avdrag		(460 000)	(950 000)	(1 450 000)	-2 000 000
Sum auka finanskostnader	950 000	2 090 000	6 450 000	13 250 000	15 300 000
Avvik i høve til ramma	(80 000)	(4 350 000)	(7 825 000)	(1 160 000)	540 000

Samla overskot (minus) / underskot (pluss) i planperioden -13 415 000

Når vi fører avdrag etter minsteavdragsprinsippet kjem avdragskostnadane først til syne gjennom aktiveringar i balanserekneskapan året etter at investeringa/låneopptaket er gjort.

*) For å kunne finansiere investeringane frå og med 2017 treng ein større inntekter evt lavare kostnader for å drifte kommunen. For å illustrere dette har vi lagt inn eigedomsskatt (anslag) frå 2017 (halvt års verknad) på bustad- og fritidseigedomar. Tala er henta frå rådmannen i Ulstein sitt budsjettforslag for 2016 då Herøy og Ulstein er nokså like med omsyn til talet på bustadeigedomar. For å etablere eigedomsskatt må ein rekne med at ein person vert engasjert på 100% basis i minimum 1 år (prosjektleiar).



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja

6090 Fosnavåg

SÆRUTSKRIFT

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

11. NOVEBER 2015

SAK 28/15

ARKIV 501

Auke i festeavgiftene ved gravplassane i Herøy

Herøy kyrkjelege fellesråd kom med slik samrøystes tilråding:

- 1 Herøy kommunestyre vedtek at festeavgifta i Herøy vert auka frå kr. 130 til kr. 150 p.r. år for ei enkel grav.
1. Auken gjeld frå 01.01.16
2. Festeavgifta vert kravd inn for 10 år om gangen.

Fosnavåg, 16.11.15

Marit Sævik Leinebø

Kyrkjeverje

Ekspd.: Herøy kommune



AUKE I FESTEAVGIFTENE VED GRAVPLASSANE I HERØY

Etter Lov om Kirkegårder, kremasjon og gravferd § 21 skal "Avgifter for bruk av gravkapell, kremasjon og feste av grav fastsettes av kommunen etter forslag fra fellesrådet"

Satsane for festeavgift vert å sjå på som ei forskrift og skal handsamast på same måte som andre kommunale avgifter, og dei skal soleis leggest ut til offentleg høyring samstundes som kommunen sitt driftsbudsjett ligg ute til høyring.

Satsane for feste av grav i Herøy vart sist endre pr. 01.01.2014 og dei hadde då vore uendra sidan 01.01.11.

Pr. d.d. er festeavgifta i Herøy kr. 130 for eitt år for ei grav. Dersom det er 2 graver i eit gravfeste vert avgifta kr. 260 for året. Ei festeperiode er 20 år, og det har vore fakturert for 10 år om gangen (kr. 1300/2600 for 10 år)

Det vert sendt ut faktura til graver der det er 20 år og 40 år etter siste gravlegging.

Alle har rett på fri grav dei første 20 åra, dvs det vert ikkje kravd inn festeavgift for den grava som vert teken i bruk men dersom det ved eit dødsfall vert sett av ei festegrav (1 ekstra grav i tillegg til den som vert nytta) vert det kravd festeavgift for denne grava frå det tidspunkt ho vert sett av.

Festeavgiftene er ei viktig inntektskjelde for Herøy kyrkjelege fellesråd, og det er gjennom innkrevjing av festeavgift at ein kjem i kontakt med den som har ansvar for stell av grava. Ved utsending av krav om festeavgift får ein oppdatert det edb-baserte gravregisteret og ein kan evt. få sletta graver som ingen vil/kan ha ansvaret for lenger

Satsane for festeavgiftene i Herøy utgjer altså for tida kr. 100 pr. år. Dette er ei svært låg avgift både i høve til arbeidet med å administrere dette arbeidet samt nivå for denne avgifta i våre nabokommunar. Om vi samanliknar oss med nærliggande kommunar ser tabellen slik ut:

KOMMUNE	KR. PR. ÅR
Herøy	KR. 130
Sula	KR. 114 (skal justerast)
Ulstein	KR. 117
Hareid	KR. 150
Ørsta	KR. 120
Hareid	KR. 150
Sande	KR. 50

Dersom festeavgifta i Herøy skulle vore regulert dei siste 2 åra (3,5%) ville ein kome ut med eit forslag på 139,25 kr. 01.01.2016

Fellesrådet må no vurdere om ein vil auke festeavgifta i tråd med anna avgiftsauke i kommunen. Av omsyn til budsjettsituasjonen vil kyrkjeverja rå til at festeavgifta vert auka til kr. 140 pr. år for ei enkel grav.

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek at festeavgifta i Herøy vert auka til kr. 140 p.r. år for ei enkel grav.
2. Auken gjeld frå 01.01.16
3. Festeavgifta vert kravd inn for 10 år om gangen.

Fosnavåg, 04.11.15


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2012/2425
		Arkiv:	Q80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
224/15	Formannskapet	01.12.2015
193/15	Kommunestyret	10.12.2015

NERLANDSØYBRUA - UTTALE TIL FORPROSJEKTRAPPORT OM NY BRU TIL NERLANDSØYA.

Møtebehandling:

Saka vart handsama fyrst i møte.
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte og orienterte.
Høgre, Krf og Frp kom med slikt nytt framlegg til tilråding:

Herøy kommunestyre ber Statens vegvesen utgreie alternativ 6 med 30 og 20 meters seglingshøgde.
Herøy kommunestyre vil ikkje ta stilling til saka før alternativ 6 er utgreia.

I tillegg ber Herøy kommunestyre også om at alternativ (tidl. forkasta) parallelt med dagens bru, men ved ilandføring lenger aust på Igesund, jfr. Vedlagte skisse.
Herøy kommunestyre ber og om at det vert lagt fram uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

Tilråding i Formannskapet - 01.12.2015

Herøy kommunestyre ber Statens vegvesen utgreie alternativ 6 med 30 og 20 meters seglingshøgde.
Herøy kommunestyre vil ikkje ta stilling til saka før alternativ 6 er utgreia.

I tillegg ber Herøy kommunestyre om at alternativ (tidl. forkasta) parallelt med dagens bru, men ved ilandføring lenger aust på Igesund, jfr. vedlagte skisse, vert utgreia.

Herøy kommunestyre ber og om at det vert lagt fram uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

Tilråding:

Herøy kommunestyre rår fylkestinget til å velje brualternativ 11 som framtidig kryssing til Nerlandsøy og at bruhøgda vert førande for Remøybrua.

Særutskrift:
Møre og Romsdal fylke, samferdselsavdelinga
Statens vegvesen, region Midt, v/Rolf Arne Hamre
Adv. Ingvar H Seth, Pb 16, 6001 Ålesund.

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Oppfølging av innspel frå Leif Morten og Therese Igesund
- 2 Kart
- 3 Forslag til framtidig veg- og brutrase til Nerlandsøy
- 4 Forprosjektrapport Statens vegvesen 21.11.2015

Statens vegvesen sine dokumenter på nett:

<http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv18fv20heroybruer/alter-nativ-nerlandsoya>

Saksopplysningar:**Generelt om brua**

Nerlandsøybrua tilhøyrer bruer som vart bygd på 60-70 talet som har slanke konstruksjonar, liten overdekning og relativt låge sementmengder. Alle desse faktorane bidreg til at fleire av bruene slit med korrosjonsskader. Det er gjennomført tilstandsregistrering av eksisterande bru over fleire år. Nerlandsøybrua har skader grunna armeringskorrosjon.

Frå forprosjektrapporten som er utarbeidd av Statens vegvesen er det vist til at for å stoppe armeringskorrosjon er montering av katodiske anlegg ein metode som er brukt i Norge. Det er vanskeleg å få gode resultat med tradisjonelle betongreparasjonar. Eksisterande katodisk anlegg frå 90-tallet er utslitt og gir kun delvis beskyttelse av armeringa på brua. Over tid vil dette føre til blant anna avskalningar av betong, tverrsnittreduksjon av armering og ein reduksjon av bereevne som den mest kritiske konsekvensen.

Statens vegvesen viser til at ved å bruke katodisk beskyttelse kan ein forlenge levetida til ein konstruksjon eller konstruksjonsdel dersom den er infisert av klorider. På denne type bru er det mest sannsynleg kun katodiske anlegg med ledande maling som kan nyttast. Brua ligg i vêrhardt strøk, og det er få katodiske anlegg som er robuste nok til å tåle påkjenningane her. Då brua har riss m.m., kan det vere tvil om det kan monterast eit fullgodt katodisk anlegg. Levetida på et KB-anlegg er rundt 20 år. Kostnader for et KB-anlegg for denne brua vil typisk ligge mellom 25-35 mill. kroner. Dette anlegget må då skiftast ut att etter ca. 20 år.

Statens vegvesen skisserer og mulege tiltak i påvente av ny bru som lysregulering, regulering av bruk av møteplass, nedsetting av akseltrykk, fjerning av asfalt/betongdekke, forsterkning m.m.

Brua har i tillegg ein del riss og sprekker som kan ha oppstått på grunn av overbelastning eller omlagring av krefter. Dette kan også få konsekvensar for framtidig bruk av brua. Brua har blant anna fått påført ei ekstra last på 90-talet i form av eit betong-/asfaltdekke.

Seglingsled og skipstrafikk

Nerlandsøybrua har ei seglingsled som er 20 meter høg (over spring høgvatn), 19 meter brei og 5 meter djup. Både Kystverket og kommunen har signalisert ønskje om bru med høgare seglingshøgde enn det ein har i dag. Dette er bakgrunnen for at

Statens vegvesen gjennom forprosjektet er sett på andre løysingar som alternativ til bru, bl.a. fjelltunnel og betongtunnel.

Det skal gjennomførast eitt tilsvarande forprosjekt for Remøybrua. Resultata frå forprosjektet for Nerlandsøybrua vil bli retningsgjevande for kva løysingar ein utgreier for Remøybrua.

Forprosjektet

Forprosjektet har utgreidd følgjande hovudalternativ:

- Fjelltunnel
- Betongtunnel (senketunnel)
- Bruer

Effekt mål som er lagde for prosjektet er:

- Vegløysinga skal erstatte dagens fastlandssamband til Nerlandsøya og legge til rette for å oppretthalde dagens tillate akseltrykk på fv. 20.
- Vegløysinga skal avklare eventuelle konflikthar med Kystverket sine planar og ønske, og koordinerast med desse i den grad dette er teknisk og økonomisk mogleg.
- Løysinga skal legge til rette for framkomelegheit og tryggleik for mjuke trafikantar.
- Løysinga skal ikkje medføre store konflikthar med avvikling av trafikken i anleggstida.

Statens vegvesen har i forprosjektet og gjort kostnadsoverslag på $\pm 25\%$ på alternativ som har sett nærare på. Forprosjektet er utarbeidd i dialog med ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå kommunen, Kystverket, fylkeskommunen og Statens vegvesen si prosjektleiing. I møta er alternative løysingar presenterte og vurderte.

For brualternativa har det rådgivande ingeniørselskapet Rambøll gjennomført ein skipstrafikkanalyse. Dei har gjort avklaringsar om sjøtransport med Kystverket og andre interessentar i området. Det er gjennomført grunnboringsar for brualternativa, og utarbeidd geoteknisk rapport. På grunn av store kulturverninteresser og stort potensial for arkeologiske funn i områda ved Søre Vaulen, er det gjennomført møte med og innhenta uttale frå fylkeskommunen si kulturavdeling. Arbeidet er elles basert på møter/synfaringar med grunneigarar/interessentar og innhenting av kjent kunnskap.

Statens vegvesen si tilråding, basert på det gjennomførte forprosjektet, er at brualternativ 9 og 11 ny bru parallelt med noverande bru som dei alternativa som har lågast investeringskostnad og har den sikraste anleggsgjennomføringa. Alternativa er også dei beste når det gjeld landskapstilpasning og tek størst omsyn til stadsutvikling og eksisterande busetnad. Statens vegvesen tilrår på eit fagleg grunnlag Møre og Romsdal fylkeskommune å gå vidare med desse alternativa og gjennom politisk behandling avklare seglingshøgda.

I vedlagde rapport er dei ulike alternativa skildra.

Forprosjektrapporten har kostnadsoverslaga over dei ulike alternativa. Kostnadsrapportane er utarbeidd i samsvar med Statens vegvesen si handbok 217 «Anslagmetoden».

Tabellen under er ei oppsummering av hovudresultata frå kostnadsberekningane:

Kostnader i mill. kr	Tunnel	Betong-tunnel	Brualternativ 5 SH = 30 m	Brualternativ 9 SH = 20 m	Brualternativ 10 SH = 20 m	Brualternativ 11 SH = 30 m
Kostnad (P50)	685	1439	398	362	374	386

SH = Seglingshøgde

Investeringar er på dette stadiet berekna innanfor ein usikkerhetsmargin på +/- 40 % for fjelltunnel og betongtunnelalternativ og +/- 25 % for brualternativa. Kalkulasjonane for dei ulike alternativ har imidlertid noko ulikt standardavvik.

Tabellen nedanfor viser at det er størst usikkerheit knytt til fjell- og betongtunnel alternativa.

Kostnader i mill. kr	Tunnel	Betong-tunnel	Brualternativ 5	Brualternativ 9	Brualternativ 10	Brualternativ 11
Nedre verdi (P15)	410	850	299	271	280	289
Øvre verdi (P85)	960	2000	498	452	467	482
Relativt standard-avvik	16,5 %	13,9 %	9,3 %	9,2 %	9,3 %	9,0 %

Vurdering og konklusjon:

Nerlandsøybrua er ei 405 meter lang betongbru som bind saman Bergsøya med Nerlandsøya. Brua har ei generell bredde på 3,5 meter mellom kantsteinane. På toppen av brua er det ein 6,0 meter brei møteplass, og eit skarpt uoversiktleg høgbrekk. Sjølv om det er møteplass på toppen, er det visse problem med trafikkavviklinga når fleire bilar møtast.

Saka om bruene starta for alvor november 2012 og er følgt opp med møter og korrespondanse mellom ulike partar framover til dags dato. I formannskapsmøte den 4.2.2014 vart det gjort slikt vedtak:

«Formannskapet ber administrasjonen om å ta initiativ til å opprette ei tverrfagleg arbeidsgruppe mellom Statens Vegvesen, Kystverket og kommunen med sikte på å koordinere og planlegge ny forbindelse som erstatning for dagens bruer på Søre og Nøre vaulen.

Ein føresetnad at arbeidet vert effektiv og målretta for at øysamfunna skal få realisert ei rask og framtidsretta samferdselsløyning.»

Frå kommunen si side er det utviklingsleiar og rådmann som har følgd prosessen saman med ordførar.

Frå kommunen si side har det vore vist til at –

Det vil vere viktig for kommunen at ein ser på ulike alternativ med omsyn til kryssing slik at beslutningsgrunnlaget vert best mogleg når ein skal velje kva løysing ein går for.

Merknad frå adv. Ingvar H Seth på vegne av Leif Morten og Therese Igesund.

Advokat Ingvar H Seth framfører på vegne av grunneigar Leif Morten og Therese Igesund merknadar knytt til brualternativ 6 vart valgt bort i prosessen. Advokat Seth viser til i sin merknad at :

Det en eventuell omregulering og framføring av veg gjennom det nylig regulerte området på Nerlandsøya medfører av ulemper for de som bor der, må veies opp i mot fordelene som alternativ nr. 6 representerer for ekteparet Igesund,. Det en da står overfor er den klassiske vurdering, landbruk mot andre økonomiske interesser

og vidare

Vern av dyrket mark og opprettholdelse av eksisterende bruk er noe de aller fleste i dag er opptatt av, og da må det være mulig å prioritere og tenke ulike tanker før en eventuelt konkluderer.

Saman med merknaden er det lagt ved ei skisse til mogleg vegtrasè.

Merknaden med kart ligg ved saka i si heilhet.

Kommentar:

Rådmannen viser til møtet den 5 september 2014 der ein kom fram til at *Brualternativ 6 kjem i konflikt med turisme og bustadområde på Nerlandsøya.*

Bakgrunnen for denne vurderinga var at brua ville «lande» midt i eit nyregulert område for busetnad og turisme og at alternativet hadde direkte nærføring med eksisterande busetnad i området. Herøy kommunestyre har med reguleringsplanar i 2008 (Kvalsund-Teige) og seinast i november 2013 (Kvalsund) lagt klare føringar for arealbruken i dette området. I tillegg til dette er det som sagt oppført to nye bustadar som vart ferdigstilte i 2010. Brualternativ 6 ville få sær negative ulemper for desse. På bakgrunn av kommunestyret sine vedtak og sine prioriteringar med omsyn til arealbruk, mindre ein eitt år tilbake i tid då møtet vart halde, rådde kommunen til å gå vidare med andre alternativ og ikkje gå vidare med alternativ 6.

Rådmannen står fast på at brualternativ 6 vil vere meir negativ for busetnaden på Nerlandsøya enn alternativ 9 og 11.

Innspel frå Harald Igesund

Vedlagt til saka ligg eit innspel til trasèval frå Harald Igesund. Innspelet vert lagt ved saka og oversendt til Statens vegvesen for vurdering.

Skipstrafikk

Kystverket på si side i prosessen har vist til at dagens seglingsled legg begrensningar på fiskeflåten. Dei største fiskebåtane er i dag 26,3 meter høge og andre rederi vil også følgje etter og bygge tilsvarande høge båtar. Kystverket viser og til planen frå 2009 om utbetring av skjerma led mellom Nerlandsøy/Remøy og Bergsøy/Leinøy, der det er lagt opptil at leda får tilstrekkeleg djupne og breidde. Leda er også brukt av trafikk i transitt langs kysten. Tiltaket vil bidra til auka framkommelegheit og auka sikkerhet.

Det går fram av forprosjektet at hurtigruta har avtale med staten fram til 2020 om bruk av Torvika som hamn. Frå rapporten kan ein lese at det ikkje kan utelukkast at Fosnavåg, som ligger meir sentralt og har fleire brukarar av hurtigruta, blir ei meir attraktiv hamn for hurtigruta i framtida. Ei utviding av seglingsleden gjennom Vaulane kan vere attraktiv for ekspedisjonsturisme i området. Ein del av hurtigruta sine skip i området har ei høgde på 29 meter. Det er derfor heilt klart at Fosnavåg kun kan vere interessant for Hurtigruta dersom bruene blir minst 30 meter høge. Med andre ord vil det vere store forventningar knytta til framtidig skipstrafikk gjennom Søre Vaulen og Nordre Vaulen.

Herøy kommune har med sine planar vist til at ein ynskjer å legge til rette for ei ny kai i ytre del av Fosnavåg. Dette kan gi Fosnavåg ein konkurransefordel med omsyn til si plassering langs riksveg nummer 1 og soleis tiltrekkjer seg fleire skip til området. Ei større seglingsled vil opne opp for større skipstrafikk, også for dei som i dag seglar sør for Bergsøya og Leinøya.

Eit sentralt punkt har vore kva krav Kystverket vil sette til det nye seglingsløpet. Standard høgdekrav for biled er på 30 m høgde, men fartøybehovet på staden kan både gje auka og minska seglingshøgde (uavhengig av om det heiter hovud- eller biled). I forslag til ny farledsnormal (ikkje godkjent) blir det lagt opp til at seglingshøgdene skal aukast.

Økonomi

I investeringsprogram for fylkesvegvar for perioden 2014-23 har Møre og Romsdal fylkeskommune sett av 370 mill. kroner til ny Nerlandsøybru.

I forslaget til fylkeskommunen (fylkesutvalet 17 november 2015) sitt budsjettforslag for periode 2016 -2019 har prosjektet fått auka rammer som vist nedanfor:

Tillegg Samferdsel (mill kr)

Investering	2016	2017	2018	2019	Sum
Mindre tiltak	+5	+5			+10
Mindre tiltak bruer	+5	+5	+5	+5	+20
GS-veger		+20	+10	+10	+40
Nerlandsøybrua		+20	+60	-20	+60
Ferjekai Liabygda	+44	-38,5	-5,5		0
Sum	+54	+11,5	+69,5	+5	+130

Dekning ved tilpasningar av øvrige investeringsprosjekt.

Oppsummering

Herøy kommune skal vere offensiv, framtidsretta og gjere bevisste strategiske val. Ein skal saman utvikle lokalsamfunnet slik at det er attraktivt for turistar, busetting og skape gode vekstvilkår for næringslivet. Dette skal ein gjere ved å samhandle, ha god kommunikasjon, god medverknad og vere nytenkande.

I Herøy er det tradisjon for å satse på prosjekt og tiltak som gjev positive ringverknadar i lokalsamfunnet på kort og lang sikt og kommunen si rolle er å leggje til rette for m.a bustadutvikling og næringslivsvekst i kommunen. Ein strategi ein har nedfelt er m.a næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg.

Ein er vidare opptatt av at kommunikasjonsaksane inn og ut av kommunen og i regionen bør samsvare best med aksane som styrkar komplementariteten for kommunane. Ei klar målsetjing er å styrkje Fosnavåg som kommunesenter og sikre trygge vegsamband på land og farleier til sjøs. Strategien som skal leggest til grunn er å arbeide for framtidsretta kryssingar av fjordane.

Saka om brukryssinga til Nerlandsøya vil vere førande for Remøybrua som og skal erstattast. Kva bru høgde som vert valgt vil og vere avgjerande for korleis farleda gjennom Vaulane skal utviklast på sikt. Rådmannen er samd i skildringa som statens vegvesen framfører med omsyn til fordelar og ulempar for alternativ 9 og 11. Det er vist til at m.a at alternativ 9 og 11 gir sikker anleggsgjennomføring, god landskapstilpasning og lågast kostnad av brualternativa. Dei mest vesentlege ulempene er knytt til kulturminner og landbruk.

Rådmannen vurderer saka som strategisk viktig for utvikling av kommunesenteret Fosnavåg med omsyn til ny vekst og utvikling innanfor fleire områder framover. Ein støttar statens vegvesen si tilråding at brualternativ 9 og 11, ny bru parallelt med noverande bru, vert vurdert som dei beste alternativa. Heilskapleg sett meiner rådmannen at alternativ 11 vil vere det mest framtidsretta og gi dei beste vekstvilkåra for lokalsamfunnet på sikt og i tråd med dei mål og strategiar som er nedfelt i gjeldande samfunnsplan.

Staten vegvesen sine dokumenter i prosjektet finn ein på denne lenka her:
<http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv18fv20heroybruer/alternativ-nerlandsoya>

Fosnavåg, 22.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Ⓟ 12/24/25 WSV

Kopi: Ordf.

Engelsen

Herøy kommune
Ordføreren
6090 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbet. JM
- 3 NOV. 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Ingvar H. Seth (H)
Torgeir H. Langva
Christian Garmann
(H): Møterett for Høyesterett

Merete Lossius Opdahl
Guri Falck Kristensen

Adv.flm. Sjur Engelsen Lange

Vår ref.:

IHS/ ykf/ igesund 3010
Ansvarlig partner: Ingvar H. Seth
E-mail: ingvar.seth@juris.as

Deres ref.:

Dato:

30. oktober 2015

NY BRO TIL NERLANDSØYA - OPPFØLGING AV INNSPILL FRA LEIF MORTEN OG THERESE IGESUND

Leif Morten og Therese Igesund er eier av en landbrukseiendom på Bergsøy-sida av sundet der det nå skal bygges ny bro til Nerlandsøya. De to driver med sau, og har stor interesse for landbruk, og er svært opptatt av å holde virksomheten i gang, både på kort og lang sikt.

Når ekteparet Igesund nå har kontaktet meg og bedt om min bistand, er det fordi det for tiden pågår utredning med hensyn til valg av trasè for den nye broa. Konkret er det opplyst til meg at en nå venter på en foreløpig rapport fra Statens Vegvesen, hvor vegvesenet etter det en forstår vil konsentrere seg om få ulike alternativer som en også lager kostnadsestimater for. Dette har blant annet med valg av seilingshøyde å gjøre.

Leif Morten Igesund har undervegs i prosessen spilt inn et alternativ som er nedtegnet og skissert av Statens Vegvesen, og som er kalt alternativ nr. 6. Dette er et alternativ som vil berøre landbrukseiendommen til Igesund i forholdsvis beskjeden grad, selv om en selvsagt er beredt på å ta sin del av de ulemper et slikt nytt anlegg vil medføre. Igesund har imidlertid registrert at alternativ nr. 6 er vurdert som uaktuelt, og at administrasjonen i Herøy kommune visstnok skal ha vendt tommelen ned.

Når jeg nå tilskriver Herøy kommune på vegne av mine klienter, er det for å kommentere den begrunnelse som gjengis i artikkel i Vestlandsnytt tirsdag 27. oktober, og hvor utviklingssjef Jarl Martin Møller begrunner nærmere og understreker med tydelig styrke at alternativ nr. 6 er uaktuelt. Dette er slik jeg ser det svært forbausende, og den begrunnelse som Møller bruker er svært spesiell.

Uten at jeg har oversikt over alle detaljer, forstår jeg at det er relativt kort tid siden behovet for ny bro til Nerlandsøya meldte seg. Det er også grunnen til at planarbeidet nå skjer relativt raskt, og kanskje legges det opp til at en skal finne løsninger uten å måtte gå igjennom omstendelige prosesser med bl.a. konsekvensanalyse, utarbeidelse av reguleringsplan m.m.

Jeg vil så konkret kommentere nærmere den begrunnelse som utviklingssjefen fremfører i avisen.

At det er en relativt ny reguleringsplan på Nerlandsøya, kan ikke være en tilstrekkelig begrunnelse for at eksempelvis alternativ nr. 6 ikke blir nærmere vurdert. Alt av regulering i et nærområde må en muligens vurdere på nytt, når den situasjonen oppstår, som i vår sak, at Nerlandsøy-broa må fornyes. Da er det temmelig uinteressant i forhold til jakten på den optimale løsning om et område ved ene enden av broa har vært undergitt regulering for relativt kort tid tilbake eller ikke.

Leif Morten Igesund har skissert en mulig vegtrasè gjennom det aktuelle området på Nerlandsøya, jfr. vedlagte kopi av utarbeidet kartutsnitt. Her er lagt inn trasè for en veg som vil gå på bakken gjennom det aktuelle området, og med en bredde på 12 meter. Slik vegen her er skissert, vil avstanden til nærmeste naust bli 13 meter, og til nærmeste bolighus ca. 35 meter, regnet fra ytterkanten av det aktuelle avsatte arealet. Ingen eksisterende bebyggelse blir berørt.

Det en eventuell omregulering og framføring av veg gjennom det nylig regulerede området på Nerlandsøya medfører av ulemper for de som bor der, må veies opp i mot fordelene som alternativ nr. 6 representerer for ekteparet Igesund,. Det en da står overfor er den klassiske vurdering, landbruk mot andre økonomiske interesser. Til nå har landbruksmyndighetene i denne sak vist lite engasjement, men i den videre prosess vil en tro at både de lokale landbruksmyndighetene såvel som fylkeslandbrukskontoret vil måtte engasjere seg, og ha meninger rundt det som skjer.

Vern av dyrket mark og opprettholdelse av eksisterende bruk er noe de aller fleste i dag er opptatt av, og da må det være mulig å prioritere og tenke ulike tanker før en eventuelt konkluderer. Den begrunnelse som er anført fra Møllers side når alternativ nr. 6 er forkastet, fremstår som enkel og lite gjennomtenkt.

Jeg ber om at dette brevet blir vedlagt saksdokumentene når kommunen etter hvert skal behandle den foreløpige rapporten som kommer fra Statens Vegvesen.

Jeg ber om å bli holdt orientert om sakens videre behandling.


Med vennlig hilsen

Advokatfirmaet Engelsen DA




Ingvar H. Seth

Cc. Klient pr. e-post



[Side #]




Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonsskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.
© Kartverket

Vedlagte kart viser forslag til framtidig veg- og bru^{trase}nett i utlandsøy.

Alternativet medfører ei rekke positive fordelar som fornamn² kan dra nytte av i framtida.

Tasien ligg på god og side byggegrunn.

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2012/2425	Saksbeh. 377
13 NOV. 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	


Harald Iggesund
Harald IGESUND
Gnr 35 Bnr 49, 81, 90



Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**



Fv. 20 Nerlandsøybrua

Forprosjektrapport

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn for prosjektet	3
1.2	Formål.....	4
1.3	Gjeldande arealplanar	5
1.4	Prosess.....	7
2	Skildring av dagens situasjon.....	7
2.1	Landskap.....	7
2.2	Grunnforhold.....	8
2.3	Kulturminner	8
2.4	Naturmiljø.....	9
2.5	Naturressursar.....	9
2.6	Trafikkgrunnlag.....	10
2.7	Skipstrafikk	10
2.8	Seglingsled	11
2.9	Veg- og tunnelstandard.....	12
3	Skildring av alternativ	14
3.1	Fjelltunnel.....	14
3.2	Betongtunnel.....	15
3.3	Bru parallelt med eksisterande bru.....	16
3.4	Bru over båthamna.....	17
3.5	Andre vurderte og forkasta alternativ.....	18
4	Kostnader	19
4.1	Kostnadsoverslag.....	19
4.2	Usikkerheit knytt til kostnadene	19
5	Drøfting av alternativ og tilråding	19
5.1	Fordeler og ulemper.....	19
5.2	Tilråding.....	21
6	Vidare arbeid	21
Vedlegg.....		21
Vedlegg 1 - Oppsummering av innspel med våre kommentarar.....		21
Vedlegg 2 - Teikningar av alternativa		21
Vedlegg 3 - Skipstrafikkanalyse		21
Kjelder		22

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for prosjektet

I investeringsprogram for fylkesvegvar for perioden 2014-23 har Møre og Romsdal fylkeskommune sett av 370 mill. kroner til ny Nerlandsøybrua.

Nerlandsøybrua er ei 405 meter lang betongbru som bind saman Bergsøya i sør-vest med Nerlandsøya i nord-vest. Brua har ei generell breidde på 3,5 meter mellom kantsteinane. På toppen av brua er det ein 6,0 meter brei møteplass, og eit skarpt uoversiktleg høgbrekk. Sjølv om det er møteplass på toppen, er det visse problem med trafikkavviklinga når fleire bilar møtast.



Figur 1.1.1 Oversiktskart

Nerlandsøybrua tilhøyrer bruer som ble bygd på 60-70 talet som har slanke konstruksjonar, liten overdekning og relativt låge sementmengder. Alle desse faktorane bidreg til at fleire av bruene slit med korrosjonsskader. Det er gjennomført tilstandsregistrering av eksisterande bru over fleire år. Nerlandsøybrua har skader grunna armeringskorrosjon. For å stoppe armeringskorrosjonen er montering av katodiske anlegg ein metode som er brukt i Norge. Det er vanskeleg å få gode resultat med tradisjonelle betongreparasjonar. Eksisterande katodisk anlegg frå 90-tallet er utslitt og gir kun delvis beskyttelse av armeringa på brua. Over tid vil dette føre til blant anna avskalningar av betong, tverrsnittreduksjon av armering og ein reduksjon av bereevne som den mest kritiske konsekvensen. Ved å bruke katodisk beskyttelse kan ein forlenge levetida til ein konstruksjon eller konstruksjonsdel dersom den er infisert av klorider. På denne type bru er det mest sannsynlig kun katodiske anlegg med ledande maling som kan nyttast. Brua ligg i vêrhardt strøk, og det er få katodiske anlegg som er robuste nok til å tåle påkjenningane her. Då brua har riss m.m., kan det vere tvil om det kan monterast eit fullgodt katodisk anlegg. Levetida på eit katodisk anlegg er rundt 20 år. Kostnader for eit katodisk anlegg for denne brua vil typisk ligge mellom 25-35 mill. kroner. Dette anlegget må då skiftast ut att etter ca. 20 år.

Mulege tiltak i pårente av ny bru: Lysregulering, regulering av bruk av møteplass, nedsetting av akseltrykk, fjerning av asfalt/betongdekke, forsterkning m.m.

Brua har i tillegg ein del riss og sprekker som kan ha oppstått på grunn av overbelastning eller omlagring av krefter. Dette kan også få konsekvensar for framtidig bruk av brua. Brua har blant anna fått påført ei ekstra last på 90-talet i form av eit betong-/asfaltdekke. Brua blir etterrekna for å kunne fastslå bruas berevne med dagens tilstand. Dette arbeidet blir fullført i løpet av hausten 2015. Resultata frå dette arbeidet vil vere med å styre kva som skal gjerast vidare med brua. Ei analyse av levetidskostnader (livssyklus-kostnader) der brukstida (levetid) etter rehabilitering er sett til 20 år viser at rehabilitering og utskifting av det katodiske anlegget gir lågast levetidskostnad.

Nerlandsøybrua har ei seglingsled som er 20 meter høg (over spring høgvatn), 19 meter brei og 5 meter djup. Både Kystverket og kommunen har signalisert ønskjer om bru med høgare seglingshøgde enn det ein har i dag. Dette er bakgrunnen for at det gjennom forprosjektet er sett på andre løysingar som alternativ til bru, bl.a. fjelltunnel og betongtunnel.

Det skal gjennomførast ei tilsvarande forprosjekt for Remøybrua. Resultata frå forprosjektet for Nerlandsøybrua vil bli retningsgjevande for kva løysingar ein utgreier for Remøybrua.



Fig. 1.1.2 Nerlandsøybrua

1.2 Formål

Formålet med forprosjektet er å gi Møre og Romsdal fylkeskommune eit godt grunnlag for å velje ei framtidig løysing for kryssing av Søre Vaulen. Det er ønskjeleg at alternative løysingar blir utgreia og avklart så langt at ein kan gå direkte på regulering av ei valt løysing.

Forprosjektet skal utgreie følgjande hovudalternativ:

- Fjelltunnel
- Betongtunnel (senketunnel)
- Ulike brualternativ

Effekt mål for prosjektet:


- Vegløysinga skal erstatte dagens fastlandssamband til Nerlandsøya og legge til rette for å oppretthalde dagens tillate akseltrykk på fv. 20.

- Vegløyninga skal avklare eventuelle konfliktar med Kystverket sine planar og ønskje, og koordinerast med desse i den grad dette er teknisk og økonomisk mogleg.
- Løyninga skal legge til rette for framkomelegheit og tryggleik for mjuke trafikantar.
- Løyninga skal ikkje medføre store konfliktar med avvikling av trafikken i anleggstida.

Forprosjektet skal innehalde kostnadsoverslag på $\pm 25\%$ for dei ulike alternativa.

1.3 Gjeldande arealplanar

Kommuneplan for Herøy 2013-2025




1.3.1 Utsnitt av gjeldande kommuneplan

Planen er vedteke i kommunestyret i Herøy 30. oktober 2014.

På Nerlandsøya er dei grøne områda vest for brua sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde med omsynssoner for automatisk freda kulturminne, kulturlandskap og landbruk. Eit mindre raudt område er sett av til grav- og urnelund. Aust for brua er det lilla området sett av til næringsbusetnad, det oransje til naust og det blå til hamn.

På Igesundside er dei grøne areala sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde med omsynssoner for ras- og skredfare, landbruk og automatisk freda kulturminne. Langs sjøen er det vist framtidig turveg/turdrag.

Detaljreguleringsplan Kvalsund



Figur 1.3.2 Detaljreguleringsplan Kvalsund

Planen er vedteke 28.11.2013 og omfattar områda nord for Kvalsund hamn. Brualternativ 6 som er vurdert og forkasta ville ha kom i konflikt med denne planen.

Forslag til reguleringsplan for Kvalsund hamn



Figur 1.3.3 Forslag til detaljregulering for Kvalsund hamn

Det er utarbeidd forslag til reguleringsplan for Kvalsund hamn. Planen har vore ute til offentlig ettersyn 11. mai – 22. juni 2012. Brualternativa og betongtunnelen vil få konsekvensar for planforslaget.

1.4 Prosess

Statens vegvesen Region midt har gjennomført forprosjektet på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Prosjektgruppa i Statens vegvesen har i tillegg til ein prosjektleiar vore samansett av prosjektmedarbeidarar innafor faga vegplanlegging, landskap, konstruksjon, geologi, geoteknikk, trafikk, utbygging og grunnnerverv.

Forprosjektet er utarbeidd i dialog med ei ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå kommunen, Kystverket, fylkeskommunen og Statens vegvesen si prosjektleiing. I møta er alternative løysingar presentert og vurdert.

Den 1. oktober 2014 gjennomførte Statens vegvesen i samarbeid med Herøy kommune eit ope informasjonsmøte på Rådhuset i Fosnavåg. Under møtet vart det informert om alternative løysingar. Det vart opna for å stille spørsmål og kome med skriftlege merknader i etterkant. Mottekne innspel er oppsummert og kommentert i vedlegg til denne rapporten.

For å avklare krav til seglingsløp er Kystverket kontakta gjennom brev og e-post. Temaet har også vore drøfta i den tverrfaglege arbeidsgruppa.

For brualternativa har det rådgivande ingeniørselskapet Rambøll gjennomført ein skipstrafikkanalyse. Dei har gjort avklaringar om sjøtransport med Kystverket og andre interessentar i området.

Det er gjennomført grunnboringar for brualternativa, og utarbeidd geoteknisk rapport.

På grunn av store kulturverninteresser og stort potensiale for arkeologiske funn i områda ved Søre Vaulen, er det gjennomført møte med og innhenta uttale frå fylkeskommunen si kulturavdeling.

Arbeidet er elles basert på møter/synfaringar med grunneigarar/interessentar og innhenting av kjent kunnskap.

2 Skildring av dagens situasjon

2.1 Landskap

Nerlandsøya og Bergsøya sorterer under landskapsregionen «kystbygdene på vestlandet» og underregionen Ytre Sunnmøre (ref. NIJOS-rapport 10/2005). Typisk for landskapet si hovudform er eit småknudra relieff som er prega av spreidde, ruvande hattøyar, halvøyer og skjær- og øygard. Skjergard og eit kompleks av øyer ligg tett og skaper mindre landskapsrom, der mange sund og våger verkar som golv i landskapsromma. Spesielt for prosjektområdet er at landet hever seg svakt over ei større lengde på begge sider av Søre Vaulen, før fjellet reiser seg. Dette gjer sundet og landskapsrommet mellom Nerlandsøya og Bergsøya veldig ope og visuelt eksponert. Øyer som ligg på sydvest–nord aust aksa som Søre Vaulen utgjer (til dømes Gurskøy og Remøya) har utsikt gjennom dette sundet.

Vegetasjonen i regionen er typisk snau, prega av eit røft kystklima og karrige forhold. I prosjektområdet er det mykje grønt i form av dyrka mark, samt ein del planta skog i liene. Elles er øylandskapet prega av kystlynghei og fjellplanter.

2.2 Grunnforhold

Berg- og geoteknikkseksjonen har gjennomført grunnboringar som grunnlag for å vurdere fundamenteringsforholda på dei to alternativa for plassering av ny bru, sjå punkt 3.3 og 3.4.

Langs begge alternativa er det moderate djupner til berg. I sjøen er det sort sett eit tynt topplag over morene. Stort sett er det under 5 m til berg. På Nerlandsøya er det eit topplag av laust lagra sand over fast masse. For alternativet over småbåthamna er topplaget rundt 3 m. For alternativet langs eksisterande bru, er topplaget rundt 2 m tjukt.

På byggeplanstadiet må ein gjere meir detaljert grunnundersøking som gir fullgodt grunnlag for å prosjektere brua og for å vurdere behov for masseutskifting under fyllingane. Ein må også gjere ny botnkartlegging for det alternativet som blir valt.

For meir informasjon, sjå geoteknisk rapport nr. 2014151960-1 datert 06.02.2015.

2.3 Kulturminner

Riksantikvaren sin fagdatabase Askeladden viser at det er registrert fleire arkeologiske kulturminne i området, og potensialet for nye funn er stort.

Det mest verdifulle kulturminnet ligg like vest for fylkesvegen på Nerlandsøya, og inneheld fleire gravrøyser og ein bautastein. Oppe ved Kvalsundkrysset ligg det og fleire automatisk freda kulturminne; busettings- og aktivitetsområde, buplassar og gardsanlegg. På Igesund-sida ligg det eit busettings- og aktivitetsområde nord for fylkesvegen. Dette er også automatisk freda.




Figur 2.3.1 Automatisk freda kulturminner i område. Kjelde: Askeladden

Det er lagt vekt på å finne løysingar som ikkje råkar det verdifulle kulturminnet på Nerlandsøya. Fleire løysingar vil kome i konflikt med lokalitetane ved Kvalsundkrysset og på Igesund.

Dei alternative løysingane er lagt fram for fylkeskommunen si kulturavdeling, og deira innspel er innarbeidd i kapittel 3 og 5.

2.4 Naturmiljø


Området «Igesund Søre Vaulen (havstrand)» inngår i kartlegging av biologisk mangfold i Herøy kommune, sjå figur nedanfor. Området er der verdsatt til B (viktig) på grunn av en betydelig arts- og samfunnsdiversitet, utan at strandsamfunna er av de mest velutvikla:



Figur 2.4.1 Kartlegging av biologisk mangfold i Herøy kommune

2.5 Naturressursar

På begge sider av dagens fylkesveg ved Igesund og på vestre side på Nerlandsøya er store areal med fulldyrka jord.



Figur. 2.5.1 Arealtype (AR5) i området. Kjelde: www.skogoglandskap.no.

2.6 Trafikkgrunnlag

Trafikkmengda i 2014 var 1880 kjøretøy pr. dag (ÅDT). Tungtrafikkandelen er vurdert til å vere låg på grunn av at det ikkje er bedrifter på Nerlandsøya som genererer mykje tungtrafikk.

Fartsgrensa er i dag 60 km/t frå Fosnavåg sentrum og fram til Nerlandsøybrua på Igesundsida, 80 km/t over brua og fram til vegkrysset ved Kvalsund der fartsgrensa er 50 km/t.

2.7 Skipstrafikk

Vaulane er nord-sørgåande biled i det norske nettet for farleier, og Holmefjorden er omkransa av ei rekke fiskerihamner. I tillegg har området opa innsegling frå havet mellom Nerlandsøya og Runde/Remøya. Ein del av skipstrafikken til Fosnavåg går mellom Runde og Remøya fordi Rundebrua har ei seglingshøgde på 24 meter.


Vaulane er nord-sørgåande biled i det norske farledsnettet. Området har i tillegg innsegling frå havet mellom Nerlandsøya og Runde/Remøya. Holmefjorden er omkransa av fleire fiskerihamner, bl.a. Fosnavåg, Leinevika, Remøy og Kvalsund i Holmefjorden.

Kystverket har gitt informasjon om at det er mange fiskebåtar i området. Dagens seglingsled legg begrensningar på fiskeflåten. Dei største fiskebåtane er i dag 26,3 meter høge og andre rederi vil også følge etter og bygge tilsvarande høge båtar. Kystverket har også informert om at dei har en plan frå 2009 om utbetring av skjerma led mellom Nerlandsøy/Remøy og Bergsøy/Leinøy, slik at den får tilstrekkeleg djupne og breidde. Leden er også brukt av trafikk i transitt langs kysten. Tiltaket vil bidra til auka framkommelegheit og auka sikkerhet.

Herøy kommune har gitt informasjon om at det er planlagt å bygge ei større kai i ytre del av Fosnavåg. Dette kan tiltrekke fleire skip til området. Dessuten vil større seglingsled opne for større skipstrafikk, også for dei som i dag seglar sør for Bergsøya og Leinøya.

Hurtigruten går i dag innom Torvika med rute vidare til Ålesund og Molde. I dag har Hurtigruten bundet avtale med staten fram til 2020 om bruk av Torvika som hamn. Det kan ikkje utelukkast at Fosnavåg, som ligger meir sentralt og har flere brukere av Hurtigruten blir ei meir attraktiv hamn for Hurtigruten i framtida. Ei utviding av seglingsleden gjennom Vaulane kan vere attraktiv for ekspedisjonsturisme i området. Ein del av Hurtigruten sine skip i området har ei høgde på 29 meter. Det er derfor heilt klart at Fosnavåg kun kan vere interessant for Hurtigruten dersom bruene blir minst 30 meter høge.

Med andre ord er det store forventningar knytta til framtidig skipstrafikk gjennom Søre Vaulen og Nordre Vaulen. Dette kan resultere i auking av fiskeriflåte, supplyskip og reisande med Hurtigruten.



Figur 2.7.1

Figuren viser korleis skip med AIS-utstyr og ein djupgang på over 4,5 m segla i området i perioden frå oktober 2014 til og med desember 2014. Skip som seglar mot nord er markert med grønt og skip som seglar mot sør er markert med raudt. Dette viser at det er stor pågang av store skip i området. Samtidig ser ein at dagens begrensingar på seglingsløpa gjennom Søre Vaulen og Nordre Vaulen tvingar store skip til å velje rute nord eller sør for vaulane.

Skipstype	Antall
Lastebåt	8
Fiskebåt	1722
Andre	182
Hurtigbåt	17
Passasjerskip	13
Losbåt	224
Lystbåt	110
Seilskip	40
Redningsbåt	71
Tankskip	29
Bukserbåt	16

Figur 2.7.2 Skip som passerer bruene i dag fordelt på skipstype

Figuren viser at det primært er fiskebåtar som passerer bruene i dag.

2.8 Seglingsled

Nerlandsøybrua har i dag ein seglingsled som er 20 meter høg (over spring høgvatn), 19 meter brei og 5 meter djup.

Eit sentralt punkt er kva krav Kystverket vil sette til det nye seglingsløpet. Standard høgdekrav for biled er på 30 m høgde, men fartøybehovet på staden kan både gje auka og minska seglingshøgde (uavhengig av om det heiter hovud- eller biled). I forslag til ny farledsnormal (ikkje godkjent) blir det lagt opp til at seglingshøgdene skal aukast.

Gjennom møter i den tverrfagleg prosjektgruppa er det avklart at det av landskapsmessige og økonomiske omsyn ikkje er aktuelt å planlegge bruer med 40-50 meters seglingshøgde. Kystverket og

kommunen har også signalisert at dei ikkje ønskjer lågare seglingshøgder enn i dag. Dette på grunn av at båtane blir større, samt at lågbruer (16 m) av erfaring skaper problem for skipstrafikken.

I NTP ligg Vaulane inne med 8 meters utdjuving. Dette er ei vedlikeholdsmudring. Skal farleden oppgraderast for større farty, må seglingsløpet både gjerast djupare og breiare.

På grunnlag av drøftingar i den tverrfaglege gruppa, er følgjande lagt til grunn for utgreiingsarbeidet:


Seglingshøgder:	20 og 30 meter
Seglingsløp:	Seglingsdjupne på 11 m (LAT) og seglingsbredde på 75 m
	LAT = Lågaste astronomiske tidevatn

Hovudmålet med forprosjektet er å utgreie og få fastlagt eit hovudalternativ for kryssing av Vaulane. Optimalisering av den løysinga som blir valt, under dette seglingshøgde/bredde, veglinje og terrengforming, må gjerast gjennom ein formell planprosess.

2.9 Veg- og tunnelstandard

Krav i Statens vegvesen sine handbøker N100 Veg- og gateutforming, N400 Bruprosjektering og N500 Vegtunneler er lagt til grunn i dette forprosjektet.


Ny veg er utforma etter standardklasse H₀2. Denne vegklassen for øvrige hovudvegar baserer seg på ei fartsgrense på 80 km/t og eit trafikkgrunnlag på 1500-4000 i årsdøgntrafikk. Breidda på vegen er 7,5 meter inklusive skulder, sjå figur 3.2.1.




Figur 2.9.1 Tverrprofil H₀2 med 7,5 m vegbredde (mål i meter)

Terrenget på sørsida av brua og kravet til seglingshøgde kan gjere det aktuelt å søke fråvik frå minimumsverdiane for horisontal- og vertikalkurvatur.

Føringsbreidda på brua er teikna 7,5 meter, med ein 3 meter gang- og sykkelveg for mjuke trafikantar på den eine sida.




Figur 2.9.2 Typisk tverrsnitt ny bru



Figur 2.9.3 Tunneltverrsnitt T9,5

Fjelltunnelen er planlagt etter krava for tunnelklasse B, med tunneltverrsnitt T9,5. Ved planlegging av tunnelen er det også teke omsyn til NA-rundskriv 2014/6, som ikkje tillet meir enn 5 % stigning/fall i nye tunnelar, med mindre anna løysing ikkje er geografisk mogleg.

Betongtunnel (senketunnel) er planlagt med ei innvendig bredde på 13,0 meter. Dette gir rom for eit 3 meter breitt tilbod for mjuke trafikantar på den eine sida.



Figur 2.9.4 Tverrsnitt betongtunnel (senketunnel)

3 Skildring av alternativ

I forprosjektet er det vurdert 3 hovudalternativ for kryssing av Søre Vaulen; dvs. undersjøisk fjelltunnel, betongtunnel og ulike brualternativ.

3.1 Fjelltunnel

Skildring av fjelltunnelalternativet



Tunnelen er planlagt med tunnelpåhogg aust for Igesundvegen på Bergsøya i eit område der det tidlegare har vore eit massetak. Tunnelen vil gå i ei lang høgrekurve mot sør og krysse under Søre Vaulen ca. 500 m sør for noverande Nerlandsøybru. Vidare svingar tunnelen nordover igjen og tunnelpåhogg er teikna ved Teige med tilknytning til kommunevegen der. Det må byggjast ny veg frå kommunevegen og opp til fylkesvegen som går rundt Teigeneset. Her har det også tidlegare vore utarbeidd vegplanar for denne parsellen.

For fjelltunnelen er det lagt til grunn ei fjelloverdekning på 30 meter der tunnelen kryssar Søre Vaulen, slik at botnen i tunnelen kjem på ca. kote ±50.

Det er ikkje planlagt gang- og sykkelveg gjennom tunnelen og dette gjer at det ikkje blir noko tilbod for mjuke trafikantar gjennom tunnelen.

Tunnellengda blir ca. 2,5 km og tunnelen er planlagt med 5 % stigning.

Landskap

Utfordringa vil vere å få til gode terrengtilpassa tunnelpåhogg. Ved Igesund vil dette vere muleg, på Nerlandsøya ved Teige kan dette by på større utfordringar. Det er ikkje sett i detalj på utforming av tunnelpåhogg fordi dette alternativet er lite aktuelt då det ikkje gir eit tilbod for mjuke trafikantar til Nerlandsøya.

3.2 Betongtunnel

Skildring av betongtunnelalternativet



Det er sett på eit alternativ med betongtunnel for kryssing av Søre Vaulen. Dette fordi ein betongtunnel ikkje legg restriksjonar på seglingshøgda. Ved nærmare undersøkingar av grunnforholda og bruk av geoteknisk rapport frå 1961 viser det seg at bergnivået ligg på grunn djupne under terrenget og då vil tradisjonell senketunnel ikkje vere muleg. Tunnelen er tenkt utført som tørrstøyp i eit tørrlagt sund ved hjelp av til dømes spunting. Søre Vaulen må stengjast for båttrafikk i byggeperioden.

Det er sett på to alternative trasear for ein betongtunnel, den eine er planlagt ca. 70 meter sør for noverande Nerlandsøybru. På Igesundsida vil vegtraseen gå tvers over all dyrkamarka og på Nerlandsøysida er vegtraseen trekt vestover mot Kvalsund med samankopling til eksisterande vegnett i krysset mot kommunevegen til Geila.

Det andre alternativet kryssar båthamna omtrent i same trase som brualternativ 10 og 5. Dette alternativet kjem i konflikt med båthamna og har ein stor risiko ved gjennomføring.

Betongtunnelalternativet er uaktuelt på grunn av svært høge kostnader. Skulle dette alternativet vore aktuelt måtte føresetnaden ha vorte endra til at det er dagens seglingsløp som skal kryssast. Seglingsløpet kan då ikkje utvidast i framtida. Vidare bør tunneltraseen liggje akkurat der noverande Nerlandsøybru er plassert for å få ein kortast muleg betongtunnel. Det hadde vore ønskjeleg med lausmasse i heile tunnelen si lengde slik at spunting kunne utførast og kostbar sprenging blir unngått. Stigninga må også endrast frå 5 % til opp mot 10 % for å gjere betongtunnelen kortast muleg.

Landskap

Det er ikkje sett i detalj på utforming av tunnelpåhogg for dette alternativet fordi det uaktuelt på grunn av svært høge kostnader.

3.3 Bru parallelt med eksisterende bru

Skildring av brualternativ 9 og 11



Brualternativ 9 er bru er planlagt med seglingshøgde 20 meter og brualternativ 11 med seglingshøgde 30 meter. Brualternativa er planlagt nord for eksisterende bru og er lagt parallelt med denne. På Igesundsida er veglinja lagt med kurve i retning mot Fosnavåg for å komme lenger ifrå busetnaden. Brualternativa kjem i konflikt med industriområde på Nerlandsøya.

Det er føresett at det skal gå trafikk over eksisterende bru i anleggsfasen og at noverande bru blir fjerna når ny bru er opna for trafikk. Nesten alle brufundament vil bli ståande på tørt land og anleggsgjennomføringa vil vere sikker og er basert på kjente tekniske løysingar. Det er planlagt gang- og sykkelveg på vestsida av brua.

Landskap


Dette alternativet er det som i minst muleg grad endrar landskapsbildet, då brua blir liggjande parallelt med og tett inntil der eksisterande bru ligg i dag. Traseen har også eit fortrinn i at den ligg vinkelrett på aksa som sundet utgjer, noko som er ein fordel estetisk sett. Det er også her sundet er på sitt smalaste og der det oppfattast som mest naturleg å krysse. Brukonstruksjonen i seg sjølv skaper liten negativ konsekvens i forhold til eksisterande situasjon. Fyllingar opp mot landkar og heving av vegen opp mot desse blir rett nok meir omfattande element enn kva som eksisterer i dag, og vil ha sine konsekvensar både for arealbeslag og visuelt sett, men dette gjeld uavhengig av traséval. På Igesund-sida er det likevel gode moglegheiter for å planere ut jordet for både å tone ned fyllinga visuelt sett, men også for å tilbakeføre noko av arealet som fyllinga beslaglegg til dyrka mark. Det er også her ei slik terrengtilpassing samsvarer best med terrenget sine naturlege former. Litt avhengig av korleis ein legg kurven frå brua og vidare i retning Fosnavåg, ser også dette alternativet ut til å vere beste kompromiss med tanke på omsynet til bustadene og nærleiken til vegen.

På Nerlandsøy-sida har alternativet negative konsekvensar ved at det kjem tett på kyrkjegarden og er i nærkontakt med kulturminner. Kyrkjegarden ligg likevel på eit lite forhøya platå ovafor, kor eksisterande veg går i dag. Vegfyllinga for dette alternativet vil gå over eksisterande veg og inn mot skråninga frå kyrkjegarden. Dette gir god moglegheit for terrengtilpassing av fyllinga inn mot kyrkjegarden, der mykje av fyllinga blir teke opp av nivåspranget mellom kyrkjegarden og eksisterande terreng. Det vil seie at fyllinga på denne sida av vegen vil opplevast som mindre dramatisk. Utsikta nordaustover frå kyrkjegarden blir redusert, men til gjengjeld er industriarealet som ein ser ned på i dag ikkje spesielt attraktivt.

Brualternativa er illustrert med to ulike høgder for dette alternativet, med høvesvis 20 og 30 meters seglingshøgde. 30-metersalternativet medfører også meir ruvande fyllingar opp mot veg og rundt landkar, med mindre brulengda blir forlenga for å unngå nettopp dette. Illustrasjonane kan sjåast her: <http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv18fv20heroybru/alternativ-nerlandsoya>

3.4 Bru over båthamna

Skildring av brualternativ 10 og 5



Brualternativ 10 er bru med planlagt seglingshøgde 20 meter og brualternativ 5 med seglingshøgde 30 meter. Brualternativa er planlagt over båthamna. Brualternativa kjem i konflikt med interesser i båthamna og spesielt alternativ 10 med seglingshøgde på 20 meter kan gjere tilkomsten til båthamna for til dømes seglbåtar vanskeleg. Også for dette alternativet er det føresett at det skal gå trafikk over eksisterande bru i anleggsfasen og at noverande bru blir fjerna når ny bru er opna for trafikk. Alle brufundament vil stå på sikker grunn og er basert på kjente tekniske løysingar. Det er planlagt gang- og sykkelveg på vestsida av brua.

Landskap

Dette alternativet medfører to openbare negative konsekvensar; arealbeslag og splitting av landarealet som er avsett til næringsbygg og naust i forslaget til reguleringsplan for Kvalsund hamn, og kryssinga over sjølv småbåthamna/hamnebassenget. Uavhengig av om brua blir forlenga inn over land, for å redusere veg på fylling eller ikkje, vil vegtraseen vere ein barriere og bryte opp eit areal med stort potensiale for bygg og næringsutvikling. Eit slikt areal vil vere tent med å byggast ut mest mogleg samanhengande for å ivareta ei estetisk god og praktisk funksjonell utbygging.

Når det gjeld kryssing av båthamna, kan brusøyler plasserast med omhu for å vere minst mogleg til fysisk og visuelt hinder for bruk av hamna og opplevinga av staden. Likevel kjem ein ikkje frå at traseen svekker hamna sine kvalitetar både estetisk og praktisk. Traseen medfører ei lengre bru enn alternativet parallelt med eksisterande bru, då sundet er breiare her. Brua er også meir skråstilt over sundet. Desse to faktorane strid mot det som generelt blir oppfatta som estetisk naturleg.


Om traseen blir justert noko på Nerlandsøy-sida, slik at landkar og vegfylling kjem tettare på rekka av naust, er det her eit alternativ å ta opp noko av fyllinga ved hjelp av ein natursteinmur for å redusere utslaget av fylling mot nausta. Dette kan også vurderast på motsett side av vegen, men ein skal vere klar over at dette er eit grep som kan gje eit visuelt inntrykk av at vegen ligg høgare og meir ruvande. Muring opp mot fylling på lgesund-sida tilrår vi ikkje. Her bør ein heller jobbe med å finne slake og gode overgangar mellom eksisterande terreng og fylling, slik at vegen opp mot brua ligg så naturleg tilpassa terrenget som det er mogleg å oppnå.

Brualternativa er illustrert med to ulike høgder for dette alternativet, med høvesvis 20 og 30 meters seglingshøgde. På grunn av sundet si breie og slake landskapsform, er det estetisk sett mest gunstig med det lågaste brualternativet. 30-metersalternativet medfører også meir ruvande fyllingar opp mot brua og rundt landkar, med mindre brulengda blir forlenga for å unngå nettopp dette.

Illustrasjonane kan sjåast her: <http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv18fv20heroybruer/alternativ-nerlandsoya>

3.5 Andre vurderte og forkasta alternativ

Brualternativ 6



Det er teikna eit brualternativ med ny bru på nordsida av moloen til Kvalsund hamn. Bakgrunnen for at alternativet er forkasta er at brua vil «lande» midt i eit nyregulert område for busetnad og turisme og at alternativet vil få direkte nærføring mot eksisterande busetnad i området. Herøy kommunestyre har med reguleringsplanar i 2008 (Kvalsund-Teige) og seinast i november 2013 (Kvalsund) lagt klare føringar for arealbruken i dette området. I området er det oppført to nye bustadar som vart ferdigstilte i 2010. Brualternativ 6 vil få svært negative ulemper for desse. På bakgrunn av kommunestyret sine vedtak og prioriteringar med omsyn til arealbruk, tilrår administrasjonen i Herøy kommune at det ikkje blir gått vidare med alternativ 6.

Brualternativ 7 og 8



Det er sett på brualternativ med 20 m og 30 m seglingshøgde med ny bru lagt parallelt på nordsida av noverande bru. Brualternativa er veldig like brualternativ 9 og 11 med unntak på lgesundsida der vegen er ført parallelt heilt ned i tunet til gnr. 35 bnr. 1. Det er teikna ei rundkjøring som kryssløysing mellom fylkesvegen og kommunevegen på lgesund. Desse alternativna er forkasta fordi veg og rundkjøring kjem for nær busetnaden på lgesund.

Bevegelege bruer

Heve-, skyve-, klaffe- og svingbruer

Uaktuelt fordi:

- Lite egna konstruksjon ved store spennvidder
- Komplisert konstruksjon med mange tekniske installasjonar
- Risiko for påkjørsel av brubanen
- Kostbar brutype å vedlikehalde og drifte
- Risiko for at utstyret sviktar
- Tøft havmiljø
- Periodevis stengt i driftsfasen

4 Kostnader

4.1 Kostnadsoverslag

Kostnadsrapportane er utarbeidd i samsvar med Statens vegvesen si handbok 217 «Anslagmetoden». Kostnadsrapportar er interne dokument som er unnateke offentlegheit, jf. offentlighetslova § 23 første ledd. Årsaka er at det i desse overslaga vert lagt inn einingsprisar som av omsyn til konkurransesituasjonen ikkje kan vere offentlege. Hovudresultata (sluttsummen) vert offentleggjort.

Tabellen under er ei oppsummering av hovudresultata frå kostnadsberekningane:

Kostnader i mill. kr	Tunnel	Betong-tunnel	Brualternativ 5 SH = 30 m	Brualternativ 9 SH = 20 m	Brualternativ 10 SH = 20 m	Brualternativ 11 SH = 30 m
Kostnad (P50)	685	1439	398	362	374	386

SH = Seglingshøgde

4.2 Usikkerheit knytt til kostnadene

Investeringar er på dette stadiet berekna innafor ein usikkerhetsmargin på +/- 40 % for fjelltunnel og betongtunnelalternativ og +/- 25 % for brualternativa. Kalkulasjonane for dei ulike alternativ har imidlertid noko ulikt standardavvik.

Tabellen nedanfor viser at det er størst usikkerheit knytt til fjell- og betongtunnel alternativ.

Kostnader i mill. kr	Tunnel	Betong-tunnel	Brualternativ 5	Brualternativ 9	Brualternativ 10	Brualternativ 11
Nedre verdi (P15)	410	850	299	271	280	289
Øvre verdi (P85)	960	2000	498	452	467	482
Relativt standard-avvik	16,5 %	13,9 %	9,3 %	9,2 %	9,3 %	9,0 %

5 Drøfting av alternativ og tilråding

5.1 Fordeler og ulemper

Fjelltunnel

Fordelar:

- Ingen begrensingar for skipstrafikken
- Lite synleg i landskapet

Ulemper:

- Ikkje løysing for mjuke trafikantar
- Kan bli utfordrande å få til eit godt tunnelpåhogg på Nerlandsøya
- Høgare kostnader enn brualternativa
- Undersjøisk tunnel har høgare driftskostnader enn brualternativa

Betongtunnel

Fordelar:

- Ingen begrensingar for skipstrafikken
- Ikkje så veldig stor del av konstruksjon som blir synleg i landskapet
- Gang- og sykkelveg gjennom tunnelen er muleg

Ulemper:

- Svært usikker anleggsgjennomføring
- Enormt omfang av sprenging i sjø
- Store terrenginngrep på landsida i begge endar av tunnelen
- Det er nødvendig å søke og få fråvik frå stigningskravet i tunnelnormalen
- Lang byggetid
- Søre Vaulen blir stengt for skipstrafikk i byggeperioden
- Svært kostbar løysing

Bru nord for og parallelt med noverande bru – brualternativ 9 og 11

Fordelar:

- Sikker anleggsgjennomføring
- Lågare kostnader enn tunnelalternativa, og lågast kostnad av brualternativa
- Teknisk kjente løysingar
- God landskapstilpasning

Ulemper:

- Brualternativ 9 gir avgrensa seglingshøgde
- Konflikt med kulturminner
- Konflikt med landbruksinteresser ved Igesund
- Innløysing av lagerbygningar på Nerlandsøya i Kvalsund
- Brualternativ 11 med seglingshøgde på 30 meter blir vesentleg dårlegare for gåande og syklende

Bru over båthamna – brualternativ 10 og 5

Fordelar:

- Sikker anleggsgjennomføring
- Lågare kostnader enn tunnelalternativa
- Teknisk kjente løysingar

Ulemper:

- Brualternativ 10 gir avgrensa seglingshøgde
- Konflikt med kulturminner
- Konflikt med landbruksinteresser, men mindre enn for brualternativ 9 og 11
- Konflikt med hamneinteresser
- Litt høgare kostnader enn brualternativ 9 og 11
- Brualternativ 10 med seglingshøgde 20 meter kan gi problem med tilkomst til båthamna
- Brualternativ 5 med seglingshøgde på 30 meter blir vesentleg dårlegare for gåande og syklende

5.2 Tilråding

Basert på det gjennomførte forprosjektet framstår brualternativ 9 og 11 ny bru parallelt med noverande bru som dei alternativa som har lågast investeringskostnad og har den sikraste anleggsgjennomføringa. Alternativa er også det med best når det gjeld landskapstilpasning og tek størst omsyn til stadsutvikling og eksisterande busetnad.

Statens vegvesen tilrår på eit fagleg grunnlag Møre og Romsdal fylkeskommune å gå vidare med dette alternativet og gjennom politisk behandling avklare seglingshøgda.

6 Vidare arbeid

Forprosjektrapporten blir i første omgang sendt til uttale til Herøy kommune og til Kystverket. Deretter blir rapporten sendt til behandling i Møre og Romsdal fylkeskommune. Den politiske behandlinga i både Herøy kommune og fylkeskommunen må avklare kva for seglingshøgde som skal leggjast til grunn for den vidare planlegginga.

Vedlegg

Vedlegg 1 - Oppsummering av innspel med våre kommentarar

Vedlegg 2 - Teikningar av alternativa

Vedlegg 3 - Skipstrafikkanalyse

Kjelder

<https://askeladden.ra.no/> og www.kulturminnesok.no

www.heroy.kommune.no

www.skogoglandskap.no

Statens vegvesen sine handbøker N100 Veg- og gateutforming, N400 Bruprosjektering og N500 Vegtunneler

Geoteknisk rapport nr. 2014151960-1 datert 06.02.2015

Kommuneplan for Herøy 2013-2025

Detaljplan for Koparstad-Kvalsvik frå 1975

Detaljreguleringsplan for Kvalsund godkjent 28.11.2013 - Arealplan-ID: 201276

Forslag til reguleringsplan for Kvalsund hamn datert 09.03.2012 - Arealplan-ID: 201007

Skipstrafikkanalyse datert 16.01.2015



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1620
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
223/15	Formannskapet	01.12.2015
194/15	Kommunestyret	10.12.2015

KJØP AV GNR. 38 BNR. 80 - EGGESBØVEGEN 9

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 1 røyst.
Per Kristian Furø, AP røysta imot.

Tilråding i Formannskapet - 01.12.2015

1. Kommunestyret vedtek kjøp av eigedomen gnr. 38 bnr. 9 med påståande bygg – Eggesbøvegen 9 – frå heimelshavar og seljar Unni Ada Myrvold Arhaug for kr. 2 200 000 pluss kostnader.
2. Kjøpesummen og kostnader til dokumentavgift og tinglysingsgebyr for skøyte vert gjort med slik budsjettendring:

Konto 02800 (grunnkjøp), ansvar 5011, funksjon 303 og prosjekt 50153 (Strategiske grunnkjøp) - ned kr 2.250.000,-
Konto 02800 (grunnkjøp), ansvar 5112, funksjon 261 og prosjekt 51412 (Omsorgsbustadar og base heimetenestene) – opp kr 2.200.000,-
Konto 01950 (gebyrer), ansvar 5112, funksjon 26 og prosjekt 51412 – opp kr 50.000,-

3. Ordføraren får fullmakt til å signere kjøpekontrakt mellom seljar og Herøy kommune som kjøpar.

Tilråding:

4. Kommunestyret vedtek kjøp av eigedomen gnr. 38 bnr. 9 med påståande bygg – Eggesbøvegen 9 – frå heimelshavar og seljar Unni Ada Myrvold Arhaug for kr. 2 200 000 pluss kostnader.
5. Kjøpesummen og kostnader til dokumentavgift og tinglysingsgebyr for skøyte vert gjort med slik budsjettendring:

Konto 02800 (grunnkjøp), ansvar 5011, funksjon 303 og prosjekt 50153 (Strategiske grunnkjøp) - ned kr 2.250.000,-
Konto 02800 (grunnkjøp), ansvar 5112, funksjon 261 og prosjekt 51412 (Omsorgsbustadar og base heimetenestene) – opp kr 2.200.000,-
Konto 01950 (gebyrer), ansvar 5112, funksjon 26 og prosjekt 51412 – opp kr 50.000,-
6. Ordføraren får fullmakt til å signere kjøpekontrakt mellom seljar og Herøy kommune som kjøpar.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga, her
Utviklingsavdelinga, her
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

[Prenta vedlegg](#)

1. Kartskisse
2. Situasjonsplan for utbyggingsprosjektet

Saksopplysningar:

Saka gjeld kjøp av eigedomen gnr. 38 bnr. 80 med adresse Eggesbøvegen 9.

Bakgrunn

Herøy kommune byggjer omsorgsbustadar og base for heimetenesta på kommunens grunneigedom 37 bnr. 426 ved Herøy omsorgssenter – Blå avdeling. Prosjektet skal ferdigstillast innan utgangen av 2016 og erstatte dagens institusjonsplassar og kontorfasilitetar ved Herøy omsorgssenter – Gul avdeling.

Det er behov for erverv av grunn frå tilgrensande naboiegedom gnr. 38 bnr. 80 for å kunne etablere ei funksjonell og framtidsretta løysing for atkomst og parkering til prosjektet, sjå kartskisse i prenta vedlegg 1 og situasjonsplan for prosjektet i prenta vedlegg 2 til saka.

Grunneigar har vore i dialog med Herøy kommune om sal av heile eller delar av eigedomen tidlegare utan at ein har kome fram til ei løysing. Eigar førebur no

annonsering av eigedomen på den opne marknaden og har i den samanheng gitt kommunen nytt høve til å by på eigedomen i forkant.

Eigedomen

Gnr. 38 bnr. 80 er om lag 1 156 m² stor og bebygd med ein einebustad frå 1955 på om lag 200 m² BTA over 3 etasjar. Eigedomen ligg sentralt plassert, ved innkjøringa til dagens helsesenter og er næraste nabo til Herøy omsorgssenter – Blå avdeling og byggetomta for dei nye omsorgsbustadane og basen for heimetenesta.

Verdivurdering og budgivning

Det er av tidsmessige årsakar ikkje innhenta takst for eigedomen. Bud er gitt etter drøfting av med ein av kommunens takstmenn og etter samanlikning med tilsvarende eigedomar annonsert for sal.

Det er pr i dag annonsert totalt 14 samanliknbare eigedomar i Herøy. Snittprisen pr. m² er rekna til ca. kr. 10 000 pr. m². Median er også om lag på dette nivå. Lågaste prisantydning i referansegruppa er annonsert for kr. 1 500 pr. m². Høgste prisantydninga er på kr. 16 000 pr. m². Ein stor andel av bustadane har vore annonsert i lang tid utan at interessentar har akseptert prisantydninga.

Etter ei prisantydning frå selgar på kr. 2 800 000,- pluss omkostningar, la eigedomsleiar inn bod på eigedomen torsdag 19.11.2015 på kr. 2 100 000,-. Bodet vart auka til kr. 2 200 000,- pluss omkostningar laurdag 21.11.2015. Bodet vart akseptert av selgar søndag 22.11.2015.

Bod er inngitt med atterhald om etterfylgjande politisk godkjenning av kjøpet og elles under føresetnad av at eigedomen vert overdrege til Herøy kommune utan pengehefte eller andre hefte som kan forringe kommunens bruk av eigedomen.

Eit eventuelt erverv føreset elles kjøpekontrakt etter vanlege standardar og med overtaking av eigedomen etter nærare avtale med selgar. Kjøpekontrakt er ikkje utarbeida på tidspunktet for oversending av saka til politisk handsaming. Eigedomsavdelinga ber difor om at ordføraren får fullmakt til å signere endeleg kjøpekontrakt.

Konsekvens

Erverv av eigedomen gir Eigedomsavdelinga høve til å etablere atkomst og parkering for byggeprosjektet omsorgsbustadar og base for heimetenesta i samsvar med situasjonsplanen for prosjektet.

Bustaden kan nyttast som utleigebustad for ei periode og kan i den samanheng delfinansiere kapitalkostnadane for eit eventuelt erverv. Bygget bør rivast, seinast ved rivinga av Herøy omsorgssenter – Gul avdeling.

Dersom eigedomen ikkje vert kjøpt av Herøy kommune, må situasjonsplanen for byggeprosjektet reviderast og alternativ atkomst og parkeringsløyising utgreiast.

Vurdering

Rådmannen rår kommunestyret til å vedta kjøp av eigedomen gnr. 38 bnr. 80 for kr. 2 000 000,- pluss omkostningar og elles i samsvar med det bod som selgar har akseptert frå eigedomsleiar. Eigedomen har strategisk betyding for Herøy kommune, både for byggeprosjektet vedrørande nye omsorgsbustadar men også med tanke på vidare utvikling av kommunens eigedomar innanfor helse- og

omsorgssenterområdet. Rådmannen syner i den samanheng også til det vedtak kommunestyret har gjort om at det framtidige omsorgssentertilbodet i Herøy skal vidareutviklast innanfor dette planområdet. Kjøpesumen vurderast som forsvarleg sett opp mot den prisantydning som tilsvarande eigedomar annonsert for sal har.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:


Eigedomen kan på kort sikt leigast ut som kommunal utleigebustad med delvis inntening av kapitalkostnadar som konsekvens.

Fosnavåg, 22.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsléiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



1:1000

22.11.2015



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

	kommuneflate
Kyst	
	Havflate
Innsjøer og vassdrag	
	Innsjø
	Innsjøkant
	Elv/Bekk
	Kanal/Greft
	Kanal/Greft kant
Vegsituasjon	
	Veg
	Ytterkant fortau
	Annet vegareal
	Middeler/Trafikkøy
	Avgrensing mot annet vegareal
	Avgrensing mot avkjørsel
	Gang/Sykkelveg
	Parkeringsplass kant
	Autovern
	Vegdekkekant
	Gang/Sykkelveg kant
	Gangvegkant
Bygningsmessige anlegg	
	Annet qjerde
	Grunnriss/Hjelpelinje
	Flaqqstang
	Flytebrygge
	Flytebrygge kant
	Frittstående trapp
	Frittstående trapp kant
	Kai/Brygge
	Kai/Brygge kant
	Frittstående mur
	Lodrett forstøtningsmur
	Slipp/Kranqanq
	Steinqjerde
	Bru
	Bruavgrensning
Annqn naturinformasjon	
	Alle ubestemt
	Hekk
	Stein omriss
Kulturminner	
	Kulturminne R
	Kulturminnegrense
Høydeinformasjon	
	Høydekurve 5m
	Høydekurve 1m
	Forsenkningkurve 1m


Bygninger	
	Bygningsdelelinje
	Grunnmur
	Bygning - Boliqbygg
	Bygning - Andre bygg
	Annen bygning
	Takriss
	Takoverbygg
	Takoverbygg kant
	Trapp inntil bygg, kant
	Veranda
	Bygningslinje
	Taksprang
	Mønelinje
	Låvebru

Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)	
	Godkj. Nybygg
	Godkj. Tilbygg
	Godkj. Påbygg
	Omriss Tiltak
	Godkj. Nyb./Tilb./Påb.

DEK Kvalitet	
	Gårds- og bruksnummer
	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta

Stedsnavn og andre tekster	
	Vegnamn
	Annen opplysende tekst

Adresser	
	Adressepunkt tekst



Rev	Beskrivelse	Dato

Dato:	20.11.2015
Målestokk:	1 : 500
Teikna av:	KBV
Kontroll:	---

<input type="checkbox"/>	DOKUMENTASJONSTEIKNING
<input type="checkbox"/>	ARBEIDSTEIKNING
<input type="checkbox"/>	ANBODSTEIKNING
<input type="checkbox"/>	SØKNADSTEIKNING
<input type="checkbox"/>	FØREBELS TEIKNING



Tiltakshaver:	HERØY KOMMUNE
---------------	----------------------

Prosjekt:	Omsorgsbustadar Herøy
-----------	------------------------------

Teikningsnavn:	Situasjonsplan
----------------	-----------------------

Prosjektnummer:	215	Teikningsnummer:	A101	Revisjon:	
-----------------	-----	------------------	------	-----------	--



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
225/15	Formannskapet	01.12.2015
195/15	Kommunestyret	10.12.2015

MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - DEPONERING AV MASSER OG MILJØPROSJEKT

Møtebehandling:

Brev frå Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS vart delt ut i møte.

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.

Det vart halde gruppemøte.

Høgre, Krf og Frp kom med slikt nytt framlegg til pkt. 1i tilrådinga :

Herøy kommunestyre vedtek alternativ 2 og 3 som deponi. Dette omhandlar «huken» ved fiskarkona og frå indre almenning t.o.m. Fosnavåg Pelagic.

Pkt. 2 og 3 som i rådmannen si tilråding.

AP og Folkelista/SP kom med slikt endra framlegg til tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 – indre del av Fosnavåg, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Pkt. 2 som rådmannen si tilråding.

3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i indre del av hamna.

Røysting:

Rådmannen si tilråding- 0 røyster.

Framlegget frå Høgre, Krf og Frp – 5 røyster.
Framlegget frå AP og Folkelista/SP – 4 røyster.

Tilråding i Formannskapet - 01.12.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek alternativ 2 og 3 som deponi. Dette omhandlar «huken» ved fiskarkona og frå indre almenning t.o.m. Fosnavåg Pelagic.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka . Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløyningar for prosjektet.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.

Tilråding:

2. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
3. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka . Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløyningar for prosjektet.
4. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.

Særutskrift:

- Kystverket, Region-Midt.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga.
- Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Maritim teknisk komité.
- Anlegg- og driftsavdelinga.

Vedlegg:

1. Saksprotokoll K-sak 96/15, 27.8.2015.
2. E-post frå Gerh Voldnes AS, datert 28.10.15.
3. E-post frå Sævik Invest AS, datert 29.10.15
4. E-post frå Fosnavåg Pelagic AS, datert 11.11.15.
5. Kostnadsoverslag frå Rambøll AS, datert 9.11.15.


Bakgrunn:

Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn. I følgje Kystverket sine planar skal hamna mudrast frå dagens – 6 m vassdjup til -8.3 m vassdjup. Prosjektet er gitt prioritet i NTP. Det er sett av 50 millionar og tiltaket er planlagt igangsett i 2017.

NGI gjennomførte miljøundersøking i hamna i 2010. Undersøkinga avdekte at det er behov for miljøtiltak i hamna. Nye undersøkingar gjennomført av Rambøll AS i 2013, stadfesta dette. Både i 2010 og 2013 vart det påvist meget sterk forureining av TBT og sterk forureining av PAH, kvikksølv, sink, cadmium og kopar. I tillegg vart det påvist høge konsentrasjonar av bly og PCB.

Rambøll AS konkluderte med at dataene frå undersøkingane er tilstrekkeleg som grunnlag for utarbeiding av tiltaksplan for botnsedimenta i hamna. Det vart også peika på at eventuell forureining på land må kartleggjast/vurderast og at eventuelle tiltak på land bør iverksetjast så fort som mogleg.

Kystverket har ansvar for forureining i hamnebassenget. Kystverket tek berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna. Området markert med lys blå skravur nedanfor viser i grove trekk området som skal mudrast i regi av Kystverket. Mørk blå farge viser arealet mellom mudringsområdet og land/kai. Kystverket forutset erklæringar frå kaieigarane med tanke på mudring av desse områda. Grøn farge viser området utanfor Slippen som innehar forureina sediment og som ligg utanfor Kystverket sitt prosjekt.



Maritim og teknisk komite (MTK, 23.4.2013) og formannskapet (14.5.2013) har gjennom vedtak gjeve klart uttrykk for ønskje om å få rydda opp i heile hamneområdet, for å hindre utleking av miljøgifter til hamnebassenget over tid.

Sitat frå vedtak:

“Formannskapet går inn for at det vert sett i gong arbeid med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn.”

Miljøopprydding i Fosnavåg hamn har som siktemål:

1. Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne (- 8.3 m). Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.

2. Utviding av mudringsprosjektet slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, slik at hamna blir rein.
3. Sikre aktive miljøkjelder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.
4. Opprydding og utbygging av avløp i hamna (jf. Hovudplan for avløp).

Rambøll AS har gjennomført undersøkingar på land i regi av Herøy kommune, som har avdekt område som er aktive kjelder til forureining i hamnebassenget. Med bakgrunn i undersøkingane, har Rambøll AS utarbeidd tiltaksplan for opprydding av forureina grunn på land. Risikovurderinga viser at det må iverksetjast oppryddingstiltak innanfor fleire område, særleg i delområde som kan bli påverka av tidevatnet. Grunneigar har ansvar for forureining på land.

Parallelt med undersøkingane i hamna og på land, har kommunen i samarbeid med Kystverket arbeidd mykje med å finne eigna lokalitet for deponering av masser.

Administrasjonen sitt arbeid er tufta på kommunestyret sitt vedtak av 27.8.2015, k-sak 96/15:

1. *Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.*
2. *Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.*
3. *Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.*
4. *Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.*

Kommunestyret har bestemt at massene kan deponerast i ytre eller indre del av hamna. Kommunestyret har ikkje endeleg teke stilling til om ein skal gå for ei rein mudring eller om ein skal gå for miljøprosjekt.

Saksopplysningar:

Masseberekning

Rambøll AS har på oppdrag av Kystverket gjennomført ei ny og oppdatert masseberekning, som viser mengd masse som skal deponerast i samband med mudring av hamna.

Utrekningane viser at det er 64.000 m³ som skal deponerast. Av dette er ca. 4400 m³ fjell.


Dersom ein går for ei utviding av mudringsprosjektet, slik at ein får sikra eller fjerna dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, må ein ta med området

utanfor Slippen i utrekningane. Ein har pr. i dag ikkje tal knytt til mengde masse inn mot private kaier.

Rambøll AS skisserer to alternativ til løysing for området utanfor Slippen:

1. Tildekking av massene med ca. 40- 50 cm masse. Seglingsdjupna vert redusert betydeleg.
2. Mudring ned til 50 cm sedimentdjup og deretter tildekking med 50 cm reine masser. Det ligg pr. i dag ikkje føre nok informasjon til å kunne vurdere kor stort område som vil vere reint etter mudring. Prøvetaking og analyser av sjøbotnen etter mudring vil kunne avklare dette (jf. kostnadoverslag frå Rambøll AS, datert 9.11.2015).

Dersom ein går for alternativ 2 ovanfor, med mudring ned til 50 cm sedimentdjup over eit areal på 4604 m², viser utrekningar at det er ca. 2300 m³ som må fjernast utanfor Slippen.



Kartet ovanfor viser Kystverket sitt tiltaksområde (innanfor grøn og gul skravering) og Slippen (raud markering). Blå markering viser område som kan vere aktuelt for deponi.

Total masse som skal deponerast er 65657 m³. Dersom grunneigarane på land vert pålagt av fylkesmannen å fjerne forureina masser på land, og massene er eigna for deponering i deponiet, må ein ta høgde for at det skal deponerast meir masse.

Det er ikkje gjennomført utrekningar som viser mengd forureina masse på land.

Deponeringsalternativ


Kommunestyret har vedteke at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser. Felles for begge alternativa, er at huken kan nyttast til utfylling.

Alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg



Alternativ 2, slik det vart presentert for k-styret

Kystverket sin plan for eit deponi i ytre del av hamna, går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassene vert deponert bak moloen. Over mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av eit pelefundamentert kaidekke.



Prinsippskisse som viser oppbygging av molo


Deponiet kan utformast på ulike måtar, avhengig av kor mykje masse deponiet skal romme.



Skissene ovanfor viser ulike utformingar av deponiet. Endeleg utforming må prosjekterast og vurderast gjennom reguleringsplanarbeidet.


Alternativ 3 – indre del av hamna

Kystverket sin plan for deponi i indre del av hamna, går så langt ut på etablering av ein stålvegg (spunt) som avgrensar området der mudringsmassane kan deponerast. Over mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av kaidekke.



Prinsippskisse som viser oppbygging av spunt

Spuntveggen vil i front gi ein forholdsvis slett front mot hamna, der skip kan gå heilt inntil når kai er etablert på toppen.



Skisse som viser førebels avgrensning av deponi i indre hamn. Deponiet rommar ca. 66.657 m³.

Sikkerheit

Det vert stilt strenge krav til rutiner for deponering, kontroll i anleggsperioden, overvaking og sikkerhetstiltak i samband med etablering av alle typar deponi. Det vert også stilt strenge krav til kontroll og overvaking av ferdig deponi.

Kystverket skal søkje om løyve etter forureiningslova til å fjerne (mudre) masser i hamna. Etaten skal også søkje om løyve til å deponere massene. Søknadene skal handsamast av fylkesmannen. Kystverket skal i samband med søknadene mellom anna gjere greie for tiltaka, hensyn til omgjevnadene, plan for overvaking og etterkontroll.

I samband med utarbeiding av reguleringsplan, vil det bli utarbeidd konsekvensutgreiing (KU). Konsekvensutgreiinga vil mellom anna omhandle naturmangfald, transport/ulukker, hamn, kaianlegg, støy og lukt. Det vil også bli utarbeidd ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), som del av reguleringsplanarbeidet.

Kostnader:

Kystverket tek på seg kostnader knytt til etablering av steinfylling/molo eller spunt. Kystverket fyller opp med masser opp til eit gitt nivå. Kystverket skal også stå for overvaking i anleggsperioden og overvaking/etterkontroll av deponiet.

Kostnader knytt til etablering av topplag og kaidekke/kaifront vert ikkje dekt av Kystverket. Kostnadene må dekkjast av framtidig kaieigar. Kommunen legg til grunn at grunneigar på land, skal eige utfyllt areal utanfor sin eigedom.

Kostnader knytt til fjerning (mudring) av masser utanfor Slippen, samt kostnader knytt til deponering av desse massene, inngår ikkje i Kystverket sitt prosjekt, og må dekkjast av andre instansar.

Rambøll AS har på oppdrag av Herøy kommune, berekna kostnadene i samband med mudring og tildekking av området ved Slippen. Rambøll AS viser til at det ikkje er mogleg å fastslå dei faktiske kostnadene ved mudring og tildekking før arbeidet vert kontrahert.

MUDRING	Lav	Høy	Lav	Høy
Mengde (m3)	2 302	4 604	Sum	Sum
Enhetspris	200	250	460 400	575 500
Massehåndtering	100	150	230 200	345 300
Sum			690 600	920 800
Rigg og drift påslag 10 - 15 %			69 060	138 120
			759 660	1 058 920
TILDEKING	Lav	Høy	Lav	Høy
Areal (m2)	4 604			
Enhetspris	120	170	552 480	782 680

Tabell 1. Ca. kostnader ved mudring og tildekking av slippområdet i Fosnavåg.

Utrekningane i tabellen ovanfor viser at mudring av området utanfor Slippen ned til 50 cm kan kome til å koste ca. 800.000 kroner ved låg einingspris og ca. 1.1 mill. ved høg einingspris (median 950.000). Tildekking av arealet er kostnadsrekna til ca. 550.000 kroner ved låg einingspris og ca. 800.000 kroner ved høg einingspris (median 675.000 kroner). Det vert gjort merksam på at kostnader knytt til deponering av massene ikkje er teke med i utrekninga. Det er lagt til grunn at Kystverket vil ta i mot massene. Deponikostnader utgjer ein vesentleg del av kostnadene ved mudring.

Ei rein tildekking vil vere eit noko rimelegare alternativ, særleg dersom deponikostnadene for mudringsmassane vert teke med i reknestykket.

Utrekningane viser at det sannsynlegvis kan vere same kostnad ved å mudre djupare (djupare enn 50 cm) til sjøbotnen er rein, i staden for å utføre både mudring og tildekking. Rambøll AS meiner det også truleg vil vere tilfelle sjølv om deponikostnadene vert teke med i vurderinga, sidan volumet av masser frå Slippen er såpass lite samanlikna med det øvrige mudringsvolumet i hamna som Kystverket vil stå ansvarleg for.

Kommunen kan søkje klima- og miljødepartementet om tilskot til opprydding av marin forsøpling (jf. kap.1420, post 71. Rundskriv T-1/15. Tilskotsordningar for 2016). Målgruppa for tilskotsordninga er frivillige organisasjonar og statlege, kommunale og fylkeskommunale føretak eller verksemder som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt, som ideelle stiftingar, interkommunale avfallsselskap og friluftsråd.

I tillegg er det mogleg å søkje på Fylkesmannen sine skjønnsmidlar. Skjønnsmidlane skal i utgangspunktet dekkje skeivheiter i høve til kommunen sitt inntektssystem. I tillegg fins det

ein eigen pott til ekstra uforutsette kostnader, som kommunen kan søkje på. Tildeling skjer kvar haust.

Alternativ 2 – Ytre	Kostnader	Alternativ 3 - Indre	Kostnader
Grunnkjøpskostnader:	Avtaleutkast akseptert frå grunneigar den 19.11.2015.	Kostnader knytt til erstatning for naust	Ikkje taksert
Rein tildekking:	675.000,-.	Rein tildekking:	675.000,-
Mudring:	950.000,-.	Mudring:	950.000,-

Herøy kommune skal utarbeide reguleringsplan med tilhøyrande dokument (planprogram, konsekvensutgreiing mm), oppgradere infrastrukturen i området og rydde opp i VA-anlegg.

Kontakt med grunneigarar

Herøy kommune har vore i kontakt med grunneigarane tilgrensande alternativ 2 og 3, for å få synspunkt på korleis dei ser på prosjektet så langt.

Alternativ 2- ytre

Det er gjennomført fleire forhandlingsmøte med omsyn til å sikre areal for å deponere masser i ytre del av Fosnavåg. Administrasjonen meiner forhandlingsklimaet har vore konstruktivt.

Kommunen si tilnærming har vore at strandlina er det viktigaste å sikre i offentleg eige og at det er gjeve rom for å etablere framtidige kaianlegg, serviceanlegg og promenader.

Den 19.11.2015 aksepterte Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS eit avtaleutkast som sikrar at deponi kan etablerast på eigedomane deira. Avtalen går i hovudsak på at kommunen erverver område A og B (sjå kart nedanfor) samt alle sjø- og tilflotsrettar framom areal A, B og grønt område markert på kartet.

Avtalen vert lagt fram kommunestyret for godkjenning i eiga sak straks den er klar. Dersom kommunestyret ikkje vel å gå inn for deponi på Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS sine eigedomar vil det ikkje vere grunnlag for å gå inn avtalen med respektive firma.

Kommunen har i sitt tilbod lagt til grunn erfaringsprisar frå grunnkjøp i Fosnavåg sentrum herunder kaiareal for sitt tilbod. Med omsyn til og kompensasjon knytt til alle sjø- og tilflotsrettar er desse vurdert av vår kommuneadvokat og lagt til grunn i tilbodet som er akseptert av grunneigarane.




Kart som vart lagt til grunn ved siste forhandlingsrunde

Kommunen ønskjer å erverve område A og B samt alle sjø- og tilflotsrettar framom areal A, B og grønt område markert på kartet.

Alternativ 2 – indre del av hamna

Ein vore i kontakt med grunneigarane som vert direkte berørt i samband med etablering av deponi i indre del av hamna, jf. kart nedanfor.



Kart som viser eigedommane kommunen har vore i kontakt med

Eigarane av naust/nausttomter (gnr. 34, bnr. 481, 491 og 510) har i samtale med kommunen gitt uttrykk for at dei er positive til ei ev. deponering i indre del av hamna, under føresetnad av at dei får erstatning for tap av naust/nausttomt.

Dersom kommunen erverver naust/nausttomter vil dette vere areal som kan vere av interesse for kommunen eller andre næringsaktørar å utvikle i samsvar med vedteken reguleringsplan.

Fosnavåg Pelagic AS, datert 11.11.2015 gir uttrykk for at dei syns det er vanskeleg å ta stilling til prosjektet ettersom mykje informasjon manglar. Det vert vist til bygningstekniske detaljar og kva det vil koste. Fosnavåg Pelagic AS informerer om at dei har stillstand på anlegget i perioden 15. februar til 1. juni og frå 1. juli til 1. august. Dersom prosjektperioden for arbeidet med deponi, strekkjer seg inn i sesongen til fiskemottaket, vil verksemda ha behov for etablering av ei mellombels mottaksordning. Eventuell stillstand på anlegget vil kunne føre til tapte kunderelasjonar og marknadsandelar, som på lengre sikt vil innebere betydelege tap. Fosnavåg Pelagic AS presiserer at det er viktig at det vert teke omsyn til dette i samband med planlegging av prosjektet.

Næringsverksemda viser til at selskapet er nystarta og har avgrensa midlar. Kostnader knytt til etablering av toppdekke, kai og fending ligg ikkje inne i investeringsplanane til selskapet. Med tanke på vidare drift og utvikling, er det av stor betydning at toppdekke og kai med tilhøyrande infrastruktur vert ein del av prosjektet.

Fosnavåg Pelagic AS viser til at kommunen i dag har høve til å søkje Kystverket om støtte til utbygging av kai og at det er ein føresetnad for å realisere prosjektet.

Verksemda føreset at det vert ein grundig gjennomgang i høve til eksisterande og framtidig infrastruktur i området og at selskapet si totale kailengde vert oppretthalden.

Fosnavåg Pelagic AS gir klart uttrykk for at dei på sikt kan kome til å utvide og utvikle anlegget, dersom forholda vert lagt til rette for det. Noko som igjen vil kunne tilføre kommunen fleire arbeidsplassar.

Kommentar:

På noverande tidspunkt er det vanskeleg å sei kor lang tid det vil ta frå start til slutt. Det er mellom anna avhengig av om ein går for ei rein mudring eller om ein går for miljøprosjekt. Val av metode (sugemudring eller grabbing) vil også ha innverknad på kor lang tid arbeidet vil ta. Ein må kome lenger i planprosessen før ein kan sei noko om tidsaspekt.

Kystverket vil så langt det let seg gjere ta omsyn til drifta ved anlegget. Det bør setjast ned ei eiga styringsgruppe som har fokus på dette.

Både private, Kystverket og kommunen har lagt til grunn at nytt kaiareal skal vere eigd av private. Ordninga Fosnavåg Pelagic AS viser til, gjeld for offentlege kaier og ikkje for private kaier/kaianlegg. Etter det kommunen kjenner til, har regjeringa lagt fram forslag om å fjerne stønadsordninga knytt til bygging av kai.

Ein vidare dialog mellom kommune, Kystverket og private må til for å avklare om det er mogleg å få til offentleg/privat samarbeid på dette området.

Gerh Voldnes AS, datert 28.10.2015, gir uttrykk for at dei syns det er vanskeleg å ta stilling til eit deponi i indre hamn. Dette med bakgrunn i at dei ikkje har drift i føretaket til å kunne ta store kostnader knytt til etablering av nytt kaidekke/kaifront. Gerh Voldnes AS eig eit smalt område mellom Sævik Invest AS og eigedommen som Fosnavåg Pelagic disponerer.

Gerh Voldnes AS har tidlegare gått ut i frå at dei ville få erstatta kaifronten og eit minimumsdekke, slik at dei kunne få nytta arealet. Grunneigar finn det lite tilfredsstillande at det vert lagt opp til at dei må dekkje kostnader knytt til etablering av topplag, kaidekke og fending. Gerh Voldnes AS gjer kommunen merksam på at ein kan risikere at ev. nytt areal vil kunne bli liggjande utan opparbeiding i mange år framover, dersom dei ikkje får kompensert ny kaifront.

Grunneigar meiner kommunen må bere kostnadene knytt til etablering av fast dekke og kai/kaifront, slik at grunneigar seinare kan legge til rette for bygging

Kommentar:

Innspelet er teke til vitande. Det vert elles vist til kommentar til Fosnavåg Pelagic AS.

Sævik Invest AS, datert 29.10.2015, gir uttrykk for at dei i utgangspunktet er positive til deponi i indre hamn. Sævik Invest AS forutset at dei beheld same kaifasilitetar som i dag utan ekstra kostnader. Grunneigar viser til at dei har tenleg kai i høve til deira føremål. Sævik Invest AS har verken behov for eller midlar til ny kai.

Kommentar:

Innspelet er teke til vitande.

Vurdering:

Det ligg forureina sediment i store delar av hamna. Det meste av dei forureina sedimenta vil bli fjerna i samband med Kystverket sitt mudringsprosjekt, med unntak av til dels sterkt forureina sediment utanfor Slippen. Undersøkingar har avdekt forureina masser på land som er aktive kjelder til forureining i hamnebassenget. Fylkesmannen kan pålegge grunneigarane å fjerne dei forureina massene på land. Fylkesmannen har ikkje har teke stilling til når eit eventuelt pålegg vil bli gitt.

Kommunen har i samarbeid med Kystverket arbeidd mykje med å finne eigna lokalitet for deponering av massene. Kommunestyret gjekk i møte 27.8.2015, inn for at massene kan deponerast enten i ytre del av Fosnavåg eller indre del av hamna. Kystverket krev at det vert lagt opp til eit deponi.

Kommunen må no ta stilling til to sentrale spørsmål:

1. Kvar skal massene deponerast? Skal ein gå for ytre eller indre del av hamna? Dei ulike alternativa har sine fordeler og ulemper.

Tema	Ytre del av Fosnavåg	Indre del av hamna
Kostnader: <ul style="list-style-type: none">- Grunnkjøp- Etablering av kai	I forhandlingar med grunneigarane. Ev. kostnader knytt til etablering av kai. Kommunen kan søkje om midlar til etablering av kai og søke om kostnadsdekking inntil 50 %. Dette under føresetnad av at det vert ei offentleg kai. Usikkert om ordninga held fram.	Kostnader knytt til erstatning for naust/nausttomt. Ev. kostnader knytt til etablering av kai. Kommunen kan søkje om midlar til etablering av kai og søke om kostnadsdekking inntil 50 %. Dette under føresetnad av at det vert ei offentleg kai. Usikkert om ordninga held fram.
Miljø	Ein føreset at alternativa stiller likt når det gjeld miljø.	Ein føreset at alternativa stiller likt når det gjeld miljø.
Framtidig bruk:	Etablering av deponi i ytre del, vil legge til rette for byutvikling, jf. byutviklingsprosjektet.	Etablering av deponi i indre del av hamna legg til rette for næringsutvikling knytt til eksisterande eigedommar. Etablering av deponi med kaidekke vil på sikt kunne auke verdien av eigedommane som er tenkt skal eige det utfylte arealet.

Etablering av deponi i ytre del av hamna vil kunne legge til rette for byutvikling av Fosnavåg, jf. Byutviklingsprosjektet. Grunneigarane i ytre del av hamna har stilt seg positive til

prosjektet. Mindre detaljar knytt til avtale gjenstår. Ein føreset at dei to alternativa stiller likt når det gjeld miljø.

Etablering av deponi i indre del av hamna vil kunne leggje til rette for vidare næringsutvikling knytt til eksisterande eigedommar. Grunneigarane i indre del av hamna har gitt uttrykk for at dei er positive til prosjektet. Samstundes gir dei klart uttrykk for at dei ikkje har rom for å dekkje kostnader knytt til etablering av toppdekke, kai og fending. Grunneigarane meiner kostnadane må dekkjast av kommunen / prosjektet.

2.Rein mudring eller miljøprosjekt ?

Formannskap og kommunestyre har vore positive til miljøprosjektet slik det har vorte framstilt til denne tid. Det ligg no føre kostnadsoverslag for mudring og tildekking av massene utanfor Slippen.

Etter kommunen si vurdering vil ein måtte pårekna at det vil koste mellom 1.5 – 2 mill. kroner å fjerne dei forureina massene utanfor Slippen. Kostnader knytt til deponering av massene inngår ikkje i dette overslaget.

Administrasjonen har vore i kontakt med Miljødirektoratet, for å høyre om det fins midlar ein kan søkje på. Miljødirektoratet viser til at kommunen kan søkje om midlar til prosjekt som ikkje ligg inne på noko prioriteringsliste. Frist er 1. oktober årleg. Miljødirektoratet rår kommunen til å søkje neste år, ettersom midlane for 2015 allereie er fordelt. Forventa oppstart av tiltaket i hamna er i 2017. Det er ikkje vanleg å fordele midlar til prosjekt som ligg så langt framme i tid.

Kommunen kan søkje klima- og miljødepartementet om tilskot til opprydding av marin forsøpling (jf. rundskriv T-1/15). Søknadsfrist er 16. januar. Ein kan også søkje om skjønnsmidlar.

Vil ei rein mudring (jf. Kystverket si avgrensing) og opprydding knytt til kloakkutslepp til hamna vere tilfredsstillande? Ein vil få ein vesentleg betre miljøstatus i hamnebassenget sett i forhold til dagens situasjon.

Eller bør ein ta kostnadene med ei opprydding i dei forureina sedimenta ved Slippen, for å hindre framtidig spreing av forureina sediment. Og for å oppnå ein vesentleg betre miljøstatus i hamna, når ein først er i gang.

Fylkesmannen rår til at ein fjernar dei forureina massene ved Slippen samstundes med at Kystverket utdjuvar hamna. Dersom det ikkje vert gjort, vil det bli dyrare og meir omfattande seinare. Eit anna viktig moment, er at dei forureina massene utanfor Slippen vil kunne bli spreidde og gi forureining andre stader i hamna på sikt. Miljødirektoratet har stilt seg positive til og oppmoda kommunen å arbeide vidare med miljøprosjektet. Kommunen fekk hausten 2013, 100.000,- kroner i støtte til tiltaksretta undersøkingar i Fosnavåg hamn. Som nemnt ovanfor kan kommunen søkje klima- og miljødepartementet om tilskot til opprydding av marin forsøpling.

Norge har forplikta seg til å rydde opp gjennom Vassdirektivet. Fosnavåg hamn er gitt høg prioritet i forslag til "Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal region 2016-2021". Prioriteringa er gjort etter innspel frå det lokale vassregionutvalet. Planen vert lagt fram for fylkesutvalet i november med tanke på godkjenning i fylkestinget i desember. Høg prioritet i planen vil kunne gi kommunen fordelar i høve søknad om midlar inn mot Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Miljødirektoratet. Vassregionmynde i Møre og Romsdal har støtta prosjektet med 50.000,-.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at ytre del av Fosnavåg vert valt som deponiområde i samband med Kystverket sitt mudringsprosjekt. Grunneigarane har stilt seg positive til prosjektet og løysinga vil gi rom for vidare utvikling av Fosnavåg by.

Rådmannen rår kommunestyret til å gå vidare med miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka. Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløysingar for prosjektet, både opp mot fylkeskommunen, fylkesmannen, Kystverket og Miljødirektoratet.

Fosnavåg, 17.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



Kystverket Midt-Norge

Postboks 1502
6025 Ålesund

Saksnr
2013/508

Arkiv
K24

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
DOK / LME

Dato
31.08.2015

**K-SAK 96/15: MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - PRINSIPPAVKLARING
DEPONERING AV MASSER I SAMBAND MED MUDRING**

Vedlagt følger:

- K-sak 96/15.

Herøy kommunestyre har den 27.08.2015 gjort slikt vedtak i saka:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.
4. Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuiping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkeshuset 6404 Molde
Møre og Romsdal fylke Fylkeshuset 6404 Molde
Maritim og teknisk komite
Anlegg- og driftsavdelinga



SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
150/15	Formannskapet	18.08.2015
96/15	Kommunestyret	27.08.2015

MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - PRINSIPPAVKLARING DEPONERING AV MASSER I SAMBAND MED MUDRING

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 (kombinasjon av innsegling til Fosnavåg hamn og indre del av hamna) skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid med sikte på etablering av deponi etter alternativ 3.

Møtebehandling i formannskapet 18.08.2015:

Rådmannen la fram slik ny tilråding i saka:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.

4. Herøy kommunestyre ber om at kostnadsfordelinga mellom Herøy kommune og Kystverket vert avklara snarast råd og at det vert gjort eit overslag over dei kommunale kostnadane ved dei to alternativa innan 15.10.2015 slik at kostnadane er kjende tidleg i reguleringsarbeidet og kan innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

Brev av 14.08.2015 frå Igesund Eigedom AS/Nordmar Eigedom AS vart utdelt.

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Per Kristian Furø (AP) kom med framlegg om slikt nytt pkt. 1 i rådmannen si tilråding:

«Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.»

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 3 røyster.

Per Kristian Furø (AP), Olaug Andreassen (AP) og Kjell Runde (Folk/SP) røysta imot.

Tilråding i Formannskapet - 18.08.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.
4. Herøy kommunestyre ber om at kostnadsfordelinga mellom Herøy kommune og Kystverket vert avklara snarast råd og at det vert gjort eit overslag over dei kommunale kostnadane ved dei to alternativa innan 15.10.2015 slik at kostnadane er kjende tidleg i reguleringsarbeidet og kan innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

Møtebehandling i kommunestyret 27.08.2015:

Brev av 24.10.2014 frå Herøy Fiskarlag vart delt ut.

Linn Therese Hansen Sævik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med grunneigar i området. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Linn Therese Hansen Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, a.

Bjarne Kvalsvik reiste spørsmål om noverande leiar av Herøy fiskarlag, Stig Arne Sævik, er inhabil. Stig Arne Sævik gjekk frå under handsaming av habilitet.

Stig Arne Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, andre ledd.

Marthe Vågsholm Sævik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er dotter til Stig Arne Sævik. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Marthe Vågsholm Sævik vart samrøystes kjend habil.

Per Kristian Furø (Ap) kom med slikt framlegg:

- «1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn. Det skal kun nyttast reine steinmasser til utfylling av deponiet i ytre hamn.
2. Herøy kommunestyre ber om utgreiing av eit nytt alternativ med deponering og tildekking av forureina masser på botnen av indre hamn, alternativt i kombinasjon med stranddeponi på indre hamn.
3. Stranddeponia i indre hamn blir begrensa i omfang til hovedsakleg å bygge nye kaier etter eksisterande kailiner.
4. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
5. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.
6. Herøy kommunestyre ber om at kostnadsfordelinga mellom Herøy kommune og Kystverket vert avklara snarast råd og at det vert gjort eit overslag over dei kommunale kostnadane ved dei to alternativa innan 30.11.2015 slik at kostnadane er kjende tidleg i reguleringsarbeidet og kan innarbeidast i budsjett og økonomiplan.»

Det vart halde gruppemøte.

H og Frp v/Ann-Katrin (Tine) Storøy (H) kom med slikt framlegg om endring av pkt. 4 i formannskapet si tilråding:

- «4. Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.»

Camilla Storøy (Krf) kom med slikt framlegg:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Stranddeponia i indre hamn blir begrensa i omfang til hovedsakleg å bygge nye kaier etter eksisterande kailiner.
3. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
4. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.»

Formannskapet si tilråding fall samrøystes.

H/Frp sitt framlegg vart vedteke med 15 mot 15 røyster (ordføraren si dobbeltrøyst).

4 røysta for Krf sitt framlegg.

11 røysta for Ap sitt framlegg.

Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.
4. Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.

Særutskrift:

- Kystverket, Region-Midt.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga.
- Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Maritim teknisk komité.
- Anlegg- og driftsavdelinga.

Vedlegg:

- 1 Innspel til deponering av forureina masse
- 2 Utvikling av Fosnavåg sentrum - deponering av slam frå hamna - våre planar.
- 3 Skissert deponiområde 15-7-2015
- 4 Prinsippavklaring - deponering av masser - alle alternativa
- 5 Uttale frå fylkesmannen 4-2-2015
- 6 Uttale frå fylkeskommunen 30-1-2015
- 7 K-sak 148/14

Bakgrunn:

Herøy kommunestyre gjorde slikt vedtak 27.11.2014, K-sak 148/14:

- «1. *Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.*
2. *Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.*
3. *Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong førebunde arbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.*
4. *Parallelt med dette vert det gjort ei vurdering på alternativ Samuelsholmen i Kråkøysundet.»*

Saksopplysningar:

Som det går fram ovanfor vedtok kommunestyret at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av hamna og rådmannen fekk fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar. Kommunestyret vedtok også at det vert sett i gong førebunde arbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn. Det må og nemnast at arbeidet med byutviklingsprosjektet for Fosnavåg har gitt føringar for det vidare utgreiingsarbeidet. Innspela frå dette prosjektet er teke omsyn til i administrasjonen sitt arbeid.

Det er gjennomført samtalar og forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi på lgesund-området (alternativ 2). Forhandlingane er ikkje slutførte pr. dato.

Administrasjonen har sett nærare på desse alternativa:

1. Samuelsholmen i Kråkøysundet.
2. Innseglinga til Fosnavåg hamn.
3. Indre hamn og huken i ytre del.

Alternativ 1. Samuelsholmen i Kråkøysundet

Kommunestyret ba om at det vert gjort ei ny vurdering på alternativ Samuelsholmen i Kråkøysundet.

Etter at saka var handsama i kommunestyret, sende administrasjonen sak knytt til lokaliteten ved Samuelsholmen i Kråkøysundet, på høyring til Fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Fylkeskommunen (FK), datert 30.01.2015

FK meiner Fosnavåg hamn peikar seg ut som den beste lokaliteten, med bakgrunn i:

- Transportavstanden er kort.
- Deponiet vil medverke til landvinning i sentrum, i samsvar med godkjend kommuneplan og redusere behovet for tilførsel av masser frå andre stader.
- Området er allereie sterkt påverka av menneskeleg aktivitet og det er ikkje konflikt med vesentlege naturressursar eller brukarinteresser.
- Ev. deponi ved Fosnavåg hamn let seg lett skjerme og arrondere.

FK rår frå alternativet ved Samuelsholmen/Kråkøysundet, med bakgrunn i:

- Området har ein viktig biologisk funksjon, dels av regional karakter.
- Området har vore i bruk og er godt eigna som låssettingsplass under silde- og brislingfiske.
- Ev.deponi ved Samuelsholmen/Kråkøysundet vil defragmentere eit område mellom Voldsund og Sandevika som i dag er tilnærma urørt. Verdien av ålmenta sitt friluftsliv vil bli redusert tilsvarande.
- Det er ingen naturgitt avgrensing/arrondering av deponiet.
- Transportavstanden er unødig lang og transport vil dermed gi unødige utslepp.

Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.

Fylkesmannen (FM), datert 4.2.2015

FM rår kommunen sterkt i frå å velje området ved Samuelsholmen i Kråkøysundet som deponiområde. FM peikar på at området er urørt med djupner mellom 0-20 meters djup og at området er ein del av eit større viktig beiteområde for sjøfugl og vadefugl. Det vert og vist til at det på Kråkøya foregår hekking av toppskarv, grågås, ærfugl og svartbak.

FM varslar at dei vil vurdere å reise motsegn til ein reguleringsplan som legg til rette for deponi ved Kråkøysundet.

Oppsummering/konklusjon - alternativ Samuelsholmen i Kråkøysundet:

Fylkeskommunen tilrår deponering av masser ved innseglinga til Fosnavåg hamn.

Fylkesmannen rår i frå å velje Kråkøysundet som deponiområde. Fylkesmannen varslar at dei vurderer å reise motsegn til reguleringsplan som legg til rette for deponi ved Kråkøysundet.

Alternativ 2. Innseglinga til Fosnavåg hamn

Lokalisering


Området ligg sentralt i Fosnavåg sentrum.



Lokalisering av området

Planstatus

Det meste av sjøarealet er ikkje regulert. Planområdet grensar til fleire reguleringsplanar. I kommuneplanen sin arealdel (2014) er sjøarealet lagt ut til sjøområde. Det er også lagt ut til sentrumsføremål (S).



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel

Deponi

Området har djupner frå ca. 4.7 m til ca 16-17 m. Ei etablering ved innseglinga vil gi ei god løysing med tilstrekkeleg kapasitet. Avhengig av molo. Plassering av molo er avgjerande for kor mykje masse deponiet kan romme.



Overflateareal: ca. 11.500 m². Kapasitet: ca. 100.000 m³.
Molo: 140 m lengde, høgde -13 til +3 m, ca. volum 58.000 m³.

Kostnader

Kystverket skal bere alle kostnadene i samband med etablering av deponi. Eventuelle kostnader knytt til ferdigstilling av areal, som ikkje er direkte knytt til deponiet, vil ein kunne pårekne at kommunen må ta del i.

Oppsummering

Lokaliteten ligg nær utdjupingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massane direkte til deponi, noko som vil vere ei miljømessig god løysing. Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte (sentrumsutvikling). Fylkesmannen og fylkeskommunen har ikkje hatt innvendingar til denne lokaliteten.

Alternativ 3. Kombinasjon av innseglinga til hamna og indre del av hamna

I samband med byutviklingsprosjektet, kom to av firmaene i parallelloppdraget med forslag om at massene kan deponerast i indre del av hamna. Dette vert no lansert som eit nytt alternativ til deponeringsområde, der ein ser føre seg at delar av massene vert deponert ved

innseglinga til hamna (i huken ved fiskarkona) og resten av massene blir deponert i indre del av hamna.

Lokalisering



Ca. avgrensing - huken i ytre del av hamna



Ca. avgrensing – indre del av hamna

Planstatus

Innseglinga ved hamna (huken ved fiskarkona) er i kommuneplanen lagt ut til sentrumsformål. Eldre reguleringsplan (planID 198701) gjeld framom k-planen for delar av området (hamneområde - landdel).

Sjøareala i indre del av hamna, er lagt ut til hamneområde i sjø, jf. områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn (planID 201263).

Deponi

Kystverket har vurdert området i indre del av hamna og stipulert at det vil vere rom for ca. 90.000 m³ masse, avhengig av kor langt ut ein set spuntveggen. Avgrensinga vist på flyfotoet ovanfor er ikkje endeleg avgrensing.

Kystverket har vurdert moglegheita for å berre deponere lausmassar i deponiet i indre del av hamna, for at det ikkje skal bli større enn nødvendig. Fjellmassane som skal fjernast vil då kunne nyttast til andre samfunnsmessige tiltak. Kystverket har signalisert at reine steinmasser kan deponerast i huken nedanfor fiskarkona, jf. intensjonane i KPA.

Kostnader

Kystverket har i e-post av 8.7.15, sagt at dei kan bere kostnadene med etablering av deponi i indre del av hamna.

Eventuelle kostnader knytt til ferdigstilling av areal, som ikkje er direkte knytt til deponiet, vil ein kunne pårekne at kommunen må ta del i.

Oppsummering

Lokaliteten ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massene direkte til deponi. Det vil vere ei god miljømessig løysing.

Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte.

Vurdering:

Kommunestyret vedtok i sak 148/14, at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av hamna. Rådmannen fekk fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.

Det er gjennomført samtalar og forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi på lgesund-området. Forhandlingane er ikkje slutførte pr. dato, men vil verte slutførte dersom kommunestyret vel denne lokaliseringa. Grunneigarane stiller seg positive til planane om å etablere deponi.

Administrasjonen har presentert alternativ 3 for alle dei berørte grunneigarane innanfor skissert deponiområde jf. vedlagt kart. På grunn av ferieavvikling har presentasjon funne stad i møte, på telefon og pr. e-post. Grunneigarane har vore opptekne av bruksrett, eigedomsrett til kai, eigedomsrett til oppfylt areal, eventuell erstatning for naust og tilflot og anna infrastruktur mm.

Rådmannen vurderer alternativet ved Samuelsholmen i Kråkøysundet som minst aktuelt. Det vert vist til fylkeskommunen og fylkesmannen, som rår sterkt frå å nytte området som deponi.

Etter rådmannen si vurdering, står ein igjen med to alternativ til lokalisering for deponering av masser.

Alternativ 2. Innseglinga til Fosnavåg hamn.

Alternativ 3. Kombinasjon av innseglinga til hamna og indre del av hamna.

Begge alternativa har god kapasitet. Områda ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massene direkte til deponi. Det vil vere gode miljømessige løysingar.

Områda vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte. Alternativ 2 legg til rette for nytt landareal som kan nyttast i samband med sentrumsutvikling. Alternativ 3 legg til rette for nytt næringsareal og styrker Fosnavåg hamn som fiskerihamn og legg grunnlag for positiv samfunnsutvikling i ytre del. Regionale instansar har stilt seg positive til begge alternativa.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at alternativ 3 vert valt som deponiområde for massene frå hamna. Alternativet vil etter rådmannen si vurdering styrkje næringsinteressene til hamna, gi gode miljømessige gevinstar og bidra til fornying og forbetring av kaiforholda i Fosnavåg. I kombinasjon med at det vert lagt til rette for å nytte «huken» i ytre del, bidreg ein til å forsterke byutviklinga i Fosnavåg på ein god måte. Som byutviklingsprosjektet og kommuneplanen sin samfunnsdel viser, kan tiltaket bidra til utvikling av Vågsplassen og etablering av ei kai i ytre del av Fosnavåg.

Vegen vidare

Etter at kommunestyret har fastsett kvar massene skal deponerast, vil kommunen starte nødvendig reguleringsplanarbeid med tilhøyrande utgreiingar. Dette vil skje i nært samarbeid med Kystverket. Parallelt med reguleringsplanarbeidet, vil Kystverket utarbeide hovudplan. I gjeldande NTP (nasjonal transportplan) ligg Fosnavåg hamn inne med oppstart i 2017, under føresetnad av at alt er på plass.

Fosnavåg, 15.07.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

Berit Sandvik Skeide

Fra: Robert Voldnes <robert@voldnes.no>
Sendt: 28. oktober 2015 16:31
Til: Berit Sandvik Skeide
Emne: SV: Mudring Fosnavåg hamn - ber om tilbakemelding

Svarbrev til Herøy Kommune angående denne saka.

Først vil eg slå fast at dette er for oss ei litt vanskeleg sak å ta stilling til. Det er positive element i prosjektet, men for oss som grunneigar er der og fleire negative sider.

Vi har hatt dialog med kommuna om tiltaka mellom anna gjennom møter.

Som før nemnt til kommuna er denne saka vanskelig fordi vi ikkje har ei drift i vårt vesle føretak til å kunne klare å ta store kostnader i samband med t.d. nytt dekke og kaifront på eit ev. nytt areal framfor vår eigedom. Vi hadde frå starten av rekna med at om tiltaket vart noko av – at vi fekk erstatta kaifronten og eit minimumsdekke slik at vi kunne få nytta arealet, og at det ikkje vart til sjenanse for andre (ved å bli liggande urørt). Slik vi skjønar kommuna no er dette ikkje i planen/budsjettet.

For vår del finn vi dette lite tilfredsstillande. Vi er og usikre på kor stort dette arealet kjem til å bli, og om det for oss er råd å i det heile teke få noko nytte av det. Vi reknar og med at det nye landet vert ein del av eit «promenade» areal som ikkje kan sperrast av eller berre benyttast av eigar. Det vert difor dobbelt feil at vi som grunneigar skal koste dette når vi alt har dette frå før, men altså flytta lenger ut i hamna.

Vi gjer difor kommuna merksam på at det dessverre kan kome til å bli slik at ev. nytt areal vil kunne bli liggande ubyggt og ubearbeidd i årevis framover, og om vi ikkje får kompensert ny kaifront er det for oss ei ulempe i det vi då misser den kaia/fronten som vi i dag har framfor bygget vårt.

Når det gjeld krav om kaifront tenkte vi ikkje på ein stor og brei front, men nok til å kunne gå der med skikk og ha ein pullert eller to, få opp fendarar etc. Vi forstår det slik at der berre vert ein slett stålvegg med masse og deponi bak. Det sei seg sjølv at utan ein kaifront vert denne delen for oss heilt ubrukeleg Dei kostnadsforslaga som kommuna har nemnt til oss for ein hengande kaifront er på mange millionar. Heilt umogleg for oss.

Det er difor vanskeleg for oss å meine noko svært positivt om dette tiltaket slik ståa er og dei planar som ligg føre.

Sjølvsagt ser også vi at nytt land kan medføre positive ting i framtida. Men om vi skal forhalde oss til dei innspele som er komne fram med dagens arealplan/bruk og om utfylling og manglade dekke og kaifront vert vår haldning som nemnt over. Hadde det derimot vore slik at det vart lagt til rette med eit minimum av fast dekke og ein kaifront, ville haldninga vore svært positiv. For oss vert dette rein kost/nytte vurdering..

Slik vi ser det – om dette tiltaket vert noko av - vert det besparelsar for kommuna/Kystverket i forhold til borttransport av massa til andre lokasjonar, og det vert laga nytt land med dei muligheiter det kan gi for framtida. Vi kan kun snakke for vår eigedom. Einaste rette for oss - etter vårt syn ville vere at når tiltaket er gjort -vert det av kommuna lagt eit (fast) dekke oppå fyllmassene og deponiet slik at ein seinare kan bygge ting oppå alt etter kva planar ein kan ha som grunneigar og kva arealplanen gir rom for, samt ein kaifront/dekke som i fellesskap kan einast om.

Mvh

Robert Voldnes

Gerh. Voldnes AS

Fra: postmottak@heroy.kommune.no [mailto:postmottak@heroy.kommune.no]

Sendt: 16. oktober 2015 09:29

Til: kurt@nsperre.no; Robert Voldnes <robert@voldnes.no>; runemigge@hotmail.com; yns_@hotmail.com

Kopi: berit.sandvik.skeide@heroy.kommune.no; jarl@heroy.kommune.no

Emne: Mudring Fosnavåg hamn - ber om tilbakemelding

Viser til møte med Fosnavåg Pelagic, Gerh Voldnes AS og Sævik Invest AS på Herøy rådhus torsdag 15.10.2015. Det vert også vist til møte med dykk 15.9.2015.

Bakgrunnen for møta med dykk, var kommunestyret sitt vedtak 27.8.2015.

Sitat frå vedtaket:

- 1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.*
- 2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.*
- 3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.*
- 4. Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuピング, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.*

Som nemnt i møte i går, skal administrasjonen leggje fram sak for formannskap og kommunestyre i midten/slutten av november.

Administrasjonen ber om ei tilbakemelding på korleis de vurderer skisserte deponering av masser i indre del av hamna.

Synspunkta dykkar vil bli lagt fram i samband med saka til formannskap/kommunestyre.

Frist for å kome med skriftleg tilbakemelding er sett til **30. oktober 2015**.

Helsing

BERIT SANDVIK SKEIDE
Planleggar/landskapsarkitekt

70 08 13 00 / 70 08 13 82

www.heroy.kommune.no

Fra: Rune K Sævik [<mailto:runemigge@hotmail.com>]
Sendt: 29. oktober 2015 15:57
Til: postmottak; Yngve Sævik; Jonny Leikanger; gert@skipsregnskap.no
Emne: Re: Mudring Fosnavåg hamn - ber om tilbakemelding

Hei

Viser til forespørsel fra Herøy Kommune angående deponi i Fosnavåg havn.

Vi er i utgangspunktet positive til deponi i Indre havn, men vi forutsetter at vi beholder samme kai-fasiliteter som i dag uten ekstra kostnader.

Vi har allerede en mer enn god nok kai til vårt foremål, så at vi ender opp med en tilsvarende operativ kai er en forutsetning fra vår side. Vi kommer neppe til å få noe mer enn de 70.000,- vi har per år for å leige den ut til Nordsjøbas, så vi har verken behov eller midler til å bruke på en eventuell dyr kai.

Vi har spurt Kystverket om det de normalt etterlater seg er godt nok til å fendres opp og brukes som kai tilsvarende slik vi har det per idag, men har ikke fått noe svar på det.

Vil anta at et deponi på indre havn vil gjøre flytting av utmudra masse såpass mye billigere for Kystverket at der kanskje kan vere midler til ny kai?

Inntektene vi har på området er 200.000,- per år i fritidsbåtlagring. Pluss som nevnt utleige av kai til Nordsjøbas. Fritidsbåtlagringa er avhengig av å ha det området som er slipp. Viss kaifront/deponifront kommer for langt frem så kan den, pluss Nordsjøbas og lignende båt som ligger ved kaien, hindre tilgang til slippen.

Et annet punkt vi ikke forstår er at det nå antydes at viss man kommer så langt at forurensa masse på land blir krevd fjerna så kan den ikke legges oppi etablert deponi på indre havn? Må den fraktes til Ålesund så vil dette fordyre prosessen veldig for de som skal ta kostnadene med å fjerne de massene som ligger på flere eiendommer rundt havna.

Vi vil gjerne holde en positiv dialog og prøve finne løsninger. Men jeg tror dere forstår at vi ikke kan akseptere store kostnader som kommer som en følge av en prosess som startet med en havneutdyping vi ikke har behov for.

Mvh
Sævik Invest AS
Rune Sævik, tlf 99607008

From: postmottak@heroy.kommune.no <postmottak@heroy.kommune.no>
Sent: Friday, October 16, 2015 9:29 AM
To: kurt@nsperre.no; robert@voldnes.no; runemigge@hotmail.com; yns@hotmail.com
Cc: berit.sandvik.skeide@heroy.kommune.no; jarl@heroy.kommune.no
Subject: Mudring Fosnavåg hamn - ber om tilbakemelding

Viser til møte med Fosnavåg Pelagic, Gerh Voldnes AS og Sævik Invest AS på Herøy rådhus torsdag 15.10.2015. Det vert også vist til møte med dykk 15.9.2015.

Bakgrunnen for møta med dykk, var kommunestyret sitt vedtak 27.8.2015.
Sitat frå vedtaket:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.
4. Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.

Som nemnt i møte i går, skal administrasjonen leggje fram sak for formannskap og kommunestyre i midten/slutten av november.
Administrasjonen ber om ei tilbakemelding på korleis de vurderer skisserte deponering av masser i indre del av hamna.
Synspunkta dykkar vil bli lagt fram i samband med saka til formannskap/kommunestyre.

Frist for å kome med skriftleg tilbakemelding er sett til **30. oktober 2015**.

Helsing

BERIT SANDVIK SKEIDE
Planleggar/landskapsarkitekt

70 08 13 00 / 70 08 13 82

www.heroy.kommune.no



Herøy kommune

Vi flaggar i dag for dåpen av fartøyet «August Nærø». Herøy Kommune er medarrangør når «August Nærø» vert døypt i Fosnavåg fredag.

[Read more...](#)

Berit Sandvik Skeide

Fra: Bjarte Andreassen <bjarte.andreassen@koppernes.no>
Sendt: 11. november 2015 23:17
Til: Berit Sandvik Skeide; postmottak
Kopi: Kurt Jakobsen (Kurt@nsperre.no)
Emne: Fra Fosnavaag Pelagic AS til Berit Sandvik Skeide

God dag,

Vi takker for gode og konstruktive møter vedrørende mulig plassering av deponi knyttet til vår eiendom. Dog føler vi det er vanskelig for å ta stilling til prosjektet da mye informasjon mangler spesielt rundt det bygningstekniske og hva dette koster.

Vi er positive til planene rundt utbedring av indre havn, og ser mulighetene til å videreutvikle forretningen vår på sikt, noe som igjen kan føre til inntil 50 nye arbeidsplasser i kommunen dersom deponiet blir lagt i tilknytning til vårt anlegg. Deponiet er en av forutsetningene for å få til en slik utvidelse av produksjonen.

Vi trenger en avklaring på følgende punkter:

Vi har tradisjonelt stillstand på anlegget i perioden 15. februar til 1. juni. Det er også en stillstandsperiode i fra 1. juli til 1 august. Dersom en evt. prosjektperioden strekker seg inn i det som er sesongen til fiskemottaket, vil det være behov for etablering av en midlertidig mottaksordning. For Fosnavaag Pelagic å være forhindret i å ta imot fisk i sesongen, innebærer tapte kunderelasjoner og markedsandeler som videre vil bety betydelige tap på lenger sikt. Det er viktig at dette blir tatt hensyn til i planleggingen av prosjektet. Stillstand under sesong kan sette alle arbeidsplassene i fare.

Selskapet er nystartet og har begrensede midler da det nettopp er gjort store investeringer i ny maskinpark. Slik vi forstår det dekker Kystverket innkapsling, sikring og overvåking av deponiet. Men de dekker ikke toppdekket, kai og fending. Dette antar vi representerer store beløp som Fosnavaag Pelagic ikke har rammer til å løfte i dag, og det ligger heller ikke inne i investeringsplanene til selskapet. For selskapets videre drift og utvikling, er det av stor betydning at toppdekket og kai med tilhørende infrastruktur sees på som en del av prosjektet. Slik vi skjønner regelverket har kommunen i dag mulighet til å søke Kystverket om støtte til utbygging av kai. Vi har selv vært med på tilsvarende ordninger andre steder i landet. Dette er en forutsetning for å realisere prosjektet. Vi antar at det vil være begrensninger knyttet til senere å skulle grave i deponimassene og som sådan er det ekstra viktig at nødvendig infrastruktur tilrettelegges før toppdekket/kaiene etableres. Det vil være behov for en grundig gjennomgang av dette i forkant av gjennomføring, og vi vil kreve at selskapet er involvert i dette arbeidet for å sikre at alt er gjennomtenkt og tatt med i planene. Med en slik utvikling av tomt/areal er det som tidligere bemerket en mulighet for oss til på sikt utvide og utvikle anlegget, noe som igjen vil kunne tilføre kommunen et betydelig antall flere arbeidsplasser.

For ordens skyld anmerkes at selskapet i dag har en utslippsledning for rensesprosessvann og en tilførselsledning med sjøvann som går gjennom havnebassenget og ut i Holmefjorden. Funksjonen til disse ledningene må ivaretas også i en eventuell prosjektperiode hvor produksjon ved anlegget pågår. Kommunen skal ha tegninger/beskrivelse av traseen til begge ledninger tilgjengelig.

Vi forutsetter videre at selskapets totale kai-lengde opprettholdes.

Vi forstår det slik at dybden i havnebassenget økes til 8,3 meter på laveste lavvann. Dette ser ut til å være tilpasset dypgående på fiskeflåten i dag, og vi anser derfor dette som en fornuftig beslutning.

Vi ser frem til å høre fra dere vedrørende saken.

Med vennlig hilsen

Fosnavaag Pelagic AS

v/styreleder Kurt Jakobsen

Beregnet til
Herøy kommune

Dokument type
Rapport

Dato
November 2015

MUDRING OG TILDEKKING AV FORURENSEDE SEDI- MENTER **SLIPPEN – FOSNAVÅG HAVN**

[Dobbelklikk for å sette inn bilde eller slett dette feltet]

MUDRING OG TILDEKKING AV FORURENSEDE SEDIMENTER SLIPPEN – FOSNAVÅG HAVN

Revisjon **0**
Dato **2015/11/09**
Utført av
Kontrollert av
Godkjent av
Beskrivelse **Vurdering av kostnader ved mudring og tildekking ved
slippen i Fosnavåg fiskerihavn**

Ramboll
92, Avenue d'Auderghem
1040 Bruxelles
T +32 02 737 96 80
F +32 02 737 9699
www.ramboll-management.be

I:\HE Utviklingsavdelinga\PLAN\BERIT\Miljøopprydding Fosnavåg hamn\Kostnadsoverslag Slippen - nov
2015\Rambøll notat_Kostnader ved mudring og tildekking ved slippen i Fosnavåg 10112015 (2).docx

INNHALDSFORTEGNELSE


1.	BAKGRUNN	1
2.	MÅLSETTING	2
3.	MUDRING OG TILDEKKING	2
3.1	Forundersøkelser	3
3.2	Kostnader ved mudring og tildekking	3

1. BAKGRUNN


Kystverket skal utdype Fosnavåg fiskerihavn til kote -8,3 m. Tiltaket omfatter mudring og sprengning. Massene som skal mudres er mer eller mindre forurenset. Kystverket og Herøy kommune har planer om å etablere et strandkantdeponi for de mudrede massene og eventuelt forurensete masser fra land som er påvist i nærheten av sjøen. Strandkantdeponiet vil gi nytt landområde.

Kystverkets tiltaksområde omfatter ikke slippområdet nord i havna (Figur 1). Herøy kommune ønsker å rydde opp i dette området for at hele havna skal oppnå en bedre miljøkvalitet enn i dag.

Det er uvisst hvor stor vertikal utbredelse de forurensete sedimentene har i slippområdet, men de øvre 20 cm er tidligere påvist å være forurenset (Rambøll 2014). Løsmassemengden er bestemt ut fra sonderingsboringer i flere punkter i havna. I ytterkanten av slippområdet varierer tykkelsen fra mindre enn 1 m i øst til nesten 11 m mot vest i utløpet av havna (Figur 2). Det er ikke utført geotekniske boringer i slippområdet.



Figur 1. Fosnavåg havn med markering av Kystverkets tiltaksområde (innenfor grønn og gul skravering) og Slippen (rød markering) hvor Herøy kommune har planer om å rydde opp i forurenset sjøbunn. Blå markering viser område som kan være aktuelt for strandkantdeponi.



Figur 2. Omtrentlig plassering av punkter for sonderingsboring (røde symboler) (NGI 2010) med angivelse av løsmassemekthet.

2. MÅLSETTING

Herøy kommune ønsker å få en beregning av kostnadene forbundet med mudring og tildekking av slippområdet nord i Fosnavåg havn.

3. MUDRING OG TILDEKKING

For å bringe miljøgiftene som finnes i sedimentene ut av sirkulasjon kan sedimentene enten fjernes (mudres) eller dekkes til. Et lag på 20 cm over forurenset bunn er tilstrekkelig for å hindre at de aller fleste bunnlevende dyr ikke trenger ned til de forurensete sedimentene. Siden det er utfordrende å legge ut et helt jevnt lag av dekkmasser på bunnen økes gjerne kravet til tykkelse på dekklaget til 40-50 cm. Eksempelvis er dypvannsdeponiet ved Malmøykalven i Oslo havn dekket med 40 cm sand og grus.

Hvis slippområdet tilføres et dekklag på 50 cm vil seilingsdypet reduseres betydelig. For å opprettholde samme dybde som i dag kan området først mudres ned til 50 cm sedimentdyp og deretter dekkes til med samme tykkelse. Basert på informasjonen i Figur 2 er det rimelig å anta at hvis det mudres ned til 50 cm sedimentdyp vil det påtreffes fjell i deler av området. Det er også sannsynlig at deler av området vil være rent etter at 50 cm av sedimentene er fjernet. Det er per i dag ikke nok informasjon til å kunne vurdere hvor stort område som vil være rent etter mudring. Prøvetaking og analyser av sjøbunnen etter mudring vil kunne avklare dette.

Siden området er grunt og det er en del båttrafikk inn i slippområdet vil dekkmassene være utsatt for oppvirvling. Dekkmassene må derfor være såpass grovkornet at de kan motstå erosjonen fra båtpropeller.

3.1 Forundersøkelser

Geotekniske undersøkelser i Fosnavåg havn viser at sedimentene stedvis er svært bløte og har et høyt organisk innhold. Det er ikke utført geotekniske undersøkelser i selve slippområdet, men observasjoner under prøvetaking av bunnsedimentene tyder på at forholdene kan sammenlignes med øvrige deler av havna. Det ble eksempelvis registrert høyt organisk innhold med lukt av kloakk og H₂S.

Overdekking av svært bløte sedimenter med tildekkingsmasser kan føre til utglidning eller grunnbrudd. Erfaringer fra tildekkingsprosjekter i USA, Japan og Norge, viser imidlertid at *in-situ* tildekking av forurensede sedimenter med normalt 0,3 – 0,5 m lag av sand og grusige masser og faktisk opp til 1,0 m lag er mulig å gjennomføre uten bruk av spesielle forsterkninger selv på meget bløte sedimenter, d.v.s. skjærstyrke < 1 kPa (Miljødirektoratet 2002). Ved svært bløte sedimenter (høyt vanninnhold, gjerne i kombinasjon med høyt organisk innhold) stilles det større krav til teknisk utførelse av tildekkingen. Ved å legge ut dekklaget i flere tynnere lag, flere runder, vil porevann få tid til å presses ut og økt styrke oppnås.

For planlegging og dimensjonering av tildekkingen bør det utføres geotekniske beregninger og vurderinger. I henhold til Miljødirektoratet (2002) kan kjente klassiske geotekniske beregningsmodellene for bæreevne og stabilitetsforhold og dessuten konsolideringsvurderinger benyttes (K. Terzaghi, R. B. Peck, 1967). Det må brukes relativt høye sikkerhetsmarginer i slike beregninger. Avhengig av konsekvenser ved eventuell utglidning eller grunnbrudd, usikkerheter ved fastsettelse av sedimentenes geotekniske egenskaper, belastningsforhold av tildekking og bruddmekanismer kreves det normalt under relativt veldefinerte forhold at den teoretiske sikkerhetsfaktoren skal være i størrelse 1,2-1,6 for å være beregningsmessig tilfredsstillende. En sikkerhetsfaktor på større enn 1,0 representerer en stabil situasjon. Sikkerhetsfaktoren bør imidlertid være helt opp til 3,0 for svært bløte sedimenter med mulig skjærstyrke mindre enn 1kPa fordi de fysiske egenskapene til slike materialer er vanskelig å bestemme med dagens geotekniske undersøkelsesmetoder og utstyr. Eventuelle gassforekomster i bunnsedimentene og hvordan de påvirker konsolideringsprosessen må vurderes spesielt. Eksempler fra Oslo havn hvor sedimentene var svært bløte (skjærstyrke < 1 kPa) viste at de kunne dekkes til med 0,3 m sand med bruk av en sikkerhetsfaktor på 3. Erfaringer har imidlertid vist at dersom tildekkingen legges ut for raskt eller med for tykke og ujevne lag kan massene blandes og tildekkingslaget blir ufullstendig og får begrenset effekt. Beregningseksempel for Oslo havn med omrørt skjærstyrke på ca 0,5 kPa gir en lagtykkelse for de første jevne lagene på maksimalt 10 cm (med sikkerhetsfaktor på 3).

I følge Miljødirektoratet (2002) kan det empirisk grunnlagsmateriale fra van Rijn (1993) og Hjulstrøm (1935) benyttes ved dimensjonering av dekklaget. Det er nødvendig å vurdere erosjonsfare fra bølger og propellstrøm fra båter for å sikre et bestandig valg av tildekkingsmateriale.

I tildekkingsområder hvor vanddypet er mer enn 15 m er bruk av splittlekter, fallbunnslekter og utpumpingsutstyr egnet for utlegging av sand og grusige masser. På grunt vann hvor vanddypet er mindre enn 15 m vil eksempelvis utstyr med horisontal materialfordeler være best egnet, kombinert med bruk av dekkmasser med gunstig tilpasset egenvekt som eksempelvis lett skjellsand etterfulgt av tung olivin som dessuten har gunstige overflatekjemiske egenskaper.

3.2 Kostnader ved mudring og tildekking

Faktiske kostnader ved mudring og tildekking er det ikke mulig å fastslå før arbeidene kontraheres. I det følgende er enhetspriser fra tilsvarende oppdrag benyttet. Enhetsprisen vil kunne variere alt etter markedssituasjonen, størrelsen på oppdraget, tilgjengelighet av masser og egenskaper ved lokaliteten. Mobiliseringkostnadene vil utgjøre en relativt stor andel hvis arbeidsomfanget

er lite. Siden Kystverket vil utføre mudring i resten av havna vil det kunne ha gunstig betydning for mobiliseringskostnadene. Enhetsprisene som er benyttet i kalkulasjonene har ikke tatt hensyn til en reduksjon som følge av Kystverkets arbeider.

Arealet av slippområdet er beregnet å utgjøre 4604 m². Fjernes 50 cm ved mudring genereres 2302 m³ mudringsmasser. Det er da behov for tilsvarende volum tildekkingsmasser. Erfaringspriser for tildekking er basert på enhetspris per areal, mens for mudring enhetspris per kubikk.

For mudringsarbeidet er kostnadsestimatet basert på mudringsmengde og kostnad ved massehåndtering å legge massene ut i deponiet (Tabell 1). Rigging og drift er satt til en prosentsats av kostnadssummen. Deponikostnader er ikke lagt inn i beregningen. Det antas at Kystverket vil kunne motta massene fra Herøy kommune. Deponikostnader utgjør en vesentlig andel av kostnadene ved mudring.

Enhetsprisen for tildekking er basert på utlegging av sand. Prisen vil variere avhengig av tilgang på egnede masser. Eksempelvis kan masser generert fra veibygging være et rimelig alternativ som sammenlignet med masser fra kommersielle masseuttak.

Tabell 1. Antatte kostnader ved mudring og tildekking av slippområdet i Fosnavåg.

MUDRING	Lav	Høy	Lav	Høy
Mengde (m3)	2 302	4 604	Sum	Sum
Enhetspris	200	250	460 400	575 500
Massehåndtering	100	150	230 200	345 300
Sum			690 600	920 800
Rigg og drift påslag 10 - 15 %			69 060	138 120
			759 660	1 058 920
TILDEKKING	Lav	Høy	Lav	Høy
Areal (m2)	4 604			
Enhetspris	120	170	552 480	782 680

Overlagsberegningene i Tabell 1 viser at mudring av slippen i Fosnavåg havn ned til 50 cm kan beløpe seg til ca 800.000 NOK. Tildekking av samme arealet vil anslagsvis bli noe mindre kostbart. Tildekking er et noe rimeligere alternativ, særlig hvis deponikostnadene for mudringsmassene tas med i regnestykket. Beregningene viser at det sannsynligvis kan være omtrent samme kostnad ved å mudre dypere til sjøbunnen er ren istedenfor å utføre både mudring og tildekking. Det vil også trolig være tilfelle selv om deponikostnadene tas i betraktning, siden volumet av masser fra slippen er såpass lite sammenlignet med det øvrige mudringsvolumet i havna som Kystverket vil stå ansvarlig for.

Hvis tildekking velges må det også påregnes kostnader ved utredning av egnethet av masser og hvordan utleggingen må foregå for at tildekkingen skal bli vellykket.

VEDLEGG 1
[APPENDIX TITLE]

[Tekst]



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: JMM

Arkivsaknr:

2012/557

Arkiv:

611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
226/15	Formannskapet	01.12.2015
196/15	Kommunestyret	10.12.2015

MOLTUSTRANDA BÅTFOREINING - KJØP AV RESTERANDE DELER AV HAMNEOMRÅDET

Møtebehandling:

Dokumentasjon vedk. kostnad utfylling av området vart lagt fram i møte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 01.12.2015

1. Herøy kommune sel deler av gnr. 62 bnr. 26 til Moltustranda båtforening, slik det er vist på vedlagt kartutsnitt. Kjøpesum for utfylt landareal blir sett til kr. 8 pr.m2 og kr. 0 pr.m2 for sjøareal. I tillegg kjem omkostningar til oppmåling, frådelling, dokumentavgift og tinglysningsgebyr.
2. Sal av hamneområdet blir gjennomført etter gjeldande retningslinjer
3. Inntekter ved sal av grunneigedomen skal reknskapsførast tomtefondet
4. Ordføraren får fullmakt til å signere kjøpekontrakt og dokument for overskjøting i tråd med ovannemnde vedtak.

Tilråding:

1. Herøy kommune sel deler av gnr. 62 bnr. 26 til Moltustranda båtforening, slik det er vist på vedlagt kartutsnitt. Kjøpesum for utfylt landareal blir sett til kr. 8 pr.m2 og kr. 0 pr.m2 for sjøareal. I tillegg kjem omkostningar til oppmåling, frådelling, dokumentavgift og tinglysningsgebyr.

2. Sal av hamneområdet blir gjennomført etter gjeldande retningslinjer

3. Inntekter ved sal av grunneigedomen skal reknskapsførast tomtefondet

4. Ordføraren får fullmakt til å signere kjøpekontrakt og dokument for overskjøting i tråd med ovannemnde vedtak.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga
- Økonomiavdelinga
- Moltustranda båtforening v/ formann Ivar Moltu

Vedlegg:

- 1 - Kartutsnitt med areal som skal seljast M 1:1500
- 2 - Tilbod frå Herøy kommune til båtforeninga inkl kart, 06.10.2015
- 3 – Aksept for tilbod frå båtforeninga, datert 08.10.2015
- 4 - Flyfoto over området M 1:1500
- 5 - Eldre flyfoto over området (1965)

Saksopplysningar:

Herøy kommunestyre vedtok i 1980 i K-sak 230 å erverve grunn til småbåthamn på Moltustranda. Grunnen vart stilt til fri disposisjon for Moltustranda båtforeining for eit tidsrom på 50 år. Kommunen betalte i 1980 kr 2,50 pr m2 for råtomt. Småbåthamna var på det tidpunktet kommunen kjøpte grunnen ikkje opparbeidd. Området var kun avgrensa av naturlege holmar og skjer.

Moltustranda båtforening har etter sin disposisjonsrett fylt ut arealet og etablert området til småbåthamn.

Etter søknad vedtok kommunestyret i 1983 å vederlagsfritt overdrage ca 5 da naustgrunn til båtforeninga til vidare oppfylling og sal av naustplassar. Resterande del av hamneområdet skulle framleis vere kommunal eigedom.

Med tanke på vidare utvikling søker Moltustranda båtforeining Herøy kommune om å få kjøpe resterande kommunal grunn innanfor hamneområdet som vist.

Båtforeninga ynskjer å erverve deler av kommunens eigedom gnr. 62 bnr. 26. Eigedomen er ca 14.498 m2 stor og er utfylt areal, sjå vedlagt kartutsnitt. Mesteparten av arealet utgjer i dag sjøgrunn med tilhøyrande molo og småbåtanlegg.

Prisen som rådmannen tilrådde for sal av arealet i 2010 var kr 10 pr m2. Bakgrunn for denne prisen var ei justering av kvadratmeterprisen i høve konsumprisindeksen frå 1980-2010. Formannskapet meinte ved behandling av saka i 2010 at prisen var for høg og reduserte den til kr 7.5 pr m2. I denne saka har ein valt å følgje formannskapet sitt tidlegare vedtak på kr 7.5 kr, men det er gjort ei justering av prisen frå 2015 i høve konsumprisindeksen fram til i dag. Dette tilsvarer ein pris på kr 8 pr m2.

Området som båtforeninga skal betale for er utfylt areal og ikkje sjøareal. Storleiken på utfylt areal som det skal betalast for er 3.358 m2. Resterande del av området er sjøareal.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen kan ikkje sjå at kommunen har særskilte eigarinteresser i arealet og finn det som teneleg at båtforeninga, som brukar av området i dag, får hand om resterande del av hamneområdet.

Prisen på kr 8 pr m2 er knytt til utfylt landareal. Denne prisen tek utgangspunkt i formannskapet sitt vedtak om ein pris på kr 7.50 pr m2 i F-sak 59/10, og er justert i samsvar med konsumprisindeksen.

Arealet som båtforeninga skal betale for er 3.358 m². Resterande del av området er sjøareal. Rådmannen finn ikkje grunnlag for at båtforeninga skal betale for sjøareal og tilrår difor at prisen for dette arealet blir sett til kr 0.

Utviklingsavdelinga har oversendt eit tilbod, med forbehold om politisk godkjenning, om at båtforeninga kan få kjøpe arealet til kr 26.864,- pluss omkostningar. Dette er skriftleg akseptert av båtforeninga.

Rådmannen rår til at Moltustranda båtforening får kjøpe areal som dei sjølv har tatt kostnaden med å fylle ut til ein råtomtpris frå 1980, justert i høve konsumprisindeksen, til ein pris på kr 8.0 pr m² for utfylt landareal på kr 3.358 m². Prisen for resterande sjøareal blir sett til kr 0.

Ein rår til at båtforeninga får kjøpe arealet til den prisen som er nemnt over. Arealet må frådelast og oppmålast før sal.

Fosnavåg, 13.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



1:1500


06.10.2015



= Landareal kr 8/m²



= Sjøareal kr 0/km²



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

$$\text{Landareal} = 3.358 \text{ m}^2 \times 8,0 \text{ kr} = \underline{26.864,-}$$


(I tillegg kjem omkostningar ved salg)



1:1500

14.498 m²

06.10.2015



© Kartverket

Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.



1:1500

06.10.2015



= Landareal kr 8/m²



= Sjøareal kr 0/km²



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

$$\text{Landareal} = 3.358 \text{ m}^2 \times 8,0 \text{ kr} = \underline{26.864,-}$$

(I tillegg kjem omkostningar ved salg)



Moltustranda Båtföreining v/Formann Ivar Moltu

Kalvegjerdet 12
6076 MOLTUSTRANDA

Saksnr
2012/557

Arkiv
611

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / AZT

Dato
06.10.2015

MOLTUSTRANDA BÅTFÖREINING - TILBOD OM KJØP AV RESTERANDE DELER AV HAMNEOMRÅDET

Viser til dykkar e-post av 04.01.2015 og tidlegare brev av 05.12.2011 med førespurnad om kjøp av resterande hamneområde gnr 62 bnr 26 til Moltustranda båtföreining.

Kommunen vil først og fremst beklage at dykk ikkje har fått svar på dykkar førespurnad før no.

Herøy kommune kan tilby dykk kjøp av hamnearealet slik det er avgrensa på vedlagt kartutsnitt. Eigedomen er avgrensa til ein storleik på 14.498 m². Av dette arealet er 3.358 m² utfylt landareal og resterande del sjøareal.

Ein vil kunne tilby båtföreininga kjøp av utfylt landareal på 3.358 m² til ein pris på kr 8 pr m². Båtföreininga skal ikkje betale noko for sjøarealet som inngår i eigedomen, slik at pris for sjøareala blir sett til kr 0 pr m².

Kjøpesummen for eigedomen samla blir kr **26.864,-** (eks. omkostningar).

Vi føreset at kjøpar dekkjer omkostningar ved salet slik som frådelling, oppmåling, tinglysingsgebyr og dokumentavgift.

Tilbodet her er gitt med atterhald om politisk godkjenning av kommunestyret.

Vi ber Moltustranda båtföreining om tilbakemelding på vårt tilbodet innan **03.11.2015.**

Dersom kommunen ikkje høyrer noko innan fristen vil saka bli lagt fram for kommunestyret med tilråding om sal av areal til båtföreininga slik det går fram av tilbodet.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar

Kopi:

Magnar Lillestøl Gardakroken 4 6076 MOLTUSTRANDA

Moltustranda 08.10.2015

Herøy Kommune.

Utviklingsavdelinga.

V/Avdelingsleier Jan Martin Møller.

Sakshandsamar Aleksander Zahl Tarberg.

Saksnr.2012/557

Arkiv 611

TILBUD OM KJØP AV RESTERANDE DELER AV HAVNEOMRÅDET.

Styret i Moltustranda båtforening aksepterer Herøy Kommune sitt tilbud om kjøp av resterende havneområde gnr 62 bnr 26, slik det går frem av brev den 06.10.2015.

Styret i Moltustranda båtforening aksepterer en samla kjøpesum på kr 26.864, der kjøper dekker omkostninger ved salet som frådelling, oppmåling, tinglysingsgebyr og dokumentavgift.

Styret i Moltustranda båtforening vil sette pris på at det etter politisk godkjenning, vert sett i verk arbeid for å få dette tinglyst.

Mvh.

Formann

Ivar Moltu.



1:1500

09.10.2015



© Kartverket

Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

kommuneftale

Norge i bilder

Koordinater (nedre venstre - øvre høyre)
Euref89 UTM32 6911512N 323708Ø - 6912084N 324112Ø





Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RVB	Arkivsaknr:	2012/150
		Arkiv:	G20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/15	Eldrerådet	23.11.2015
6/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	23.11.2015
29/15	Komite for Helse og omsorg	26.11.2015
227/15	Formannskapet	01.12.2015
197/15	Kommunestyret	10.12.2015

REFORHANDLING OG REVISJON AV SAMHANDLINGSAVTALEN MELLOM KOMMUNANE OG HELSEFØRETAKET I MØRE OG ROMSDAL

Møtebehandling:

Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge møtte og orienterte.
Tilråding frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet
og komite for helse og omsorg vart lagt fram i møte.

Rådmannen si tilråding med tillegg av pkt. 4 framlagt av komite for helse og omsorg
vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 01.12.2015

1. Herøy kommunestyre godkjenner den reviderte Samhandlingsavtalen mellom Herøy kommune og Helse Møre og Romsdal HF slik den ligg føre i vedlegg til saka, unnateke vedlegg 5a, som er sendt til tvisteløysning.
2. Herøy kommunestyre har som føresetnad at vedlegg 5a i den tidlegare avtalen skal gjelde uendra inntil avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd.
3. Rådmannen får fullmakt til å vedta retningsliner og prosedyrer som følgjer av avtalen, dersom desse ikkje er av vesentleg eller prinsipiell betydning. Rådmannen får på same vilkår også fullmakt til administrativ godkjenning av vedlegg 5a, når avgjerd i Nasjonal tvisteløysingsnemd ligg føre.
4. Samhandlingsavtale vil medføre ein kostnad per år til praksiskonsulent. Herøy kommune sin andel, om lag kr. 27.500,- vert for 2016 å belaste bundne fond konto 25100269, Akutthjelp Helse og omsorg.

Møtebehandling:

Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge orienterte.

Rådmannen si tilråding med fylgjande tillegg vart samrøystes vedteken:

Pkt. 4. Samhandlingsavtale vil medføre ein kostnad per år til praksiskonsulent. Herøy kommune sin andel, om lag kr. 27.500,- vert for 2016 å belaste bundne fond konto 25100269, Akutthjelp Helse og omsorg.

Tilråding i komite for Helse og omsorg - 26.11.2015

5. Herøy kommunestyre godkjenner den reviderte Samhandlingsavtalen mellom Herøy kommune og Helse Møre og Romsdal HF slik den ligg føre i vedlegg til saka, unnateke vedlegg 5a, som er sendt til tvisteløysning.
6. Herøy kommunestyre har som føresetnad at vedlegg 5a i den tidlegare avtalen skal gjelde uendra inntil avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd.
7. Rådmannen får fullmakt til å vedta retningsliner og prosedyrer som følgjer av avtalen, dersom desse ikkje er av vesentleg eller prinsipiell betydning. Rådmannen får på same vilkår også fullmakt til administrativ godkjenning av vedlegg 5a, når avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd ligg føre.
8. Samhandlingsavtale vil medføre ein kostnad per år til praksiskonsulent. Herøy kommune sin andel, om lag kr. 27.500,- vert for 2016 å belaste bundne fond konto 25100269, Akutthjelp Helse og omsorg.

Møtebehandling:

Merknad til saksfører av samhandlingsavtalen: I vedlegg 4, under overskrift «Legetilsyn» må innhaldet endrast frå felles legevakt 15-08 ved Myrvåg legesenter til 15-22 og ved det interkommunale samarbeidet med Volda sjukehus frå 22-08.

Tilråding i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 23.11.2015:

Saka vert teke til vitande.

Møtebehandling:

Pleie- og omsorgsleiar orienterte om samhandlingsavtalen og dei aktuelle endringane.

Tilråding i eldrerådet 23.11.2015

Saka vert teke til vitande.

Tilråding:

9. Herøy kommunestyre godkjenner den reviderte Samhandlingsavtalen mellom Herøy kommune og Helse Møre og Romsdal HF slik den ligg føre i vedlegg til saka, unnateke vedlegg 5a, som er sendt til tvisteløysning.
10. Herøy kommunestyre har som føresetnad at vedlegg 5a i den tidlegare avtalen skal gjelde uendra inntil avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd.
11. Rådmannen får fullmakt til å vedta retningsliner og prosedyrer som følgjer av avtalen, dersom desse ikkje er av vesentleg eller prinsipiell betydning. Rådmannen får på same vilkår også fullmakt til administrativ godkjenning av vedlegg 5a, når avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd ligg føre.

Særutskrift:

Pleie- og omsorgsleiar
Bu- og habiliteringsleiar
Barn-, familie og helseleiar
Kommuneoverlegen
HTV Legeforeninga, NSF, Fagforbundet

Utskrift av endeleg vedtak:
Helse Møre og Romsdal HF

Vedlegg:

1. Oversendingsskriv frå Helse Møre og Romsdal HF
2. Saksframlegg og vedtak i overordna samhandlingsutval
3. Ny avtaletekst datert mai 2015 (nynorskversjon ligg ikkje føre)
4. Mail av 10.11.15 frå samhandlingsjef i Helse Møre og Romsdal HF om tvist mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF
5. Avtale mellom Herøy kommune og Helse Møre og Romsdal HF om drift av øyeblikkelig hjelp døgnplassar
6. Gjeldande delavtale 5a

Saksopplysningar:

Enten pasienten vert behandla på sjukehus eller i kommunehelsetenesta er ideologien i samhandlingsavtalen at pasienten er på ein felles bane mellom kommunane og helseføretaket, der begge partane har felles ansvar for eit godt resultat.

Helseføretaket (HF vert vidare tidvis nytta som forkorting) har hatt samhandlingsavtale med kommunane i fleire år, men frå samhandlingsreforma i 2012 vart der sentrale føringar på kva desse avtalene skulle innehalde. Sjølve samhandlingsavtalen, også kalla hovudavtalen, definerer samhandlingsomgrepet og kva som er felles verdigrunnlag og målsetting. Den definerer samhandlingsområda og samhandlingsformene. Vidare kva som er partane si plikt til gjennomføring og forankring, avtale for involvering av pasient- og brukarorganisasjonar, samt samarbeid om avviks- og forbetningsarbeid. Og til slutt reglar for usemje, mislighald og endring og oppseiing av avtalen. Samhandlingsavtalen har 13 delavtalar:

1. Hvilke helse- og omsorgsoppgaver som partene har ansvar for- og hvilke tiltak som partene skal utføre
2. Samarbeid for å sikre helhetlige og sammenhengende helse- og omsorgstjenester til pasienter med behov for koordinerte tjenester
3. a) Samarbeid om innleggelse og behandling av pasienter med behov for somatiske tjenester
b) Samarbeid om innleggelse og behandling av pasienter med behov for psykisk helsevern og/eller tverrfaglig spesialisert rusbehandling
4. Samarbeid om døgntilbud for øyeblikkelig hjelp (i kopi av samhandlingsavtalen ligg ein mal. Herøy kommune sin avtale ligg som eige vedlegg)
5. a) Avtalen er sendt til tvisteløysingsnemnda
b) Samarbeid om utskriving av pasienter med behov for tjenester innanfor psykisk helsevern og rusrelatert behandling
6. Retningslinjer for gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling og for faglige nettverk og hospitering
7. Samarbeid om forskning, utdanning, praksis og læretid
8. Samarbeid om svangerskaps-, fødsel- og barselomsorg
9. Samarbeid om IKT-løsningar og elektronisk samhandling
10. Samarbeid om forebygging
11. Omforente beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden
12. Samhandlingsstruktur i Møre og Romsdal mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal HF
13. Samarbeid om praksiskonsulentordningar (her ligg ein konkret forpliktelse om økonomisk finansiering)

Samhandlingsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF er revidert våren 2015, og skal tre i kraft frå 01.01.2016.

Forhandlingsutvalet bestod av samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm og rådgjevar Robert Giske frå helseføretaket (HF) Kommuneadvokat Olav Aarø og kommuneoverlege Arne Gotteberg for Sunnmøre regionråd, kommunalsjef Gunhild Eidsli for Orkidè og kommunalsjef Arild Kjersem for ROR. KS var representert med Stig Holmstrøm og pasientutvalget med Kåre Steinsvik.

Forhandlingane endte i år med eit brot mellom partane vedkomande vedlegg 5a (som i den nye avtalen vil heite delavtale 5a) Denne gjeld samarbeidsrutiner ved utskriving av pasient, og ein 24 timers frist for HF å melde endra behov for kommunale helse og omsorgstenester før utskriving. Tvisten er sendt over til Nasjonal tviste-løysningsnemnd etter at ein ikkje nådde frem til semje gjennom lokal tvistenemnd. Kommunalsjef Arild Kjersem og kommuneoverlege Arne Gotteberg har vore utpeika på vegne av samtlege kommunar i Møre og Romsdal å stå føre kommunane sine interesser i tvistemålshandsaminga. Partane har venta på ei avgjerd før årsskiftet, men saka dreg såpass i langdrag at ein vel å legge fram samhandlingsavtalen, unntatt det aktuelle vedlegget, til politisk godkjenning innan utgangen av året. Fram til avgjerd vert den omtvista delavtalen å praktisere som før. Dette blir utdjupa nedanfor.

Aktuelt

Hovudavtalen har i år fått ein redaksjonell gjennomgang og språkvask. Det er i tillegg utarbeidd eit innhaldsregister og stikkordsregister til avtalen. Det er også gjort eit forenklingssarbeid ved å samle referansane til det mest sentrale lov- og forskriftsgrunnlaget i hovudavtalen i staden for å ha dette under kvart kapittel.

Ein har erfart at det er for liten kunnskap om samhandlingsavtalen hos partane. *Hovudavtalen punkt 5* presiserar difor at det er naudsynt med betre opplæring om avtalen i kommunane og helseføretaket, samt behovet for gjensidig informasjon og koordinering mellom kommune og helseføretaket til beste for pasienten.

Avviksrapportering og systematisk behandling av avviksmeldingane er viktig for forbetring. I *hovudavtalen punkt 7* er det innarbeidd ein link til felles avviksprosedyre. Samhandlingavdelinga i helseføretaket skal kvart år utarbeide ein rapport med oversikt over innmeldte avvik på samarbeidsområdet og utfallet av avvikshandteringa. Rapporten går til Overordna samhandlingsutvalg, og som orientering til kommunene og dei lokale samhandlingsutvala.

Hovudavtalen sitt punkt 10 vedkomande endring og oppseiing er korrigerert frå årlege reforhandlingar til anna kvart år. Dette synes fornuftig, då årleg revisjon var meir naudsynt då samhandlingsavtalen var ny for partane.

Delavtalane: Ved revisjonen har alle dei 13 vedlegga fått nemninga delavtale. Dei har fått nokre, til dels vesentlege, endringar. Dei viktigaste endringane er som fylgjer.

Delavtale 3a – Samarbeid om innlegging og behandling av pasientar med behov for somatiske helsetjenester.

Delavtalen har fått ei endring som stiller krav til kommunane om rapportering til sjukehuset etter mottak av melding om innlagt pasient som har motteke kommunal helseteneste. Kommunane skal då sende melding om innleggelsesrapport i retur innan 4 timar etter at sjukehuset har meldt pasienten innlagt. Dette skal vere ei kort

samanfatning av aktuelle helseopplysningar og supplerande opplysningar frå dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Elektronisk meldingutveksling gjer det mogleg å halde denne fristen. Prosedyrar om informasjonstryggleik etter Norm for informasjonstryggleik og gjeldande føresegner må takast i vare. Samstundes må det frå kommunane si side vurderast kva som er relevante helseopplysningar. Vedlegget gjeld samhandling og informasjonsutveksling innanfor somatiske helsetenester og førebels ikkje andre områder.

Delavtale 3b og 5b gjeld samarbeid om innlegging og utskriving av pasientar med behov for psykisk helsevern og / eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Frå i år er rusrelatert behandling teke inn i avtalen. Rusføretaket vart ein integrert del av Helse Møre og Romsdal frå 01.01.2014. Nokre kommunar har særskilte avtalar med rusføretaket frå perioden før dette, men ein ser det no føremålsteneleg å innarbeide området i samarbeidsavtalen. Frå kommunane si side vart det uttrykt skepsis ift. konsekvensane dette ville få for krav til behandlingstilbod. I alle høve er det verd å merke seg at gjeldande lovgjeving sett krav til kommunane om å sørge for naudsynte helse og omsorgstenester for denne pasientgruppa. Avtalen utvidar ikkje dette ansvaret, men konkretiserar nokre samhandlingstiltak, jf pkt 5.2.

Når det gjeld rutiner om utskriving er det vesentleg skilnad mellom området for somatikk og psykisk helsevern / rusrelatert behandling. For kommunane vil det vere viktig å følgje utviklinga på området nøye.

Som nevnt i innleiinga er det brot mellom partane vedkomande det noverande *vedlegg 5a*. Problemstillinga gjeld kravet til helseføretaket om at dei skal varsle kommunane om utskrivingsklar pasient og forventna funksjonsnivå og hjelpebehov etter utskriving, så snart dette er avklart og seinast 24 timar før utskriving av pasienten. Dette for at kommunane skal ha rimeleg tid på å bygge opp eit forsvaleg tenestetilbod. Helseføretaket krev fristen på 24 timar fjerna og erstatta med formuleringa « så snart dette er avklart».

Problemstillinga kjem på spissen der nokre kommunar har nekta betaling for overliggende pasienter når varsel ikkje er sendt innan fristen. Helseføretaket meiner at kommunane ikkje har heimel for å nekte betaling for overliggende pasient, om slikt varsel ikkje er sendt innan fristen frå sjukehuset. Kommunane ønsker å oppretthalde regelen også med visning til at ein får naudsynt tid til å legge til rette for mottak av pasienten. Som nemnt er saka oversendt Nasjonal tvistenemnd for behandling.

I delavtale 8 er det verdt å merke seg *punkt 4.3 pkt 3* vedkomande jordmor og helsesøsterressurser i kommunane. Ein skal arbeide for å ta i vare nasjonale faglige retningslinjer på området, med blant anna tidleg heimebesøk av jordmor.

I delavtale 12 er det innarbeidd endring i samhandlingsstrukturen i tråd med tilrådinga frå ei arbeidsgruppe som har evaluert erfaringane så langt. Ein har hatt eit overordna samhandlingsutval med representantar frå heile føretaksområdet. Vidare to administrative samhandlingsutval der det eine var knytt til Ålesund og Volda sjukehus, og det andre til Molde og Kristiansund.

Det overordna samhandlingsutvalet vert vidareført, men det er gjort endringar/reduksjonar i talet representanter i og tillitsvalgtrepresentasjon i utvalet. Det vert oppretta eit eige arbeidsutvalg som førbur saker til overordna utvalsmøter. Dei to administrative samhandlingsutvala er tatt ut og erstatta med lokale samhandlingsutval for kvart sjukehusområde, slik at det blir fire utval. Dette fordi ein

ynskjer å tone ned det administrative samarbeidet, og fremje det lokale samarbeidet mellom dei som arbeider med den same pasienten.

I delavtale 13 er innarbeidd eit punkt 3.1 om finansiering og kostnadsdeling mellom HF og kommunane i Møre og Romsdal. Dette gjeld praksiskonsulentordninga som vart etablert for nokre år sidan. Behov for kostnadsdeling vart alt varsla frå HF til kommunene i 2014, men er først no innarbeidd ved rullering av avtaleverket. Praksiskonsulentane har både spesialist-, og kommunehelsetenesta som sin arbeidsarena. Dei vert rekruttert frå kommunehelsetenesta, men har sin arbeidsplass på sjukehuset. Dei gjer eit viktig arbeid for å kvalitetssikre overgangane mellom tenestenivåa, og best muleg fagleg og organisatorisk samhandling mellom HF og kommunane. Både for kommunene og for sjukehusa betyr det mykje å ha ein framskoten kommunal representasjon i sjukehusa sin organisasjon som kan formidle kommunene sin arbeidsmåte til spesialisthelsenivået. Praksiskonsulenten for Sunnmøre gjer ein stor jobb også i samband med utviklinga av ei felles kompetanse- og opplæringsplan for personell både frå kommunene og sjukehusa. Resultata av ordninga blir høgt verdsett både av kommunane og HF.

Vurdering og konklusjon:

Framlegget til avtale inneheld nokre vesentlege endringar kommunene må vere merksame på i tida som kjem. Utviklinga synest å gå i retning av at det vert stilt større krav til kommunene frå helseføretaket. Det vert lagt vekt på at avtalen er gjensidig forpliktande, og at det dreier seg om ein avtale mellom likeverdige partar.

Vekslingsfeltet i overgangar mellom tenester er ei risikosone. For god samhandling til pasientens beste er det viktig at begge partar arbeider for å finne endå betre arenaer for informasjonsutveksling og rapportering. Elektronisk meldingsutveksling har bidrege i rett lei, men også felles samhandlingskonferanse der ein får utveksle erfaringar er av stor verdi. Ny avtale legg inn fleire fagutval innanfor sentrale områd som blir dekte av vedlegg 9 og 11, IKT og Omforente beredskapsplanar og akuttmedisinsk kjede.

Endringane i samhandlingsstrukturen jf. delavtale 12 synest naudsynte for å få ein betre avklaring av skillet mellom utvala sin arbeidsfordeling når det gjeld utvikling av strategiar/politikk og praktisk /klinisk retta arbeid.

Økonomiske konsekvensar

At avtalen sin intensjon blir følgt opp har generelt store samfunnsmessige økonomiske konsekvensar. Det handlar om rett person på rett plass til rett tid. Samhandling gir god pasientflyt og fremmer kvalitet og effektivitet. For nokre kommunar kan endring i praksis for kostnadar ved utskrivingsklar pasient få store konsekvensar. Dette har til no ikkje hatt vesentlig betydning for Herøy kommune.

Den einaste konkrete kostnaden som følgjer direkte av den reforhandla avtalen er utgiftsdeling av praksiskonsulentordninga. Dette vart varsla frå HF alt i 2014, og er no tatt inn som ein del av avtaleteksta. Utgiftene skal delast 50/50 mellom HF og kommunane, og mellom kommunane ut frå folketalet den 1.januar det aktuelle året. For Herøy kommune sin del er utgiftene rekna til om lag kr. 27500. **Dette er ikkje innarbeidd i rådmannen sitt budsjett for 2016.**

Konsekvensar for beredskap

God og effektiv samhandling mellom HF og kommunane har store beredskapsmessige konsekvensar og er omtalt fleire plassar i avtalen. Det er også ein eigen delavtale, nr. 11, med dette temaet.

Konsekvensar for drift

Vel fungerande samhandlingsavtalar mellom HF og kommunane er av stor betydning ikkje berre for arbeids og oppgåvedelinga mellom helse og omsorgstenestene i kommunane og sjukehusa men også for å skape og kvalitetssikre pasienten sitt helsevesen og helsetenestetilbod i Møre og Romsdal.

Fosnavåg, 10.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ragnhild Velsvik Berge



Vedlegg 4

Avtale mellom Helse Møre og Romsdal og Herøy kommune om øyeblikkeleg hjelp døgnopphald i Herøy kommune

Denne avtalen er vedlegg 4 til samarbeidsavtalen mellom Herøy kommune og Helse Møre og Romsdal i samsvar med kapittel 6 i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester.

Bakgrunn og lovgrunnlag

I Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §3-5 står det: *"Kommunen skal sørge for tilbud om døgnopphold for helse- og omsorgstjenester til pasienter og brukere med behov for øyeblikkelig hjelp. Plikten gjelder kun for de pasienter og brukere som kommunen har mulighet til å utrede, behandle eller yte omsorg til"*

Etter rapport frå helsedirektoratet (2/2012) skal tilbudet vere like godt eller betre enn sjukehusopphald for den enkelte pasienten. Dette lovavsnittet vil ikkje gjelde før frå 2016, men det er etablert ei tilskotsordning for kommunar som vil etablere tilbudet før dette. For Herøy kommune har Helsedirektoratet berekna eit plassbehov på 445 liggedøgn per år. Ved å opprette ordninga, vil Herøy kunne få eit årleg tilskot på 1 928 000 kroner. Dette tilskotet vil vedvare inntil 2016. Da vil dette gå inn i det ordinære rammetilskotet.

For å oppnå dette tilskotet, må ein inngå avtale med Helse Møre og Romsdal om øyeblikkeleg hjelp tilbudet som ein del av avtalesystemet mellom kommunen og helseføretaket. Ein må så søke om tilskotet til Helsedirektoratet. Frist for søknad for 2012 er 1. juli, for seinare år er det 1. mars kvart år.

Kva pasientar er aktuelle for tilbudet

Øyeblikkeleg hjelp døgnopphald betyr at ein pasient har behov for behandling eller omsorg på institusjonsnivå, og at dette ikkje kan vente. Tilbudet er aktuelt for pasientar som har ein avklara diagnose og der behandling og forventa forløp er rimeleg klar, og der tilstanden eller omsorgssituasjonen ikkje tillet vidare behandling i heimen. Aktuelle problemstillingar kan til dømes vere diagnostiserte infeksjonar med svekka allmentilstand og utilfredsstillande omsorgssituasjon hos eldre, nødvendig omsorg etter poliklinisk behandling for brotskadar på sjukehus, innlegging til lindrande behandling eller omsorg ved livets slutt ved kjent sjukdom med forventa forløp. Det må vere ein føresetnad at observasjon og behandling av tilstanden kan skje forsvarleg ved institusjonen.

Pasientar med uavklarte symptom som treng sjukehuset sine diagnostiske ressursar, er ikkje aktuelle for tilbudet. Heller ikkje pasientar med kjent diagnose og behandlingskrav på sjukehusnivå, som til dømes hjerteinfarkt.



Alle som vert lagt inn som øyeblikkeleg hjelp skal vere tilsett av lege. Det skal lagast innleggingssskriv med beskriving av faste medikament, sjukehistorie, funn ved undersøking og diagnostiske prosedyrar (EKG, blodprøver og liknande), diagnose, forordna behandling og instruksar for observasjon og kriterier for ny legekontakt.

Organiseringa av tilbodet

Myrvåg omsorgssenter

Tilbodet blir organisert ved Myrvåg omsorgssenter. Det blir sett av to eigne "øyeblikkelig hjelp plassar". Myrvåg omsorgssenter har god kapasitet og bemanning som har god kompetanse på å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset og ha pasientar inne til kortidsopphald.

Sjukepleiebemanning

Det blir sjukepleiar i tilstadevakt heile døgnet. Sjukepleiarane skal kunne beherske prosedyrar som innlegging av intravenøs kanyle, intravenøs væskebehandling og medikamentell behandling, stell av sentralt venekateter, kateterisering av urinvegar, laboratorieprøver som Hb, CRP, urinstix og pulsoksymetri, taking av EKG, handtering av smertepumpe, hjerte- lungeredning.

Før oppstart av ordninga skal det gjennomførast nødvendig opplæring for sjukepleiarane. Ein skal sikre seg at nye sjukepleiarar som vert tilsatt, har nødvendig kompetanse, og eventuelt sørge for opplæring.

Legetilsyn

Omsorgssenteret har tilsynslege. Myrvåg legesenter ligg nært omsorgssenteret og vil kunne yte legehjelp i tilsynslegane sitt fråver på dagtid. Det er etablert vikarordning for omsorgssenteret i tilsynslegen sine fråver.

Det er felles legevakt for Herøy og Sande mellom klokka 15-08 kvardagar og heile døgnet i helger og høgtider. Legevakta er lokalisert i Myrvåg like ved omsorgssenteret.

Det er ambulansestasjon på Eggesbønes og i Ulsteinvik, omlag 20 og 10 minutt utrykningstid til Myrvåg omsorgssenter.

Legevaktslegen er ansvarleg for pasienten til tilsynslegen kan overta ansvaret. Det skal skrivast journal i journalsystemet Geric. Ved utskrivning eller overflytting til anna omsorgsnivå, skal det lagast utskrivingsnotat. Kopi av journalnotat frå opphaldet skal sendast til innleggande lege og fastlegen.

Utstyr

Omsorgssenteret skal ha utstyr for intravenøs væskebehandling og medikamentell behandling, kateterisering, EKG, defibrillator, pulsoksymeter, CRP og Hb-måling, urinstix og oppsett av urindyrkning

Vedtak og betaling

Pasientar innlagt som øyeblikkeleg hjelp, skal ikkje ha eigenbetaling for opphaldet. Opphald som øyeblikkeleg hjelp skal vanlegvis ikkje overskride 3-4 dagar. Dersom



ein pasient etter 3-4 dagar har behov for tenester som sjukeheimplass, heimesjukepleie mm, skal det gjerast formelle vedtak om dette, og pasienten blir overført frå øyeblikkeleg hjelp tilbodet.

Informasjon

Det skal utarbeidast skriftleg informasjon om tilbodet med rutiner for innlegging og krav til dokumentasjon. Dette skal distribuerast til fastlegane, legar som har legevakt i kommunen, AMK-sentralen, legevaktsentralen i Volda, mottaksavdelingane i sjukehusa, kirurgiske og medisinske poliklinikkar.

Ein skal informere om tilbodet i den lokale etterutdanningsgruppa for legar i Herøy og Sande. Det skal utarbeidast skriftleg informasjon til pasientar og pårørande. Det skal informerast om tilbodet gjennom lokalpressa.

Helseforetaket sine oppgåver

Helseforetaket skal tilby hospitering og nødvendig opplæring i prosedyrer.

Helseforetaket skal bistå innleggande legar, tilsynslegane og legevaktlegar som har tilsyn med pasientane ved tilbodet med nødvendige telefonråd.

Helseforetaket skal bidra til at pasientar som er undersøkt som øyeblikkelig hjelp ved sjukehuspoliklikkane, og kan nytte dette tilbodet i staden for sjukehusinnlegging, vert tilvist til Myrvåg omsorgssenter som ø.hj.


Oppstart

Etter nermare avtale.

Evaluering

Det skal utarbeidast ein evalueringsrapport etter eit års drift.

Dato


Ordførar
Herøy Kommune


Adm. direktør
Helse Møre og Romsdal HF



Samarbeid om utskriving av pasienter med behov for somatiske helsetjenester

1. Formål

- Samarbeidsområdet skal sikre at alle pasienter får et faglig forsvarlig og helhetlig behandlingstilbud i overgangen mellom kommunehelsetjeneste og spesialisthelsetjeneste.
- Samarbeidsområdet skal regulere ansvarsfordeling, oppgaver og plikter ved utskriving av pasienter med behov for somatiske helsetjenester.

2. Samarbeidsområdets virkeområde

Samarbeidsområdet skal regulere samhandlingen mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal HF vedrørende utskriving av somatiske pasienter.

Partene beslutter selv hvordan de internt organiserer tjenestene. Rutiner og prosedyrer for samhandlingen som følger av denne samarbeidsområdet er førende for partene.

Samarbeidsområdet regulerer ikke samhandlingen mellom kommunen og Rusbehandling Midt- Norge HF, da dette er regulert i egen avtale. Samarbeidsområdet regulerer heller ikke samhandlingen mellom helseforetaket og kommunene innen psykisk helsevern (eget vedlegg 5b).

3. Lovgrunnlag

- LOV 1999-07-02-61 Lov om spesialisthelsetjenesten m.m. (Spesialisthelsetjenesteloven)
- Prop. 91 L (2010-2011) - Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (Helse- og omsorgstjenesteloven)
- LOV-1999-07-02-64 Lov om helsepersonell m.v. (Helsepersonelloven)
- LOV-1999-07-02-63 Lov om pasientrettigheter (Pasientrettighetsloven)
- Prop. 90L (2010-2011) Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)
- Forskrifter til ovennevnte lover

4. Sentrale plikter, oppgaver og ansvar i henhold til lov

4.1 Helse Møre og Romsdals plikter, oppgaver og ansvar

Helse Møre og Romsdal HF skal sørge for at personer med fast bopel eller oppholdssted innen helseområdet tilbys spesialisthelsetjeneste i og utenfor institusjon, herunder sykehustjenester, medisinske laboratorietjenester, radiologiske tjenester, akuttmedisinsk beredskap, medisinsk nødmeldetjeneste, ambulansetjeneste med bil og eventuelt med båt og luftambulanse, transport til undersøkelse eller behandling i kommunene og Helse Møre og Romsdal HF og transport av behandlingspersonell.

Helse Møre og Romsdal HF er pålagt veiledningsplikt ovenfor kommunehelsetjenesten. Denne plikten gjelder i generelle spørsmål og i forhold til den enkelte pasient.

Helseforetaket skal tilby ambulante tjenester, støtte og veiledning slik at kommunen, så langt det lar seg gjøre, kan gi innbyggerne nødvendige helsetjenester uten behandling i helseforetaket. Kompetanseoverføring skal være en del av kommunens og helseforetakets kvalitetssystem.

Helse Møre og Romsdal HF og kommunen er forpliktet å gi pasienten en forsvarlig behandling når partene har ansvar for pasienten og i overføringen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunen.

4.2 Kommunens plikter, oppgaver og ansvar

Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.

Kommunens helse- og omsorgstjeneste omfatter offentlig organiserte helse- og omsorgstjenester som ikke hører under stat eller fylkeskommune.

Kommunen har ansvar for at alle brukere/pasienter som mottar kommunale helse- og omsorgstjenester har oppdatert medikamentliste.

Helse Møre og Romsdal HF og kommunen er forpliktet å gi pasienten en forsvarlig behandling når partene har ansvar for pasienten og i overføringen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunen.

5. Definisjon av utskrivningsklar pasient

En pasient er utskrivningsklar når lege i Helse Møre og Romsdal HF vurderer at det ikke er behov for ytterligere behandling i Helse Møre og Romsdal HF. Avgjørelsen skal være basert på en individuell helsefaglig vurdering.

Følgende prosessuelle krav må være oppfylt før en pasient kan meldes utskrivningsklar til kommunen:

- Problemstilling ved innleggelse, slik disse var formulert av innleggende lege, skal være avklart.
- Øvrige problemstillinger som har framkommet skal være avklart.
- Det skal redegjøres for eventuelle spørsmål som ikke er endelig avklart.
- Det skal foreligge et klart standpunkt til diagnoser, samt videre plan for oppfølging av pasienten.
- Pasientens samlede funksjonsnivå, endring fra funksjonsnivå før innleggelse, og forventet framtidig utvikling skal være vurdert.
- Dersom pasienten har behov for spesialisthelsetjenester utenfor den aktuelle avdelingens ansvarsområde, skal det sørges for at relevant kontakt etableres, og at plan for denne oppfølgingen beskrives.
- Dokumentasjonskravet nevnt i punkt 7.1 skal være oppfylt

6. Plikt til vurdering og varsling av pasientens behov for kommunale tjenester

6.1 Kontaktpunkt i kommune og helseforetak

Helse Møre og Romsdal HF skal ha ordning med kommunekontakter som varsler og etablerer kontakt med pasientens hjemkommune.

Kommunen skal ha ordning med en enhet som koordinerer kontakt fra sykehus til kommunens tjenester. Det skal være et telefonnummer for sykehuset inn til kommunens enhet.

6.2 Vurderingsplikten av kommunale tjenester innen 24 timer

Innen 24 timer etter innleggelse skal det gjøres en vurdering av:

1. Hvor lenge innleggelsen antas å vare.
2. Om pasienten antas å ha behov for kommunal helse- og omsorgstjenester etter utskriving.

6.3 Prosedyre ved antatt behov for kommunale tjenester

Dersom det antas at det er behov for hjelp fra den kommunale helse- og omsorgstjenesten, skal følgende prosedyre følges:

1. Innen 24 timer etter innleggelse skal kommunen varsles om innleggelsen, pasientens status, antatt forløp og forventet utskrivningstidspunkt.
2. Pasientens antatte funksjonsnivå og hjelpebehov etter utskrivning formidles til kommunen så snart dette er avklart, senest innen 24 timer før utskrivning. Dersom det antas å være behov for omfattende eller langvarig behandling i Helse Møre og Romsdal HF (f.eks. multitraume, behov for respiratorbehandling med mer), og det ikke er mulig å foreta vurderingene, skal vurderingene foretas og kommunene varsles så snart det lar seg gjøre. Slikt varsel skal uansett gis senest en uke før pasienten antas å være utskrivningsklar.
3. I tilfeller hvor den første vurderingen tilsier at pasienten ikke har behov for hjelp i kommunen etter utskrivning, men dette endrer seg i løpet av sykehusoppholdet, vil 24 timers fristen starte fra det tidspunkt hvor det blir klart at et slikt behov foreligger.
4. Dersom pasienten har behov for/endret behov for kommunale tjenester etter utskrivning, har sykehuset plikt til å bistå pasienten med å søke om slike tjenester. Sykehuset skal ikke legge føringer på hvilke tjenester kommunen skal yte. I søknaden skal det fremgå om pasienten har/har hatt kommunale tjenester. Søknaden utfylles/sendes kommunen så tidlig som mulig.
5. Helse Møre og Romsdal HF skal varsle kommunen så tidlig som mulig, dersom pasientens situasjon er vesentlig endret, slik at det kan være behov for tekniske hjelpemidler e.l. fra kommunen eller NAV.
6. Ved endret utskrivningsplan eller ved dødsfall informeres kommunen umiddelbart. Endring i utskrivningsklar dato skal registreres i pasientjournalen.

7. Oppgaver og ansvar i forbindelse med utskrivning

7.1. Helse Møre og Romsdal HFs ansvar ved utskrivning

1. Helse Møre og Romsdal HF skal sende skriftlig melding til kommunen ved behov for kommunale tjenester etter utskrivning.
2. Utskriving av pasient skal gjøres så tidlig som mulig på dagen.
3. Ved utskrivning skal forskriftsmessig epikrise eller tilsvarende lege-dokumentasjon (utskrivningsblankett) inkludert fullstendig medikamentliste følge pasienten. Denne skal også sendes fastlege, henviser og eventuelt annen oppfølgende instans så raskt som mulig.
4. For å sikre forsvarlig oppfølging av pasienter som utskrives til kommunalt tjenestetilbud skal innholdet i dokumentasjonen nevnt i punkt 3 gjøres tilgjengelig for kommunen snarest etter at utskrivning er besluttet og senest samtidig med at pasienten utskrives. Punkter som omhandler pasientens tilstand, funksjonsvurdering, antatt hjelpebehov og at kriterier i "Vilkår for

- utskrivningsklar pasient" er oppfylt, skal være inntatt i dokumentet eventuelt ved bruk av supplerende sjekklister.
5. Helse Møre og Romsdal HF innhenter samtykke fra pasient dersom informasjon og / eller epikrise sendes til andre enn fastlegen. Signerte epikriser/ utskrivningsblankett og eventuelt sjekklister skal fortrinnsvis sendes elektronisk.
 6. Dersom pasienten har behov for det bestiller Helse Møre og Romsdal HF timeavtale hos fastlegen i dialog med pasienten før utskriving.
 7. Ved utskriving skal Helse Møre og Romsdal HF sende med pasient resept, eventuelt medikamenter og annet utstyr slik at pasienten har nødvendig medikamenter og utstyr fram til og med første virkedag etter utskriving. Hva som skal sendes med pasient avklares med mottagende helsepersonell i kommunen, også om det er behov for ekstra medisin utover første virkedag.
 8. Gjennomført varslingsprosedyre og vurdering av om pasienten er utskrivningsklar skal dokumenteres i pasientens journal.
 9. Helseforetaket skal ha rutiner for registrering av dato for når kommunens betalingsansvar inntreffer.
 10. Helse Møre og Romsdal HF kan ikke sende en utskrivningsklar pasient tilbake til kommunen før kommunen har gitt beskjed om at det foreligger et kommunalt tilbud til vedkommende pasient.
 11. Som hovedregel skal varslingsprosedyre om utskrivningsklare pasienter skje tidligst mulig på mandag til fredag kl. 08 -15.
- Unntak fra hovedregelen ovenfor er:
- a) Pasienter som allerede har plass i heldøgns institusjon kan også varsles og utskrives i helg mellom kl. 08 -15.
 - b) Pasienter som etter utskriving har uendret tjenestebehov fra hjemmetjenesten, kan også varsles og utskrives i helg mellom kl.08 -15.
 - c) Ved større høytider som jul og påske kan varslingsprosedyre og utskriving også utføres mellom kl. 08 -15 på helligdager.
 - d) Varslingsprosedyre om utskrivningsklare pasienter skal skje pr. telefon og på eget skjema til oppgitt kontaktpunkt i kommunen.

7.2. Kommunens ansvar ved utskriving

1. Etter at kommunen i henhold til punkt 7.1.nr.9 har mottatt varslingsprosedyre fra Helse Møre og Romsdal, skal kommunen etter samme prosedyre som der er avtalt, så tidlig som mulig innenfor kl. 08 -15 gi beskjed om kommunen kan ta imot pasienten, og fra hvilket tidspunkt. Dette gjelder ikke dersom det foreligger omstendigheter utenfor kommunens kontroll som ikke gjør det mulig å avgi svar.
2. Kommunen skal forberede og iverksette nødvendige tiltak for å kunne ta imot pasienten når Helse Møre og Romsdal HF har varslet om at pasienten har behov for kommunale helse- og omsorgstjenester.
3. Kommunen skal behandle søknad fra pasient fortløpende og fatte vedtak i henhold til gjeldende lover og regler.

4. Kommunen beslutter hvilke tjenester pasienten skal ha ut fra kommunens tjenestetilbud, krav til faglig forsvarlighet og egen vurdering.
5. Kommunen har ansvar for å legge til rette for at pasienten kan overføres til kommunen når pasienten er utskrivningsklar.
6. Kommunen har ansvar for bestilling av tekniske hjelpemidler og at midlertidige tekniske hjelpemidler fra kommunens lager er tilgjengelig i bolig.
7. Kommunen har ansvar for å vurdere og planlegge tilrettelegging i pasientens bolig.

8. Kommunens betalingsplikt

Kommunal betalingsplikt omfatter pasienter som trenger kommunale pleie- og omsorgstjenester etter utskriving fra sykehus.

Kommunal betalingsplikt inntreffer fra den dagen pasienten blir erklært utskrivningsklar (i henhold til forskrift om medfinansiering og betaling for utskrivningsklare pasienter §13 jfr § 8 -10) samt denne samarbeidsavtalen, og kommunen har gitt beskjed om de ikke kan motta pasienten, jf. § 11 andre ledd i samme forskrift. Betalingskravet gjelder til den datoen kommunen melder fra om at kommunen er klar til å ta imot pasienten.

Kommunen skal varsle sykehuset om dette så tidlig som mulig på hverdager mellom kl.08-15. Når varsel i henhold til punkt 7.1 nr.9 kan gjøres på andre tidspunkt enn hverdager mellom 08-15 skal varsel gis så tidlig som mulig. Den dagen som kommunen har bestemt å motta pasienten skal ikke være med i betalingskravet.

Dersom kommunen tar imot pasient samme dag som pasientene er definert som utskrivningsklar har kommunen ingen betalingsplikt.

For hvert påfølgende døgn pasienten er innlagt i Helse Møre og Romsdal HF i påvente av kommunal pleie- og omsorgstjeneste skal kommunen betale etter gjeldende betalingssatser fastsatt i statsbudsjett.

Kommunal betalingsplikt inntreffer ikke når Helse Møre og Romsdal HF velger å ikke skrive ut pasient når denne er definert som utskrivningsklar, og kommunen har varslet om at den kan ta imot pasienten.

Ved reinnleggelse for samme problemstilling innen 48 timer etter utskriving, faller kommunens betalingsplikt bort.

9. *Plikt til redegjørelse*

Kommunen kan kreve å få en redegjørelse for de vurderinger Helse Møre og Romsdal HF har foretatt. Redegjørelsen skal inneholde tilstrekkelig og nødvendig informasjon slik at kommunen kan etterprøve at vurderingene foretatt av Helse Møre og Romsdal HF er i tråd med bestemmelsene i forskriften om kommunal betaling for utskrivningsklare pasienter og etter dette samarbeidsområdet.

Kommunen kan kreve redegjørelse fra Helse Møre og Romsdal HF på registrering av oppfyllelse av varslingsrutiner og på registrert utskrivningsklar dato for pasient.

10. *Utsatt betalingsplikt*

Dersom Helse Møre og Romsdal HF etter å ha vurdert pasient som utskrivningsklar har unnlatt å varsle kommunen etter varslingsprosedyrer i denne avtale, vil ikke kommunens betalingsansvar inntre før 24 timer etter at Helse Møre og Romsdal HF har varslet kommunen om at pasienten er utskrivningsklar.

Samhandlingsavtale

mellom

kommunene i Møre og Romsdal og
Helse Møre og Romsdal HF

29.04.2015

16. april 2015

SAMARBEIDSAVTALE	4
1. Innledning.....	4
2. Verdigrunnlag og målsetting.....	5
3. Samhandlingsområder.....	6
4. Samhandlingsformer	7
5. Plikt til gjennomføring og forankring.....	7
6. Involvering av pasient- og brukerorganisasjoner	7
7. Avvikshåndtering og forbedringsarbeid	8
8. Uenighet – Twisteløsning vedrørende avtalens innhold	8
8.1. Dialog og forhandlinger	8
8.2. Lokalt eller nasjonalt tvisteorgan	8
8.3. Ordinær domstolsbehandling	8
9. Mislighold	9
10. Endring og oppsigelse av avtalen	9
Delavtale 1 - Hvilke helse- og omsorgsoppgaver som partene har ansvar for – og hvilke tiltak som partene skal utføre	10
Delavtale 2 - Samarbeid for å sikre helhetlige og sammenhengende helse- og omsorgstjenester til pasienter med behov for koordinerte tjenester.....	12
1. Formål.....	12
2. Virkeområde.....	12
Delavtale 3 A) - Samarbeid om innleggelse og behandling av pasienter med behov for somatiske helsetjenester	15
1. Formål.....	15
2. Virkeområde.....	15
Delavtale 3B) - Samarbeid om inntak, innleggelse og behandling av pasienter med behov for psykiske helsevern og tverrfaglig spesialisert rusrelatert behandling	18
1. Formål.....	18
2. Virkeområde.....	18
Delavtale 4 - Samarbeid om døgnopphold for øyeblikkelig hjelp tilbud	23
1. Formål.....	23
2. Virkeområde	23
Delavtale 5A) - Samarbeid om utskriving av pasienter med behov for somatiske helsetjenester	25
1. Formål.....	25
2. Virkeområde.....	25
Delavtale 5B) - Samarbeid om utskriving av pasienter med behov for tjenester innenfor psykisk helsevern og rusrelatert behandling.....	31
1. Formål.....	31

16. april 2015

2. Virkeområde.....	31
Delavtale 6 - Retningslinjer for gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling og for faglige nettverk og hospitering.....	33
1. Formål.....	33
2. Virkeområde.....	33
Delavtale 7 - Samarbeid om forskning, utdanning, praksis og læretid.....	35
1. Formål.....	35
2. Virkeområde.....	35
Delavtale 8 - Samarbeid om svangerskaps-, fødsels- og barselsomsorg	37
1. Formål.....	37
2. Virkeområde.....	37
Delavtale 9 - Samarbeid om IKT- løsninger og elektronisk samhandling	39
1. Formål.....	39
2. Virkeområde.....	39
Delavtale 10 - Samarbeid om forebygging	42
1. Formål.....	42
2. Virkeområde.....	42
Delavtale 11 - Omforente beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden.....	44
1. Formål.....	44
2. Virkeområde.....	44
Delavtale 12 - Samhandlingsstruktur i Møre og Romsdal mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal HF	47
1. Samhandlingsfora	47
2. Dialogmøte og samhandlingskonferanse	47
3. Overordnet samhandlingsutvalg	47
4. Lokale samhandlingsutvalg	47
Delavtale 13 -Samarbeid om praksiskonsulentordninger.....	51
1. Formål.....	51
2. Virkeområde.....	51

SAMHANDLINGSAVTALE
mellom kommune
og
Helse Møre og Romsdal HF

1. Innledning

Partene er etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester av 14. juni 2011 § 6-1 m.fl. pålagt å inngå samarbeidsavtale. Denne samarbeidsavtalen består av en generell del, jfr. punkt 1 – 10, og konkrete samhandlingsområder som beskrives i egne delavtaler. Denne avtalen sammen med delavtalene utgjør Samhandlingsavtalen.

Samhandlingsavtalen har til formål å konkretisere oppgave- og ansvarsfordelingen mellom kommunen og helseforetaket, og skal bidra til at pasienter og brukere mottar et helhetlig tilbud om helse- og omsorgstjenester.

Følgende definisjon for samhandling legges til grunn for avtalen:

Samhandling er uttrykk for helse- og omsorgstjenestens evne til oppgavefordeling seg i mellom for å nå et felles omforent mål, samt evnen til å gjennomføre oppgavene på en koordinert måte - St.meld. 47 (2008 – 2009)
Samhandlingsreformen.

Samhandlingen innebærer god kommunikasjon, felles oppfølging og delt ansvar for pasienten/brukeren, felles utdanningsprogram og tett personlig kontakt. Dette skal sikre at pasientene/brukerne blir behandlet på rett nivå, sted og innen rett tid for å maksimere nytten av tilgjengelige ressurser på en best mulig måte.

De mest sentrale lover og forskrifter som samarbeidsavtalen bygger på er;

- Lov 1999-07-02 nr. 61- Lov om spesialisthelsetjenesten m.m. (Spesialisthelsetjenesteloven)
- Lov 2011-06-24-nr. 30- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (Helse- og omsorgstjenesteloven)
- Lov 2011-06-24 nr. 29- Lov om folkehelsearbeid (Folkehelseloven)
- Lov 1999-07-02 nr. 64- Lov om helsepersonell m.v. (Helsepersonelloven)
- Lov 1999-07-02 nr. 63 - Lov om pasient- og brukerrettigheter (Pasient- og brukerrettighetsloven)
- Lov 1999-07-02 nr. 62 - Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (Psykisk helsevernloven)
- Lov 2001-06-15 nr. 93 – Lov om Helseforetak m.m. (Helseforetaksloven)

16. april 2015

- Lov 2000-06-23 nr. 56 – Lov om helsemessig og sosial beredskap (Helseberedskapsloven)
- Lov 2014-06-20 nr. 43 – Lov om Helseregistre og behandling av helseopplysninger (Helseregisterloven)
- Lov 1994-08-05 nr. 55 - Lov om vern mot smittsomme sykdommer (Smittevernloven)
- Lov 2000-04-14 nr. 31 - Lov om behandling av Personopplysninger (Personopplysningsloven)

Forskrifter til ovennevnte lover:

